

FORSVARSSTUDIER 1/2000

**"For fred og vennskap
mellom folkene"**

Sambandet Norge-Sovjetunionen 1945-70

Ingunn Rotihaug

Innhold

<i>Introduksjon</i>	6
<i>Kapittel 1: Bakgrunn</i>	12
Innleiing	12
VOKS - Det allunionelle sambandet for kulturell kontakt med utlandet	13
Sovjetunionens Venner og Norsk-Russisk Kultursamband	17
<i>Kapittel 2: Sambandet 1945-1952</i>	
<i>Frå fredsrus til isfront</i>	27
Innleiing	27
Danninga av Norsk-Sovjetrussisk Samband	28
Former for aktivitet	31
Sambandet i krise	39
Sambandet sine roller i sovjetisk noregspolitikk 1945-1952	41
<i>Kapittel 3: Sambandet 1953-1958</i>	
<i>Frå avspenning til ny krise</i>	47
Innleiing	47
Avspenning og aktivitetsauke 1953-1955	48
NKP og russarane sine føringar på aktiviteten	51
Sambandet ekspanderer i Nord-Noreg	55
Gerhardsen i Moskva og den offisielle kulturavtala i 1955	55
Ungarn 1956. Ei krise for Sambandet?	58
Danninga av SSOD og Sambandet Sovjetunionen-Norge 1958	60

Kapittel 4: Sambandet i Nord-Noreg 1959-1970

<i>Glansperiode og nye nederlag</i>	64
Innleiing	64
Opprettinga av sambandskontoret i Nord-Noreg	65
Opprøret i Narvik-avdelinga 1959-1960	68
Turistreiser mellom Nord-Noreg og Nordvest-Russland	73
Turistsenter og kulturhus i ingenmannsland	79
Det alternative nordkalottsamarbeidet	85

Kapittel 5: Sambandet i Sør-Noreg 1959-1970

<i>Draumen om ein masseorganisasjon</i>	94
Innleiing	94
Rekruttering av nye medlemmer	95
Oleg Gontsjarenko og oppvaskmotet i 1963	100
Jurij Gagarin i Noreg - ein uventa suksess	103
Pengeproblem og nye konflikter	105
Brevet til Nikita Khrusjtsjov	110
SSOD og dei norske brevskrivarane	113
Tsjekkoslovakia 1968	119

Konklusjon: Visjonar og realitetar

<i>Konklusjon: Visjonar og realitetar</i>	122
Innleiing	122
Sambandets aktivitet. Målsetjingar og karakter	123
Kvifor var Sambandet eit lite effektivt instrument i sovjetisk noregspolitikk? ..	128
Kulturambassadør eller politisk reiskap?	131

Tillegg 1: Lister

<i>Tillegg 1: Lister</i>	135
Sovjetiske sendemenn i Noreg	135
VOKS- og SSOD-representantar i Noreg	135
Leiarar i Sambandet Norge-Sovjetunionen	136
Landssekretærar i Sambandet	136
Ordførarar i Sambandets Råd	137
Leiarar i VOKS og SSOD	137
Leiarar i Sambandet Sovjetunionen-Norge	137

<i>Tillegg 2: Forkortingar</i>	138
<i>Tillegg 3: Kjelder</i>	139
Arkiv	139
Samtaler og brev	139
Tidsskrift og aviser	139
Trykte kjelder	140
Litteratur	140
<i>Notar</i>	143
<i>English summary</i>	161

Introduksjon

Om morgonen den 21. august 1968 sat ein kvinneleg sekretær i Sambandet Norge-Sovjetunionen¹ ved kontorplassen sin i Rådhusgata 8. Ho var som vanleg åleine så tidleg på dag, og skrudde på radioen for å få med seg dei siste nyhenda. Sekretæren reagerte med vantru og fortvilning då ho høyrde at den sovjetiske militærmakta i løpet av natta hadde marsjert inn i Prahas gater. Ho forstod umiddelbart at denne hendinga ville setje Sambandets arbeid mange år tilbake og at argumentasjonen for den sovjetiske fredspolitikken no ville miste all truverde. Det vart difor ein kort arbeidsdag for sekretæren i Sambandet Norge-Sovjetunionen. Ho greip penn og papir, skreiv ein lapp, hengde han på døra og gjekk. På lappen stod det "Stengt p.g.a. sorg".

Sambandet Norge-Sovjetunionen vart danna i juni 1945, med støtte frå ei rekkje leiande norske DNA-politikarar som til dømes Einar Gerhardsen, Trygve Lie og Martin Tranmæl. Danninga var mellom anna eit resultat av norsk sympati og takksemd for den sovjetiske innsatsen under krigen, og tanken var at venskapen mellom Noreg og Sovjetunionen skulle styrkjast og byggjast ut gjennom kulturell utveksling og kontakt. I løpet av dei 23 åra som hadde gått sidan Sambandet vart danna, hadde organisasjonen gjennomgått fleire turbulente periodar. Sambandets status hadde endra seg kraftig, og organisasjonen hadde ved fleire høve møtt kraftig kritikk frå ulike hald. I 1968 var det mykje som skilde seg frå den sovjetvenlege atmosfæren som eksisterte i Noreg like etter den andre verdskrigen.

For Sambandet var den sovjetiske invasjonen i Tsjekkoslovakia den 20. august 1968 ei sjokkarta oppleving som gjorde det vanskeleg å fortsette arbeidet med å betre kontakten mellom Noreg og Sovjetunionen. Invasjonen førte til ein umiddelbar stans i Sambandets aktivitet, og fleire planlagde delegasjonar måtte avlysast. Arbeidet i organisasjonen kom så smått i gang igjen på vårparten i 1969, men det gjekk likevel lenge før intensiteten og omfanget i arbeidet kunne måle seg med tidlegare tider.

Sjølv om ei rekkje DNA-politikarar støtta danninga av Sambandet i 1945, var det i all hovudsak NKP-medlemmer i samarbeid med sovjetiske kontaktpersonar som kontrollerte organisasjonen og styrte utviklinga i perioden 1945-1970. På grunn av dette var Sambandet i det offentlege sitt søkjelys i store delar av etterkrigstida. Norsk presse var til dømes svært interessert i organisasjonen, og Sambandets aktivitet vart fleire gongar diskutert i Utanriksdepartementet, i Stortinget og i den norske regjeringa.

Av politiske motstandarar vart Sambandet oppfatta som ein kommunistisk dekkorganisasjon. I norsk samanheng gav partisekretæren i Det norske arbeidarparti (DNA), Haakon Lie, meining til dette omgrepet då han i 1954 gav ut dei to hefta *Kaderpartiet* og *De kommunistiske dekkorganisasjonene*. I desse to hefta utbroderte Lie synet sitt på dei vestlege kommunistpartia som rekrutteringsmark for sovjetisk etterretningsteneste og dei vestlege kommunistane som trufaste tenestemenn for "det sosialistiske fedrelandet" Sovjetunionen. I følgje Lie var kommunistane sin taktikk først og fremst bygd opp rundt bruken av dekk- eller frontorganisasjonar som kommunistane leia, men som i namnet var upolitiske.²

I så måte var Lies synspunkt stort sett i samsvar med det norske Overvakingspolitiet (POT) definisjon av frontorganisasjonane sin aktivitet og formål. I eit notat frå 1972 står til dømes følgjande:

Frontorganisasjonenes mål er å fremme Sovjets kommunistiske politikk og samtidig virke som kanal for rekruttering til kommunistpartiene. De appellerer til sosialdemokratene, internasjonallister, pasifister og til fagbevegelsen. Hele tiden forsøker frontorganisasjonene å manipulere folkeopinionen og har ofte med hell fått støtte for sine kampanjer gjennom velmenende og politisk naive personer og grupper. Frontorganisasjonenes politikk blir til enhver tid bestemt av SUKP og videreført gjennom Sovjets ambassader i utlandet, gjennom de kommunistiske partier, gjennom hjelpeorganisasjonene og vennskapsforeninger.³

Overvakingspolitiet oppfatta Sambandet Norge-Sovjetunionen som ein av dei fremste frontorganisasjonane i Noreg, og på sekstitalet som politisk viktigare enn Norges kommunistiske parti (NKP). Årsaka til dette var mellom anna reisene som Sambandet arrangerte mellom dei to landa. I samband med desse

reisene frykta politiet at det foregikk både verving av spionar og sovjetisk etterretning. Politiet frykta òg den sovjetiske opinionspåverknaden, som dei meinte kunne føre til ein svekt forsvarsvilje mot Sovjetunionen blant nordmenn. Under eit møte mellom overvakingstenesta i Nord-Noreg og representantar frå Forsvaret i oktober 1966 vart diskusjonen om Sambandet Norge-Sovjetunionen oppsummert på denne måten:

Man anså virksomhetens hensikt som å være politisk makt med infiltrering i det norske samfunn, fagorganisasjoner, Forsvaret, skolevesen, kulturarbeid i sin alminnelighet og industri. Summen av all virksomhet og formålet med den er uten tvil å bryte ned forsvarsviljen i landet og motviljen mot Sovjet. I en krisesituasjon kan en tenke seg følgene av dette.⁴

På eit møte i landsdelssentralen i Nord-Noreg midt på 1960-talet uttalte ein tenestemann følgjande om Sambandets opinionspåverknad:

Jeg tror personlig at farene på det felt ikke kan [skal openbert vere "bør"]⁵ undervurderes, og jeg tror den oppmyking som har funnet sted [...] er den farligste ting som idag skjer i vår landsdel. Og i dette spillet er Sambandet hovedbrikken, hvorigjennem de baner vei for sine andre fremstøt.⁶

Også Øvstkommanderande i Nord-Noreg (ØKN) var opptatt av dette tenkte resultatet av Sambandet si verksemd:

ØKN er enig i at totalt sett er den subversive virksomhet som drives mot landsdelens befolkning den farligste. Antakelig representerer denne virksomhet den største trussel mot det sivile samfunn og bør bekjempes av dette.⁷

Denne studien er mellom anna eit forsøk på å undersøkje grunnlaget for dette trugsmålsbiletet. Var det reelt, eller kan det karakteriserast som overdrive? For å svare på dette er det nødvendig å gi eit best mogleg dekkjande bilete av

aktiviteten og utviklinga i Sambandet Norge-Sovjetunionen i heile perioden frå sommaren 1945 og fram til ca. 1970. Innanfor denne ramma fokuserer eg på følgjande forhold:

For det første ser eg på dei norske aktørane sine uttrykte målsetjingar med organisasjonen. Kva var bakgrunnen for danninga, og kva stod fram som formålet med organisasjonen sommaren 1945? Mykje tyder på at Sambandets medlemmer hadde ulike mål med engasjementet sitt, og dermed ulike syn på kva profil organisasjonen skulle ha. Kva konsekvensar fekk dette for utviklinga av Sambandet? I denne samanhengen ser eg også på kven dei ulike aktørane i Sambandet var. Kven var meir eller mindre passive støttespelarar, og kven stod fram som dei aktive i organisasjonen?

For det andre ser eg på kva målsetjingar og idéar russarane hadde for Sambandet. Hadde Sambandet ein sentral eller ein perifer plass i sovjetisk politikk overfor Noreg? I kva grad kan ein seie at Sambandet var eit instrument i sovjetisk noregspolitikk?

I heile perioden er det mogleg å skilje ut to motstridande føringar på den sovjetiske politikken overfor Sambandet. På den eine sida var russarane svært interesserte i å trekkje til seg kjende personar som kunne gå i spissen for sambandsarbeidet i Noreg. Draumen var at Sambandet skulle utvikle seg til ein masseorganisasjon med brei deltaking og med innverknad på norsk opinion. Sentrale spørsmål er kva som stod i vegen for dette, og kva som hindra ei ytterlegare utviding av arbeidet mellom Sambandet og russarane. På den andre sida, og i motsetnad til ønsket om ein masseorganisasjon, forsøkte russarane å påverke NKP til å ta grep om Sambandet. Var denne styringa noko Sambandet ønskte, eller valde dei å yte motstand?

For det tredje har det gjennomgåande vore fokus på Overvakingspolitiets trugsmålsbilete i høve til Sambandet. Var Sambandet nokon gong i nærleiken av å vere ein "trussel mot det sivile samfunn", eller må denne oppfatninga karakteriserast som overdriven? Mykje tyder på at russarane si satsing på Sambandet var avhengig av om forholdet til norske styresmakter var godt eller dårleg, særskilt på førti- og femtitalet. I periodar med liten offisiell kontakt var Sambandet meir aktuell som kontaktkanal enn i periodar med tettare offisiell kontakt.

På sekstitalet er det klart at biletet blir noko meir samansett. I denne perioden aukar både det offisielle samkvemet mellom Noreg og Sovjetunionen og samkvemet mellom Sambandet og russarane. Det blir òg klart at norske styresmakter oppfattar Sambandet både som ein konkurrent og eit trugsmål for den offisielle kontakten mellom Noreg og Sovjetunionen. På grunn av desse tendensane ønskjer eg å sjå Sambandet si utvikling i lys av den internasjonale situasjonen og i lys av det offisielle tilhøvet mellom Noreg og Sovjetunionen. Høgst truleg var russarane sitt handlingsrom sterkt prega av desse ytre rammevilkåra for samarbeidet. Med unnatak av POT har imidlertid norske styresmakters politikk overfor Sambandet i liten grad vore eit tema i denne oppgåva.

Studien er hovudsakleg bygd på materiale frå *Gosudarstvennyj Arkhiv Rossijskoj Federatsii* (Den russiske føderasjons statsarkiv, GARF). I tillegg til dette materialet har eg hatt høve til å nytte meg av Sven G. Holtsmarks samling dokument frå *Arkhiv Vnesjnej Politiki Rossijskoj Federatsii* (Den russiske føderasjons utanrikspolitiske arkiv, AVPRF)⁸ og *Tsentr Khranenija Sovremennoj Dokumentatsii* (Oppbevaringssenteret for samtidsdokumentasjon, TsKhSD) i Moskva. I tillegg har fleire dokument vedrørande tilhøvet mellom Noreg og Sovjetunionen som er trykt i dokumentsamlinga *Norge og Sovjetunionen 1917-1955*,⁹ vore til god hjelp i arbeidet.

Sommaren 1997 fekk eg tilgang til Overvakingspolitiet sitt materiale vedrørande Sambandet Norge-Sovjetunionen. Materialet var ikkje frå personlege mapper, men frå politiets emnearkiv. I tillegg til å gi ei god innføring i det norske Overvakingspolitiet sine oppfatningar av Sambandet og enkelte kompletterande opplysningar om Sambandets aktivitet, inneheld arkivet ei nærast komplett samling av eller tilvisingar til avisartiklar om Sambandet frå 1945 og fram til ca. 1970.

Av anna kjeldemateriale har eg nytta meg av personmapper og emnemapper ved Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek (AAB), mellom anna Astrid Langseths arkiv og NKP-arkivet. På Universitetsbiblioteket i Oslo har eg gått

gjennom Sambandet sin eigen publikasjon *Tidsskriftet Samband* i 1946 og i perioden 1950-1960.¹⁰ Andre publikasjonar som var nyttige å konferere med var *Russland Idag*, som var organet for Sambandets forløpar, Sovjetunionens Venner (SUV) i perioden 1930-1936. Også etterkomarane *Sovjetnytt* i 1936-1938 og *Nytt Land* i 1938-1940 gav gode innblikk i aktiviteten til SUV. I tillegg vart den sovjetiske kulturorganisasjonen VOKS sine publikasjonar på engelsk, *Weekly News Bulletin* i perioden 1926-1929 og *VOKS Bulletin* i perioden 1930-1956, gjennomgått.

Sambandet sitt eige arkiv har det ikkje lukkast meg å spore opp. Tidlegare medlemmer av Sambandet har opplyst at to arkivskap med innhald forsvann etter eit innbrot på Sambandets kontor i 1989. Innbrotet vart aldri meldt til politiet, då styret meinte det ville vere formålslaust.¹¹

I mellomkrigstida eksisterte det to norsk-sovjetiske venskapsorganisasjonar. Den første var Sovjetunionens Venner (SUV), som vart skipa i 1928. Den andre var Norsk-Russisk Kultursamband (NRKS), skipa i 1932. Desse organisasjonane var forløparane til Sambandet Norge-Sovjetunionen, og blir særskilt omtala i bakgrunnskapittelet. Det har imidlertid ikkje lukkast meg å spore opp desse to foreiningane sine organisasjonsarkiv, og det er usikkert kvar dette materialet eventuelt er no. Ein teori er at SUV-arkivet vart beslaglagt av tyskarane under ein razzia i redaksjonslokala til avisa *Nytt Land* den 16. august 1940.¹² Materialet kan ha blitt skipa til Tyskland under krigen og deretter frakta til Sovjetunionen av russarane. Teoretisk sett kan difor dette materialet i dag vere å finne i Moskva saman med anna norsk materiale som tyskarane la beslag på under fleire aksjonar same dagen.

På grunn av det manglande kjeldematerialet har det vore vanskeleg å gi noko utfyllande framstilling av desse to organisasjonane. Det eksisterande materialet dannar likevel ein generell bakgrunn for danninga av Sambandet i 1945, og viser at idéen om auka samarbeid og kontakt med Sovjetunionen i mellomkrigsåra var levande i enkelte miljø. Kjeldematerialet viser dessutan at begge organisasjonane hadde nære samband med NKP.

Kapittel 1: Bakgrunn

Innleiing

Åra etter 1917 var kaotiske og vanskelege for den sovjetiske staten. Det viste seg ganske raskt at idéen om ein verdsrevolusjon i etterkant av oktoberrevolusjonen ikkje lét seg gjennomføre, og den nye staten måtte bu seg på å leve i meir eller mindre isolasjon frå resten av Europa. Desse kjensgjerningane førte til at den sovjetiske statens utanrikspolitiske behov trådte klarare fram og utkrystalliserte seg i to hovudlinjer. Den revolusjonære linja retta seg først og fremst mot den internasjonale arbeidarklassa, og hadde to mål. Det første målet var siger for revolusjonen, medan det andre var å få den internasjonale arbeidarklassa si støtte i kampen for den sovjetiske statens eksistens. Dette førte mellom anna til danninga av Komintern, den kommunistiske internasjonale, i mars 1919. Den andre hovudlinja var sovjetstatens behov for å ha kontakt med dei andre statane og ivareta sovjetstatens interesser i det internasjonale verdssystemet. Dette førte mellom anna til danninga av eit tradisjonelt diplomati, med utanriksrepresentasjonar leia av *Narodnyj komissariat inostrannykh del* (Folkekommissariatet for utanlandssaker, forkorta NKID).¹³

Dei vestlege statane var imidlertid i stor grad fiendtleg innstilte til den nye sovjetstaten. Særskilt reagerte dei på bolsjevikane sin revolusjonære retorikk og den omfattande nasjonaliseringa som vart sett i gong. I perioden fram mot sommaren 1918 trekte difor dei fleste vestlege land ut representantane sine frå sovjetstaten, og dei diplomatiske banda vart brotne. I tillegg deltok ei rekkje vestlege land på dei kvite si side under borgarkrigen i 1918-1921. I denne situasjonen måtte den nye sovjetstaten ta i bruk fantasien og nytte alle opne kanalar for å forsvare sovjetstatens interesser. I mangelen på ordinære diplomatiske kontaktar satsa difor staten på å byggje opp eit para-diplomati eller surrogat-diplomati gjennom ikkje-politiske organisasjonar. Humanitære organisasjonar, krigsfangeorganisasjonar og handelsrepresentasjonar vart til

dømes nytta til dette formålet.¹⁴

Ein slik organisasjon var den statlege sovjetiske kommisjonen *Komissija zagranitsjnoj pomosjtsji pri prezidume TsIK* (Kommisjonen for hjelp frå utlandet ved eksekutivkomitéens presidium), som var leia av kona til bolsjevikken Lev Kamenev, Olga Davidovna Kameneva.¹⁵ Kommisjonen vart danna for å administrere det internasjonale hjelpearbeidet som vart sett i gong etter at borgarkrigen og store avlingssviktar førte til ein djup svoltkatastrofe i 1921. Kommisjonen innleidde eit samarbeid med sovjetvener, frivillige organisasjonar og religiøse grupper både frå USA og ei rekkje europeiske land.¹⁶

Etter kvart som hungersnauða gjekk over, var det ikkje lenger trong for ein kommisjon til å koordinere hjelpearbeidet. Frå 1923 voks det i staden fram eit behov for å oppretthalde og pleie kontakten med dei vestlege sympatisørane og sovjetforeiningane som hadde engasjert seg i hjelpeaksjonen. Desse kontaktane var viktige både for å informere om den sovjetiske ideologien i utlandet, halde kontakten med utanlandske sovjetvener, og for å få Sovjetunionen anerkjend av utanlandske styresmakter. Kommisjonen sin aktivitet endra seg difor gradvis i retning propaganda og opplysningsverksemd om Sovjetunionen sin ideologi, vitenskap, kultur og økonomi. I denne perioden starta kommisjonen å utveksle bøker med utlandet, og var dessutan vertskap for vestlege arbeidar- og kulturdelegasjonar som kom til Sovjetunionen.¹⁷

VOKS - Det allunionelle sambandet for kulturell kontakt med utlandet

Desse endringane i kommisjonens aktivitet var hovudårsaka til at den sovjetiske regjeringa, *Sovjet narodnykh komissarov* (Folkekommisær-rådet), den 8. august 1925 vedtok å etablere organisasjonen *Vsesojuznoje obsjtsjestvo kulturnoj svjazi s zagranitsej* (Det allunionelle sambandet for kulturell kontakt med utlandet, forkorta VOKS) på kommisjonen sine gamle tufter.¹⁸ Kontinuiteten vart stadfesta ved at Olga Davidovna Kameneva heldt fram som leiar av organisasjonen fram til midten av 1929.

I åra 1925-1929 vart VOKS sin organisasjonsstruktur etablert. Denne strukturen gjenspeglar kva oppgåver organisasjonen hadde ansvaret for, og

vart i praksis ikkje endra nemneverdig før VOKS vart omorganisert i 1958.¹⁹ Det offisielle sovjetiske synet på VOKS sine oppgåver og struktur var følgjande:

VOKS sine avdelingar sameinte aktørar innan vitenskap, litteratur, kunst, utdanning og sport. Oppgåvene var å gjere det offentlege i SSSR kjent med dei kulturelle framskritta i framande land og å popularisere kulturane til dei sovjetiske folka utanlands. Dette skulle vere med på å styrkje og utvikle venskap og gjensidig forståing mellom folk i SSSR og andre land. VOKS samarbeidde med utanlandske organisasjonar for venskap og kulturelt samband med SSSR. Desse var grunnlagde etter initiativ frå progressive offentlege aktørar, vitenskapsmenn og kulturelle aktørar i mange land. VOKS samarbeidde dessutan med andre progressive frivillige utanlandske organisasjonar som arbeidde for venskap og utvikling av det kulturelle samkvemet med Sovjetunionen. På innbyding frå VOKS reiste både delegasjonar frå utanlandske samfunn og kjende enkeltaktørar innanfor vitenskap og kultur som P[aul] Langevin, R[omain] Rolland, Martin Andersen Nexø, [Rabindranat] Tagore m. fl. til SSSR. På si side sende VOKS delegasjonar og einskildaktørar innan sovjetisk vitenskap og kultur til utlandet. Desse deltok på kongressar og konferansar, i teaterkollektiv og i musikalske og koreografiske ensemble.²⁰

I 1926 var VOKS oppbygd av åtte "spesialbyrå" eller avdelingar med kvar sine arbeidsoppgåver. *Sambandsbyrået* samarbeidde med fleire organisasjonar i utlandet som var interesserte i kontakt med sovjetiske organisasjonar. Dette omfatta humanitære, kulturelle og vitenskaplege organisasjonar, ungdomsorganisasjonar, landbruksorganisasjonar og fagforeiningar. *Byrået for bokutveksling* organiserte boksendingar til privatpersonar, sovjetforeiningar, bibliotek, universitet og andre vitenskaplege institusjonar. *Pressebyrået* gav ut tidsskrifta *Weekly News Bulletin* og *VOKS Bulletin* på russisk, engelsk, tysk og fransk. Desse tidsskrifta vart formidla gratis til utanlandske lesarar. *Pressebyrået* forsynte også utanlandsk presse med informasjon om utviklinga og oppbygginga av Sovjetunionen. *Fotobyrået* hadde ei tilsvarande oppgåve med

å formidle fotografi frå til dømes industrialiseringa og utviklinga i landbruket til utanlandske aviser og forlag, medan *Byrået for utstillingar* sende utstillingsmateriale til utlandet.²¹ *Delegasjonsbyrået* eller *avdelinga for mottaking av utlendingar* (otdel po prijomu inostrantsev) organiserte og planla delegasjonsutvekslingar til og frå Sovjetunionen. Avdelinga fungerte også som ein "guide-sentral" som skulle sørge for at dei utanlandske delegatane følte seg personleg velkomne og vart tatt godt vare på under reisene til Sovjetunionen.

Det sjuande byrået var eit "ekspertbyrå" som igjen var inndelt i sju avdelingar: Sentral-Europa, Latin-Amerika, anglo-amerikanske land, Skandinavia, Baltikum og Polen, Midtausten og Fjerne austen. Kvar avdeling hadde spesialkompetanse innanfor sitt geografiske område, og hadde ansvaret for å koordinere aktiviteten i dei landa dei arbeidde mot.²² Den skandinaviske avdelinga hadde eitt kontor for kvart av landa Noreg, Sverige, Finland, Danmark og Island. Kvart kontor hadde ein eigen sekretær, som stod for meste-parten av den direkte kontakten med «sitt» land. Sekretæren hadde gode språk- og kulturkunnskapar om det aktuelle landet. I leiinga til kvar av dei sju geografiske avdelingane i ekspertbyrået sat ein formann og ein viseformann. Alle leiarene var medlemmer i VOKS sitt presidium, som var det øvste organet i organisasjonen. Leiaren i VOKS sitt presidium var sidan danninga i 1925 medlem av sentralkomiteén i det sovjetiske kommunistpartiet.²³

I tillegg til å ha oppgåver retta mot utlandet fungerte VOKS òg som ein konsoliderande organisasjon retta mot dei ulike delane av Sovjetunionen. *Byrået for tradisjon og kultur* vart til dømes etablert for å arbeide med spørsmål vedrørende nasjonale grupper og republikkar.²⁴ I åra etter stiftinga fekk VOKS difor avdelingar i Transkaukasus, Aust-Sibir, Ukraina og Kviterussland. I byane Leningrad og Baku dukka det òg etter kvart opp avdelingar av organisasjonen.²⁵ Trass i dette gir gjennomlesinga av VOKS sine tidsskrift og kjeldematerialet i GARF det inntrykket at det var arbeidet retta mot utlandet som var det viktigaste for VOKS og som la beslag på mest tid og flest ressursar. Eitt år etter danninga av VOKS nemner *Weekly News Bulletin* kontaktar i Tyskland, Austerrike, Belgia, Sveits, Danmark, Sverige, Polen, Nord-Amerika, Argentina, Japan, Kina, Tyrkia, Persia, Mongolia, Afghanistan og den Tuvinske republikk.²⁶ I 1929 var det etablert VOKS-kontaktar i 77

land. Av desse hadde, etter det som er opplyst, 46 land så langt ikkje oppretta diplomatisk samband med Sovjetunionen.²⁷

Medan ein tidleg på på tjuetalet kunne finne teikn til kritisk diskusjon i VOKS sine tidsskrift *Weekly News Bulletin* og *VOKS Bulletin*, viser ein gjennomgang av dei same tidsskrifta i åra 1930-1940 at mangfaldet i artiklane vart mindre, og at den kommunistiske propagandaen auka i styrkje. Den nye leiaren av VOKS i 1929, Fjodor Petrov, førte VOKS inn i ein periode dominert av Stalin sin monopolittiske stat, der VOKS i stadig større grad vart ein organisasjon for spreiding av sovjetisk propaganda om det kommunistiske styresettet, den marxistiske ideologien, litteraturen, teatret, vitskapen og filmen, samt eit mottaksapparat for vestlege reisande til Sovjetunionen.

VOKS sine samarbeidspartnarar i mellomkrigstida var først og fremst vestlege intellektuelle, forfattarar og journalistar som var fascinert av utviklinga i den sosialistiske sovjetiske staten. På trettitalet valfarta ei rekkje av desse menneska til Stalin sitt rike, og vende tilbake til sine vestlege depresjonsråka heimland fulle av lovord om det dei hadde vore vitne til. Ein av dei mest kjende norske representantane for desse pilegrimane var forfattaren Nordahl Grieg, som til dømes i boka *Ung må verden ennu være* frå 1938 klart gav uttrykk for ei sterk tru på Sovjetunionen.²⁸ Også berømte forfattarar som George Bernhard Shaw, Thomas Mann, André Gide, Henri Barbusse, den engelske politikaren Harold Laski, biskopen av Canterbury, Hewlett Johnson og diktarar som Pablo Neruda var viktige støttespelarar for den sovjetiske staten i mellomkrigstida.²⁹

Dinest hadde VOKS kontakt med dei utanlandske foreiningane for venskap og kulturelt samband med Sovjetunionen som dukka opp i mange land på tjuet- og trettitalet. I følge russarane sjølve vart desse sovjetforeiningane grunnlagde etter sjølvstendige initiativ frå progressive aktørar, vitskapsmenn og kulturelle aktørar i utlandet,³⁰ men i realiteten var både russarane og nasjonale kommunistparti aktive både i danninga av desse foreiningane og i utviklinga av aktiviteten.

På slutten av trettitalet avtok aktiviteten både i dei vestlege sovjetforeiningane og i VOKS. Bakgrunnen for denne utviklinga er usikker, men fascismen sin framvekst må nok tilleggjast stor vekt. På grunn av denne framveksten

vart fleire sovjetvenlege organisasjonar forbodne, og store delar av den internasjonale kommunistiske rørsla tvinga til å gå i dekning. Ein logisk konsekvens av denne utviklinga var at kulturarbeidet og delegasjonsutvekslinga mellom VOKS og kontaktpunkta i Vesten minka. Heller ikkje under den andre verdskrigen var det noko særleg aktivitet å spore i VOKS, og organisasjonen heldt aktiviteten på eit lavbluss. I denne samanhengen er det eit poeng at den propagandaretta kommunistiske verksemda avtok, og i 1943 vart den kommunistiske internasjonale, Komintern, lagt ned.

Sovjetunionens Venner og Norsk-Russisk Kultursamband

Under tiårsjubiléet for den russiske revolusjon i 1927 vart det halde ein stor internasjonal konferanse av arbeidarar og intellektuelle i Moskva. På denne konferansen drøfta deltakarane korleis dei best mogleg skulle spreie sanninga om Sovjetunionen blant arbeidarklassa i dei kapitalistiske landa. Deltakarane vedtok å danne ein internasjonal organisasjon som skulle vere open for alle som sympatiserte med sovjetstyret. Organisasjonen fekk namnet Sovjetunionens venner (SUV), og hovudsetet vart lagt til Berlin.³¹

Det er uvisst om det var norske deltakarar på denne konferansen hausten 1927. Same året var imidlertid 87 norske arbeidarar på delegasjonsreise til Sovjetunionen. Delegasjonen var invitert av den sovjetiske fagorganisasjonen og samansett av representantar frå ulike norske lag og organisasjonar. Ein av deltakarane var dikteren og skribenten Rudolf Nilsen som i ei vogn på veg heim frå eit sanatorium på Krim, skreiv diktet "Russisk Riviera". I dette diktet skildra Nilsen den "eventyrskjønne" mottakinga delegasjonen fekk ved sanatoriet:

*Men eventyrskjønt blev vi mottatt!
For der vi kom skranglende op
alléen på verkbrudne vogner,
en formelig askeladd-tropp!-
floi keiserens kåpe i været*

*på taket som flagg til vår ære,
iallfall var silken brodert med gull
og purpurgløden underfull.*

*Og ute på tunet var samlet
En skare almindelig folk,
som hilste os ærmen av skuldren
Og ivrig huket vår tolk
Og sa, at de fremmede måtte
betrakte sig hjemme på slottet!
Vi fikk deres håndslag, vi så deres klær:
Vi var nok blandt feller og frender her.³²*

Etter mi meining illustrerer desse versa godt dei opplevingane og inntrykka som dei norske deltakarane fekk under reisa. Dei var imponerte over det vakre dei fekk sjå, over mottakinga og dei venlege menneska som møtte dei. Dei gav uttrykk for entusiasme over systemet som hadde gitt folket tilbake noko av det tidlegare utbytarar hadde tatt frå dei. For Rudolf Nilsen og dei andre norske deltakarane var dette framskritt.

Ein av dei andre deltakarane på reisa var Astrid Langseth, gift med NKP-aren Haavard Langseth og sjølv aktiv i partiet. Ho representerte eit husmorlag under delegasjonen. Også Astrid Langseth gav uttrykk for sterk begeistring over det dei opplevde. Særskilt priste ho sovjetmenneska sitt pågangsmot, fellesskapet, samhaldet og arbeidsviljen. Både Langseth og reisefølgjet hennar var overtydde om at "løgnpropagandaen" i Noreg førte svært mange bak lyset, og at delegasjonen si oppgåve ved heimkomsten var å fortelje korleis Sovjetunionen "verkeleg" var:

Delegatene innså nødvendigheten av å spre opplysning om det storslagne sosialistiske opbygningsarbeide som foregikk, de innså at noe måtte gjøres for å avsløre og motarbeide den veldige løgnpropagandaen mot S.U. De forstod nødvendigheten av å styrke vennskapet og forbinnelsen [sic] mellom våre to land til felles beste.³³

Delegasjonsreisa i 1927 var bakgrunnen for at fleire av dei sentrale delegatane året etter danna ei norsk avdeling av Sovjetunionens Venner. Formålet til den norske avdelinga var å "sammenfatte alle krefter, uten hensyn til livsanskuelse eller politisk innstilling, som vil delta i opplysningsarbeidet om det nye Russland og bekjempe den imperialistiske krigsfare som truer arbeiderstaten".³⁴

Allereie frå starten av hadde SUV ein klar politisk basis som knytte organisasjonen til NKP. Svært mange av medlemmene i organisasjonen var medlemmer av kommunistpartiet, og det første styret var samansett av kommunistar som Gunnar Lund, Rudolf Nilsen, Albert Johansen, Astrid Langseth og Gudrun Jakobsen. Også kommunistane Jakob Friis, Godtfred Hølvold og Adam Egede-Nissen var sentrale medlemmer i SUV. Ein tidlegare medlem av SUV, Martin Gauslaa, stadfestar også at SUV var "nært knytt til NKP og krinsar som stod dette partiet nær".³⁵ I følge Astrid Langseth hadde organisasjonen likevel fleire medlemmer frå DNA og av ei gruppe som gjekk under merkelappen partilause.³⁶

Trass i dette er det klart at i fleire møtereferat frå NKP sitt sekretariat i denne perioden vart SUV stadig omtala som ein av NKP sine hjelpeorganisasjonar.³⁷ Referata viser også at sekretariatet diskuterte interne saker vedrørende aktiviteten i SUV, og at det eksisterte ein NKP-fraksjonen i SUV-styret. Denne fraksjonen deltok på fleire møte i NKP sitt sekretariat. Saker som vart diskuterte var til dømes at partikameraten Kværnmo måtte kome heim frå Sovjetunionen for å arbeide som organisasjonssekretær i SUV, og at Adam Egede-Nissen burde køyrast fram som kandidat til formannsvervet.³⁸ Sekretariatet i NKP forsøkte også å halde kontroll med NKP-medlemmene i SUV. Dette gjekk særskilt ut over kommunisten Gunnar Lund, som ikkje alltid var like einig med dei andre NKP-medlemmene i SUV-styret eller med NKP sitt sekretariat. Dette vart fleire gongar diskutert i sekretariatet og dessutan i eit ekstraordinært politbyråmøte i oktober 1932.³⁹ I november vart Lund pålagt å bli i stillinga si i SUV fram til landsmøtet og lojalt bøye seg for partiet og avgjerdene til NKP-fraksjonen i SUV.⁴⁰

Sjølve aktiviteten til SUV indikerte òg sterkt at organisasjonen var ein reiskap for

NKP og sovjetisk propaganda. Organisasjonen formulerte sjølv at verksemda hovudsakleg skulle omfatte:

a) utgivelse og utbredelse av informasjonsmateriale, beretninger og andre trykksaker; b) propaganda på offentlige møter og innen de bestående masseorganisasjoner (fagforeninger, arbeideridrettslag, kooperative foreninger; o.s.v.) ved hjelp av lysbilled- og filmforedrag, c) avsendelse av studiedelegasjoner og organisering av feriereiser fra Norge til Sovjet-Unionen og fra Sovjet-Unionen til Norge, d) deltagelse i internasjonale demonstrasjonsdager mot krigen.⁴¹

Opprettinga av eit eige tidsskrift i 1930 var ein viktig del av dette propaganda-arbeidet, og førte til at organisasjonen nådde ut til fleire menneske. Tidsskriftet fekk namnet *Russland Idag*, men skifta namn til *Sovjetmytt* i 1936. I mesteparten av perioden hadde kommunistane kontrollen med avisredaksjonen gjennom redaktøren. Kommunisten Astrid Langseth var til dømes ansvarleg for *Russland Idag* i perioden 1930-1934. Deretter var Jacob Friis redaktør i eit halvt år før Adam Egede-Nissen overtok i juni 1934.⁴² På dette tidspunktet var imidlertid Jakob Friis partilaus. Han hadde meldt seg ut av NKP i 1933 og valde DNA som sitt nye parti i 1936.⁴³

Både tidsskriftet og dei øvrige aktivitetane til SUV viser at organisasjonen var svært påverka av russiske arbeidsmåtar. På tjue- og trettitalet begynte organisasjonen til dømes å bruke store veggaviser for å informere arbeidarar og medlemmer på store arbeidsplassar. Desse veggavisene gjekk på rundgang frå arbeidsplass til arbeidsplass, og stilte som regel tilhøva i den kapitalistiske verda opp mot den sosialistiske. Ofte var det plassert ei svart ramme rundt den kapitalistiske verda og ei raud ramme rundt den sosialistiske. Propagandaen vart auka når "krigssituasjonen var særleg tilspisset og under forskjellige løgnkampanjer". Informasjonen som var brukt var samla saman på delegasjonsreisene til Sovjetunionen, og noko fekk dei tilsendt frå Sovjetunionens Venner sin internasjonale komité i Berlin.⁴⁴

Ein annan idé som SUV kopierte, var teatergruppene "Blå Bluser". Dette var såkalla "levande aviser" som var ein viktig del av det sovjetiske

propagandaapparatet på tju- og trettitalet. I heile Sovjetunionen eksisterte det, etter det som er opplyst, nærare ti tusen av desse teatergruppene i 1926. Ei av dei norske teatergruppene var til dømes "Den Røde Hammer", som vart leia av Harry Borknessel.⁴⁵

I heile mellomkrigsperioden arrangerte dessutan SUV delegasjonsreiser til Sovjetunionen. Eit interessant aspekt ved denne reiseverksemda var turane til sanatorium i Sovjetunionen. Målgruppa for desse reisene var norske arbeidarar, arbeidarane sine tillitsmenn og konene deira, dersom dei trong legebehandling eller medisinske bad for å bli betre av ein sjukdom. Deltakarane måtte ha tilråding frå ein arbeidarorganisasjon eller frå kollegaer om dei skulle få tildelt ei slik reise.⁴⁶ Formålet med dei øvrige delegasjonsreisene var imidlertid, som i 1927, å vise korleis tilhøva i Sovjetunionen "verkeleg" var. Delegatane skulle få høve til å "studere forholdene netop innen sit fag, likesom de vil få anledning til å studere hvilket arbeide der er gjort på andre områder, opplysningsarbeidet, sykepleie og andre ting [...]"⁴⁷

Organisasjonsmessig var den norske avdelinga av SUV basert på lokalavdelingar og kollektivavdelingar. I 1933 hadde SUV 73 lokalavdelingar med til saman 3.000 medlemmer. I tillegg hadde organisasjonen 59 kollektivforeiningar med om lag 3.000 medlemmer. Blant desse kollektivforeiningane var det 25 industriarbeidarforeiningar, 13 skog- og landarbeidarforeiningar, 9 kvinneforeiningar, 5 ungdomslag, 2 idrettslag og 5 andre foreiningar.⁴⁸ Ei tid var det dessutan nært samarbeid mellom SUV og fråhaldsrørsla i Noreg. Ei plakatutstilling som heitte "Kampen mot alkoholmisbruk" vart sendt rundt til foreiningar og avdelingar av SUV saman med den russiske filmen "Alkoholjvelen". Omreisande agitatorar frå organisasjonen sentralt reiste i tillegg rundt til dei lokale avdelingane for å halde foredrag på møte og festar. Dei mest nytta talarane var Astrid Langseth, Eyvin Dahl, Adam Egede-Nissen, Godtfred Hølvold, Leif Kristiansen, Anton Olsen og Jakob Friis. Bortsett frå Jakob Friis var alle desse medlemmer av NKP.⁴⁹

* * *

NKPs openberre interesse og engasjement i Sovjetunionens Venner førte til at DNA-leiinga etterkvart såg med skepsis på organisasjonen. DNA-leiinga oppfatta SUV som ein del av NKP, og dermed ein organisasjon som DNA-medlemmene helst ikkje skulle delta i. Mange DNA-medlemmer følte like fullt sympati med Sovjetunionen, og ville difor gjerne delta aktivt i SUV sitt arbeide. I 1932 vart det trong for ei avklaring frå leiinga i DNA. Sentralstyret vedtok difor denne fråsegna:

Sovjet-Unionens Venner er ein støtteorganisasjon for Norges kommunistiske parti i likhet med en rekke andre organisasjoner (Den revolusjonære fagopposisjon, Idrettsopposisjonen o.s.v.). Centralstyret kan derfor ikke tilråde at partimedlemmer eller partiaviser støtter Sovjet-Unionens Venner ved medlemskap eller på annen måte. Den støtte våre partifeller kan yde Sovjet-Russland bør skje gjennom de regulære organisasjoner.⁵⁰

Denne oppmodinga om å trekkje seg ut av organisasjonen vekte ulike reaksjonar i DNA. Fleire lokale arbeidarpartigrupper protesterte, og mange frykta at DNA-leiinga ville kneble dei som sympatiserte opent med Sovjetunionen og Sovjetunionens Venner.⁵¹ Desse spådommane skulle vise seg å halde stikk. I mai 1933 vedtok DNA sitt landsmøte at medlemskap i kommunistpartiet sine støtteorganisasjonar, som til dømes SUV, Røde Hjelp, Internasjonale Arbeiderhjelp, Den revolusjonære fagopposisjon, Kampforbundet for Rød Sportsenhet og Antikrigskomiteene, var usemjande med medlemskap i Det norske Arbeiderparti. Eit forslag frå fungerande formann i SUV og medlem i DNA, Olaf Lind, om å sløyfe SUV i vedtaket fekk berre 40-50 stemmer.⁵²

Dette forverra tilhøvet mellom SUV, NKP og DNA var ikkje i russisk interesse. Russarane innsåg likevel at SUV var ein organisasjon som i for stor grad hadde "kompromittert" seg og avslørt for nært samband med NKP. Dette gjorde det vanskeleg for russarane å bruke SUV til å opprette kontaktar i den norske makteliten. Dette var noko av grunnen til at leiaren i den sovjetiske organisasjonen VOKS, Fjodor Petrov, sommaren 1932 tok kontakt med den sovjetiske legasjonen i Oslo. Petrov uttrykte eit sterkt ønske om å blåse liv i VOKS-arbeidet i Noreg og intensivere innsatsen for å opprette personlege

kontaktar i det norske politiske miljø.⁵³ Petrov foreslo at førstesekretær Vladimir Mesjtsjerjakov ved den sovjetiske legasjonen skulle få jobben som VOKS-representant i Noreg, og at han skulle ta initiativet til å opprette eit nytt norsk-sovjetisk venskapssamband. Petrov skulle sørge for at VOKS ville løyve 300 dollar til dette formålet. Han understreka også at "det var eksepsjonelt viktig å styre utviklinga i ei ønska retning".⁵⁴

Ganske snart etter dette brevet vart det etablert ei initiativgruppe for å danne organisasjonen Norsk-Russisk Kultursamband. Trass i at russarane ønskte at NKP skulle vere meir usynlege i danninga av denne nye organisasjonen, var partiet likevel sterkt involvert i gruppa, og ein av medlemmene var Jakob Friis.⁵⁵ I oktober inviterte gruppa til framsyning av den sovjetiske filmen *Putjovka v zjizn* (Veien til livet).⁵⁶ Dette forsøket på å tiltrekkje seg medlemmer førte til at Håkon Meyer skreiv eit småsyrleg innlegg i *Arbeiderbladet*:

*For nær to måneder siden blev interesserte innbudt til å se filmen "Veien til livet" opført en søndag formiddag for "Norsk-Russisk Kultursamband". For å få adgang måtte man melde sig inn i denne forening. Den var imidlertid ikke stiftet. Det arbeidet bare et arbeidsutvalg, og dette utvalg hadde ingen formann.[...] Siden er intet skjedd. Det er ikke innkalt noe stiftelsesmøte, det er intet gjort for å vekke de interessertes oppmerksomhet, mig bekjent har arbeidsutvalget heller ikke supplert sig selv. Det synes tvert om å være avgått ved døden.*⁵⁷

Blant årsakene til at arbeidet med å etablere det nye venskapssambandet stod i stampe, var mest truleg at russarane ikkje klarte å einast om dei skulle involvere seg i organisasjonen eller ikkje. I denne diskusjonen utkrystalliserte det seg to sider hausten 1932:

På den eine sida ville russarane gjerne ha full kontroll med Sambandet. Dette forutsette at dei måtte ha personar dei kunne stole på i leiande posisjonar i organisasjonen. I praksis tydde dette kommunistar eller partilause som likevel stod på kommunistane si politiske linje. Denne oppfatninga var først og fremst representert ved VOKS-leiar Petrov og VOKS-representanten Mesjtsjerjakov. Petrov understreka mellom anna at

venskapssamarbeidet "ytre sett skal vere uavhengig av VOKS, men gjennom VOKS sine representantar ved ambassaden understøtte det tettaste samarbeid med VOKS i Sovjetunionen".⁵⁸ Petrov hadde òg ei klar innstilling om at russarane måtte ha kontroll med den daglege aktiviteten i organisasjonen gjennom ein truverdig leiar og ein sekretær som dei kunne stole på:

*Formannen i dette Sambandet skal vere ein person på sida, ein outsider, som ikkje kan mistenkjast for å vere kommunist, men det er nødvendig at det faktiske arbeidet vert drive av ein sekretær som heilt og fullt er vår mann og at leiinga går gjennom vår representant ved ambassaden.*⁵⁹

VOKS hadde store ambisjonar for kven som kunne passe som leiar av NRKS. Formannen skulle vere respektert, solid og godt kjent av den vanlege nordmann, samstundes som han måtte vere spiseleg for russarane. Forfattaren Martin Andersen Nexø, leiaren i det danske Sambandet, vart i denne samanhengen trekt fram som eit godt døme. VOKS ønskte seg ein liknande leiar i Noreg, og føreslo Halvdan Koht som ein mogleg kandidat.⁶⁰ Koht vart aldri leiar av NRKS, men det er tydeleg at russarane sine ambisjonar låg på eit høgt nivå. Den første leiaren i foreininga var diktaren Arnulf Øverland.⁶¹ Han var òg ein respektert og kjend person, men var ikkje til mykje hjelp for Sambandet eller russarane då han vende dei ryggen etter det sovjetiske angrepet på Finland i 1939.

På den andre sida ville russarane at NRKS skulle utvikle seg til ein masseorganisasjon med brei politisk deltaking. I følgje ei rekkje sovjetiske tenestemenn i utanriksministeriet ville dette ønsket ikkje la seg kombinere med strenge sovjetiske tøyler og sterk NKP-dominans blant medlemmene. Mellom dei som av den grunn var kritiske til at russarane skulle blande seg inn i NRKS, var leiaren og referenten i 1. vestlege avdeling i det sovjetiske utanriksministeriet, Nikolaj Rajvid og Semjon Mirnyj.

I ei samtale med VOKS-representant Mesjtsjerjakov sommaren 1932 uttrykte både Rajvid og Mirnyj skepsis til at initiativgruppa utelukkande var samansett av NKP-medlemmer eller personar nært knytt til partiet. Dei

vurderte det som lite formålstenleg å danne eit nytt venskapssamband på dette grunnlaget. Rajvid og Mirnyj hevda at sidan initiativet kom frå kommunistpartiet, ville den sosiale basen for organisasjonen bli sterkt innsnevra og den "radikale intelligentsaen", DNA-medlemmer og sterke næringslivskrinsar ville falle utanfor initiativgruppa sitt virkefelt. Det var desse krinsane Rajvid og Mirnyj rekna for særskilt viktige å aktivisere dersom ein skulle danne eit "politisk formålstenleg kultursamband".⁶²

Trass i desse innvendingane frå utanriksministeriet vart NRKS likevel danna med støtte frå den sovjetiske ambassaden. I eit brev til Bekzadjan i desember 1932 gav medlem i NKID sitt kollegium Boris Stomonjakov uttrykk for kor overraska han var over dette og kor lite imponert han var over aktiviteten i organisasjonen. Stomonjakov trakk særskilt fram:

[...] uttalelser i forbindelse med feiringen av 7. november og kommentaren i "Arbeiderbladet" den 7. XII⁶³, med Håkon Meyers signatur, og dessuten meldingen i det samme "Arbeiderbladet" om at Selskapet organiserte en delegasjonsreise [til Sovjetunionen] for å ta del i 15-årsfeiringen av Oktober-revolusjonen. Til sist, man planlegger å organisere en offentlig diskusjon i anledning av at norske myndigheter har nedlagt forbud mot å vise filmen "Veien til livet".⁶⁴

I følge Stomonjakov var ingen av desse tiltaka i samsvar med det grunnleggjande målet, som var "å skape en sympatisk innstilt krets rundt representasjonen i norske borgerlige og småborgerlige miljø". Han frykta at dei norske styresmaktene ikkje ville akseptere organisasjonen på grunn av NKP sin innverknad:

Man får inntrykk av at Selskapet, som er dannet av norske kommunister med Deres velsignelse, forvandles til en filial av det norske kommunistpartiet. Snarere enn å bidra til en tilnærming, vil det kunne skape nye problemer i forhold til tranmælittpartiet [DNA], som i mange spørsmål er det viktigste grunnlag for våre fremstøt i Norge i småborgerlige kretser og blant den radikalt innstilte intelligentsia.⁶⁵

NKID, representert ved Rajvid, Mirnyj og Stomonjakov, avslørte alt i alt eit realpolitisk syn på NRKS. Dei var opptatt av at den sovjetiske legasjonen skulle nærme seg dei krinsane i Noreg som faktisk sat med makta eller som på eit seinare tidspunkt kunne få ein reell maktposisjon i norsk politikk. I dei fleste tilfelle galdt dette dei øvste krinsane i Arbeiderpartiet. Både Rajvid, Mirnyj og Stomonjakov tok dermed konsekvensen av røynslene med SUV, og dei såg klart at eit kommunistdominert kultursamband hadde avgrensa høve til å auke den sovjetiske innverknaden i Noreg. Ønsket om på den eine sida å kontrollere aktiviteten i sovjetforeiningane, og på den andre sida å utvikle foreiningane til masseorganisasjonar, var i all hovudsak eit dilemma som russarane sleit med både i mellomkrigstida og langt inn i etterkrigstida.

Kapittel 2: Sambandet 1945-1952.

Frå fredsrus til isfront

Innleiing

Situasjonen for Sovjetunionen var ein ganske annan i 1945 enn i dei første åra etter revolusjonen. Medan tju- og trettitalet var ein samanhengande kamp for landet sin eksistens og internasjonale prestisje, hadde Sovjetunionen i 1945 nådd den stormaktsstatus som leiarane tørsta etter. Sjølv om sjansane for å auke kommunismen sin innverknad i verda syntest stor i 1945, er det i dag stort sett konsensus om at sovjetisk utanrikspolitikk overfor Vest-Europa i åra etter verdskrigen hadde ein defensiv karakter. Dei russiske historikarane Vladislav Zubok og Konstantin Plesjtsjakov hevdar til dømes at Stalin var villig til å leggje vekk ideologien og satse på maktbalanse og samarbeid i Europa. I staden for konfrontasjon søkte Sovjetunionen hovudsakleg å kombinere fortsatt samarbeid med sine krigsallierte med å opprette ei tilfredsstillande tryggingssone i Aust-Europa.⁶⁶

Også historikaren Vojtech Mastny legg vekt på at det var tryggleiksproblematikken som var det essensielle for Stalin og Sovjetunionen umiddelbart etter verdskrigen. Lite tyder på at Sovjetunionen hadde planar om å oppildne dei vestlege kommunistane til kamp dei første etterkrigsåra. Moskva satsa i staden på å byggje ut kontaktar på det statlege plan og fortsette samarbeidet frå krigen.⁶⁷

Sjølv om Noreg høyrde til i den vestlege innverknadssfæren ved krigens slutt, var norske politikarar særskilt uroa over russarane sine planar for Nord-Noreg og Svalbard. Det sovjetiske ønsket i 1944 om å revidere Svalbardtraktaten gjorde norske styresmakter usikre på kva dei sovjetiske måla egentleg var. Nærværet av sovjetiske soldatar i Finnmark i 1944-1945 for-

sterka til ein viss grad denne uroa.⁶⁸ I ein slik situasjon valde norske styresmakter å byggje ut dei funksjonelle bindingane vestover samtidig som ein overfor Sovjetunionen gjekk inn for å etablere eit godt forhold gjennom handelssamarbeid og kulturutveksling.⁶⁹ Ønsket om å byggje ut det tosidige tilhøvet mellom Noreg og Sovjetunionen vart støtta av den norske opinionen, som hadde sterk sympati for Sovjetunionen i 1945. På mange måtar var danninga av Norsk-Sovjetrussisk Samband fredssommaren 1945 eitt av uttrykka for denne sympatien og ønsket om å etablere eit godt tilhøve til russarane etter krigen.

Danninga av Norsk-Sovjetrussisk Samband

Sambandet vart stifta i Universitetets Aula den 29. juni 1945 etter eit opprop i *Arbeiderbladet*.⁷⁰ Formålsparagrafen som vart vedtatt på stiftingsmøtet hadde denne ordlyden:

Norsk-Sovjetrussisk Samband, som er en partipolitisk uavhengig organisasjon, har til formål å styrke vennskapet og utvikle det sosiale, økonomiske og kulturelle sambandet mellom Norge og Sovjetunionen. Gjennom utveksling av foredragsholdere, organisering av reiser, utstillinger og gjestespill, utgivelse av tidsskrift, framvisning av film og på andre måter, vil Sambandet søke å utdype kjennskapet i Norge til sovjetfolkets kulturliv og i Sovjetunionen til norsk kulturliv.⁷¹

Sommaren 1945 var korkje oppropet eller formålsparagrafen kontroversielle eller kjelder til splid. Tvert imot ser det ut til at fråsegnene i stor grad samsvarer med den norske utanrikspolitikken overfor Sovjetunionen slik den stod fram i 1945. Dei norske styresmaktene sitt syn på kva oppgåver Sambandet burde ha, vart uttrykt i ei tale utanriksminister Trygve Lie heldt på eit festmøte i Sambandet hausten 1945. I denne talen understreka Lie at Sambandet si oppgåve måtte vere å auke den politiske og kulturelle interessa for Sovjetunionen i Noreg. Lie lovde at Utanriksdepartementet ville støtte tiltak som ville auke den gjensidige kjennskapen mellom Noreg og Sovjetunionen.⁷² Lie lovde òg at

Utanriksdepartementet i 1946 skulle løyve 10.000 kroner til Sambandet. Denne lovnaden vart trekt tilbake då Halvard Lange vart utanriksminister. Sambandet fekk aldri denne støtta.⁷³

I juni 1945 var det uansett tydeleg at mange kjende personar i det norske samfunnet støtta danninga av Norsk-Sovjetrussisk Samband. Til dømes tok LO-leiar Konrad Nordahl og general Otto Ruge plass i det første styret saman med representantar for norsk idrettsrørsle som Rolf Hofmo og formannen i Norges Idrettsforbund, general Olaf Helset. Direktøren for Steen og Strøm, Erling Steen og adm. direktør i De-No-Fa og Lade fabrikkar, Thorleiv Landmark Moe, var òg medlemmer av det første styret i Sambandet. Partimessig var det DNA som dominerte. I tillegg til Nordahl og Hofmo, deltok både Finn Moe, Gustav Sjaastad og seinare statsråd Rolf Hansen. NKP var representert med Noregs første kvinnelege statsråd, Kirsten Hansteen og journalisten Christian Hilt. Hilt vart vald til den første landssekretæren i Sambandet.⁷⁴

Blant dei øvrige støttepelarane til danninga av Sambandet i 1945 fanst ei rekkje kjende personar frå norsk politikk, kultur og forskning. Om ein ser styremedlemmene og dei øvrige støttespelarane under eitt, kan ein hevde at Sambandet var samansett av ein allianse av menneske med forskjellig motiv og bakgrunn. Grovt sett, og med fare for å overforenkle, lét det seg gjere å skilje ut fire grupper i denne alliansen:

Den første gruppa omfatta regjeringsmedlemmer, politikarar og andre samfunnstoppar som støtta opp om den norske regjeringa sitt deklarererte mål om eit venskapleg forhold mellom Noreg og Sovjetunionen. Fleire av desse hadde røynsle frå krigsfangenskap og var sentrale personar i norsk politikk og samfunnsliv i fleire tiår etter krigen. Representantar for denne gruppa var DNA-politikarane Trygve Bratteli, Nils Hjelmtveit, Halvard og August Lange, Finn Moe, Einar Gerhardsen, Konrad Nordahl, Trond Hegna, Olav Helset, Rolf Hofmo og Martin Tranmæl og den norske ambassadøren i Moskva, Rolf Andvord. Andre personar som kan plasserast i denne gruppa er Otto Ruge og Paal Berg.⁷⁵

Den andre gruppa var samansett av kommunistane som hadde stått på barrikadane for Sovjetunionen og det kommunistiske samfunnssystemet gjennom tjue- og trettitalet. Under verdskrigen var fleire av desse sentrale i den

norske motstandsørsla, og i 1945 hadde dei meir støtte blant det norske folk enn nokon gong tidlegare. Døme på personar i denne gruppa var kjende NKP-politikarar som Peder Furubotn, Ørnulf Egge, Kirsten Hansteen, Per Kviberg, Just Lippe, Aksel Njå, Adam Egede-Nissen sr., Ole og Rachel Grepp, Hans Johansen, Godtfred Hølvold og Christian Hilt.⁷⁶

Den tredje gruppa var dei intellektuelle, og omfatta radikale akademikarar som slavistane Arne Gallis og Olav Rytter, språkvitaren Didrik Arup Seip, historikaren Sverre Steen, i tillegg til journalistar og redaktørar som Kaare Haugen og Ola Solumsmoen i *Arbeiderbladet* og Gunnar Larsen i *Dagbladet*.

Den fjerde gruppa var radikale kulturarbeidarar innan kunst, film, teater og forfattarverksemd som til dømes målarane Reidar Aulie, Reidar Enger, Sigurd Winge, Arne Ekeland og Per Krogh, bilethoggaren Gunnar Janson, filmregissør Olav Dalgard, forfattarane Odd Høiaas, Torborg Nedreaas og Sigurd Evensmo, skodespelarane Georg Løkkeberg, Tordis Maurstad, Arne Thomas Olsen og Agnes Mowinckel. Nokre av desse var sentrale personar i Sosialistisk Kulturfront i perioden 1935-1938, som var eit forsøk på å organisere ein sosialistisk motkulturell organisasjon i Noreg. Denne organisasjonen vart nedkjempa av leiinga i DNA, og ein kulturorganisasjon med forankring i DNA, Sosialistisk Kulturlag, vart oppretta i 1938. Fram mot krigen visna både kulturlaget og den kulturelle opposisjonen vekk,⁷⁷ men i 1945 dukka nokre av medlemmene frå Sosialistisk Kulturfront opp igjen og ville delta i eit utvida kultursamarbeid med Sovjetunionen gjennom Norsk-Sovjetrussisk Samband.

Det har ikkje vore mogleg å bestemme nøyaktig kva rolle russarane spelte for danninga av Sambandet. Sjølv om det tilgjengelege materialet ikkje tyder på at russarane direkte initierte oppropet og danninga, er det liten tvil om at dei hadde ein viss innverknad på organisasjonen gjennom den første landssekretæren, kommunisten Christian Gottlieb Hilt. Hilt hadde ei lang og mangesidig karriere i den norske arbeidarrørsla. Han var ein av grunnleggjarane av NKP i 1923, og på trettitalet oppheldt han seg fleire år i Sovjetunionen som journalist for ei rekkje skandinaviske kommunistaviser. Under opphaldet i Sovjetunionen lærte han seg flytande russisk, og skaffa seg mange vener og kontaktar. Etter alle solemerke var Christian Hilt ein landssekretær som russarane var særst nøgde med, og gjennom kontakten med Hilt fekk russarane

tidleg informasjon om aktiviteten i Sambandet. Til dømes møtte Hilt to representantar for den sovjetiske organisasjonen VOKS, Lidija Kislova og Melesjko, i den finske hovudstaden Helsinki i 1946. Formålet med møtet var å opprette personleg kontakt mellom VOKS og Sambandet, samt diskutere framtidige samarbeidsprosjekt.⁷⁸

Straks etter grunnlegginga i 1945 starta arbeidet med å byggje ut organisasjonen. Målet var så raskt som mogleg å danne lokale avdelingar i alle større byar og tettstader i Noreg. I følgje vedtektene skulle Sambandet vere ei landssamanslutning samansett av lokale avdelingar med individuelle medlemmer og av kollektive medlemsorganisasjonar, til dømes fagforeiningar.⁷⁹ I 1946 var Sambandet samansett av 31 lokale avdelingar, med totalt 6.000 individuelle medlemmer. I tillegg førte ein vervekampanje hausten 1945 til at i alt 62 organisasjonar med totalt 31.000 medlemmer melde seg inn som kollektive medlemmer av Sambandet.⁸⁰ Geografisk sett var brorparten av avdelingane konsentrert til byane og dei viktigaste industrisentra på Austlandet dei første åra. Årsakene til at det ikkje vart danna så mange avdelingar i Nord-Noreg det første året, var sannsynlegvis at landsdelen var svært hardt råka av krigen. Avstanden og den dårleg utbygde kommunikasjonen mellom sambandsleinga i Oslo og Nord-Noreg var òg ein faktor som hindra full nordnorsk deltaking frå første stund.

Former for aktivitet

Sambandets aktivitetsformer var tydeleg knytt opp mot strukturen i den sovjetiske kulturorganisasjonen VOKS. Som nemnt var VOKS samansett av åtte byrå, og seks av desse var knytt opp til forskjellige aktivitetsområde. Dei seks byråa var *sambandsbyrået*, *byrået for bokutveksling*, *pressebyrået*, *fotobyrået*, *byrået for utstillingar og avdelinga for mottaking av utlendingar*.⁸¹ Stikkordet for Sambandets aktivitet var informasjon. Det norske folket skulle informerast om korleis det "eigentleg" var i Sovjetunionen, korleis sovjetmenneska levde, kva hus dei hadde, kva mat dei åt og korleis livet elles var organisert. Denne informasjonen vart formidla gjennom delegasjonsutveksling, føredrag, filmframsyning, bokutvekslingar og utveksling av tidsskrift

og vitenskapleg materiale, samt publisering av aviser, bøker og artiklar.

Delegasjonsutvekslingane mellom Noreg og Sovjetunionen var truleg den viktigaste av Sambandets aktivitetar i perioden 1945-1952. I samarbeid med "avdelinga for mottaking av utlendingar" i VOKS og dei sovjetiske reiseselskapa *Sputnik* og *Inturist*, sende Sambandet i alt fire kulturdelegasjonar, to ungdomsdelegasjonar og tre faglege delegasjonar til Sovjetunionen i perioden 1945-1952. Den første norske kulturdelegasjonen til Sovjetunionen kom ikkje i stand før i april 1947. Det var fleire årsaker til at det gjekk heile to år etter krigen før ein norsk kulturdelegasjon kom i stand. Kjeldematerialet tyder på at det var liten aktivitet i VOKS det første året etter krigen. GARF-materialet indikerer til dømes at det ikkje var særleg aktivitet i "avdelinga for mottaking av utlendingar" før i januar 1948.⁸² Dette kan tyde på at sovjetiske styresmakter ikkje opplevde behovet for sovjetisk propaganda i utlandet rett etter krigen som påtrengjande, og at russarane trudde den sovjetiske krigsinnsatsen i seg sjølv var nok til å auke Sovjetunionens popularitet og omdømme i verda. Det var først då konfliktane mellom aust og vest vart skjerpa i 1947-1948 at russarane tok til å satse meir på VOKS.

Deltakarane på delegasjonane i perioden fram til 1952 var i stor grad leiande personar i Sambandet som formann Harald Hals, stortingsrepresentant for NKP Kirsten Hansteen, statsråd Kaare Fostervoll, landssekretær Christian Hilt og sekretæren for Oslo-avdelinga av Sambandet, kommunisten Aksel Njå. Andre deltakarar var radikale kulturpersonar som forfattaren Johan Borgen, redaktør Torolf Elster og komponistane Klaus Egge og Harald Sæverud. Russarane var særst interessert i skriveføre delegatar som kunne skrive artiklar og halde foredrag etter heimkomsten til Noreg. Russarane var samtidig interesserte i at vanlege norske arbeidarar skulle vere med på desse delegasjonane for å skape seg eit inntrykk av korleis dei sovjetiske arbeidarane levde og arbeidde. I 1952 var difor halvparten av dei norske kulturdelegatane arbeidarar som brannformann Alf Bakken og sporvognfører Gunnar Lunner frå Oslo, karosserimakar V. Lund Olsen frå Trondheim, kommunearbeidar Charles Trondsen frå Drammen og småbrukar Sverre Vestvik frå Verdal.⁸³ Etterkvart begynte Sambandet å arrangere meir spesialiserte faglege delegasjonsreiser til Sovjetunionen. I 1950 reiste til dømes ein norsk jernbanedelegasjon til Sovjetu-

nionen, og i 1951 ein fagleg delegasjon "for å sette seg inn i arbeidernes livs- og arbeidsforhold og [den sovjetiske] Landsorganisasjonens virksomhet".⁸⁴

Kjeldematerialet i GARF viser at det i mellomkrigstida ikkje var uvanleg at VOKS forlangte tilrådingbrev eller personkarakteristikkar av delegatar på førehand for å vite korleis ein skulle tilpasse dei individuelle timeplanane til delegatane. Desse tilrådingbrev vart skrivne av NKP-medlemmer i fagrørsla og i SUV eller av sovjetiske diplomatar.⁸⁵ Til ein viss grad reflekterer GARF-materialet den same trenden etter den andre verdskrigen. Til dømes hadde VOKS nøyaktig informasjon om medlemmene av den norske kulturorganisasjonen som kom til Sovjetunionen i 1950. Informasjonen omfatta familieforhold, politiske haldningar, medlemskap i politiske parti og verv. Ut frå denne informasjonen og personlege ønske laga VOKS eit program for delegasjonsreisa time for time, dag for dag.⁸⁶

Frå sovjetisk side var det faktisk i større grad satsa på å sende sovjetiske delegasjonar *til* Noreg i denne perioden enn å underhalde norske delegatar i Sovjetunionen. I åra 1945-1952 var seks sovjetiske kulturdelegasjonar og fleire faglege sovjetiske delegasjonar i Noreg. Den norske fagrørsla var imidlertid skeptisk til verdien av å invitere sovjetiske faglege delegasjonar til landet. Fagrørsla var ofte misnøgd med dei sovjetiske delegatane sine evner til å gjengi fakta om tilhøva både i Sovjetunionen og i Noreg, og oppfatta ein stor del av budskapet til russarane som kommunistisk propaganda. Generelt fekk likevel russarane kome til orde ved fleire norske fagforbund sine årsmøte.⁸⁷

I motsetnad til dei norske kulturdelegasjonane i Sovjetunionen heldt dei sovjetiske kulturdelegasjonane ein høg offentleg profil under opphaldet i Noreg. Delegasjonane hadde ofte innslag av dyktige musikarar og songarar, med evner til å imponere og fortrylle sitt publikum. Medan dei norske delegatane i Sovjetunionen vart frakta rundt i grupper og fekk sjå attraksjonane russarane ville vise fram, var dei sovjetiske delegatane gjerne sjølve hovudattraksjonane under opphalda sine i Noreg. Ingen av dei norske delegatane fungerte som kulturambassadørar på same måte som dei sovjetiske i perioden 1945-1952.

I tillegg til dyktige musikarar og dansarar fanst det også vidgjetne sovjetiske forfattarar blant dei sovjetiske kulturdelegatane. I 1946 var til dømes

forfatteren Leonid Sobolev deltar i den sovjetiske kulturdelegasjonen til Noreg. Forfatteren og stalinprisvinnaren Aleksander Tvardovskij og forfatteren Ilja Ehrenburg kom i 1950, og diktaren Nikolaj Tikhonov i 1952. Alle desse russiske forfatarane var velkjende støttespelarar for det sovjetiske maktapparatet og talsmenn for den sovjetiske "fredspolitikken" i denne perioden. Både Ehrenburg og Tikhonov var til dømes sentrale deltakarar ved den allunionelle konferansen for Verdas fredsforkjemparar i 1949.⁸⁸ Ilja Ehrenburg var dessutan ein sentral person bak Stockholmsappellen, som vart vedtatt på eit plenumsmøte i den permanente komitéen for Verdsfredskongressen i Stockholm i 1950.⁸⁹

Dei mest vellukka forsøka frå russisk side på å oppretthalde ein viss popularitet blant nordmenn i denne perioden var utan tvil knytte til dei sovjetiske idrettsutøvarane. Dei sovjetiske skøytestjernene var særskilt populære, og fekk stor merksemd både frå norsk presse og det norske publikum i denne perioden. I 1947 og i 1950 fekk dessutan Noreg besøk av dei populære sovjetiske fotball-laga Dynamo Moskva og Spartak Moskva. Dette skapte stort engasjement og nærast hysteri i Noreg. Kontakten mellom norske og sovjetiske idrettsrørsle skjedde hovudsakleg via Norges Idrettsforbund, men også Sambandet forsøkte via sine kontaktar å få i stand lokal idrettsutveksling og arrangere møte mellom sovjetiske idrettsfolk, idrettsleiarar og det norske publikum. Sambandet hadde ein tendens til å "hengje seg på" dei store arrangementa der russarane deltok, og fekk til dømes i stand pressekonferansar og direkte møte mellom nordmenn og dei sovjetiske idrettsutøvarane. Alt i alt var korkje Sambandet eller idrettsforbundet si idrettsutveksling med Sovjetunionen så veldig stor, og utvekslinga vart redusert til bortimot ingenting utover i perioden

Den øvrige aktiviteten i Sambandet var stort sett knytt til informasjon og opplysning om ulike sider ved Sovjetunionen. Dei fleste norske delegatane heldt føredrag på møter i lokalavdelingar og i kollektivavdelingar etter heimkomsten. Føredraga omhandla ulike emne innanfor sovjetisk politikk som Torolf Elsters "Sovjetunionens utanrikspolitikk", Anna Dallands "Kvinnenens stilling i Sovjetsamveldet", og Aksel Njås "Sovjet i går, i dag og i morgen". Andre heldt føredrag om sovjetisk kultur og sport, medan ei tredje gruppe

konsentrerte seg om reiseskildringar frå Sovjetunionen. Sambandet synte også filmar på ein del av møta og føredraga i perioden 1945-1952. Dette vart rekna for å vere ein viktig del av opplysnings- og propagandaarbeidet. På grunn av dårleg økonomi hadde korkje Sambandet eller VOKS høve til å tekste filmene på norsk, noko som førte til at effekten av filmframvisningane ikkje var så sterk som ønskeleg. Utvalet filmar var også svært avgrensa, og det fanst få eksemplar av kvar film. Sambandet hadde også vanskeleg for å skaffe lokale og utstyr for filmframvisning i dei små avdelingane. Dette gjorde at VOKS etterkvart utstyrte dei fleste lokalavdelingane i Noreg med egne filmframvisarar.⁹⁰

Ein viktig del av opplysningsarbeidet var Sambandets publikasjon *Tidsskriftet Samband*, som kom ut første gongen i 1946. Redaktørar var landssekretær Christian Hilt og sekretær i Oslo-avdelinga Aksel Njå. Målsetjinga var at tidsskriftet skulle vere "en kilde for pålitelig og allsidig informasjon om Sovjet-samveldets sosiale, økonomiske og kulturelle liv og utvikling".⁹¹

Innhaldsmessig satsa imidlertid Hilt og Njå på å gjengi taler av sovjetiske leiurar som Stalin og Molotov. Dei trykte også russiske noveller, reiseskildringar og artiklar om det sovjetiske samfunnssystemet. Generelt var dette stoff med avgrensa interesse for eit norsk publikum, og førsteopplaget på 12.000 eksemplar viste seg å vere altfor stort. Det gjekk difor ikkje mange månader før Sambandet fekk økonomiske problem. I eit brev til Lidija Kislova i VOKS i november 1946 gav Hilt beskjed om at Sambandet var tvinga til å stoppe utgivinga av tidsskriftet på grunn av at gjelda i løpet av året var komen opp i 10.000 kroner. Han gav beskjed om at organisasjonen måtte konsentrere seg om å betale ned gjelda før ein kunne vurdere å gi ut eit nytt tidsskrift.

Som erstatning for *Tidsskriftet Samband* vart det bestemt at medlemmene av Sambandet skulle få den sovjetiske ambassaden si vekeavis, *Nytt fra Sovjetsamveldet*. Denne avisa kom ut første gong i oktober 1946.⁹² I 1950 vart *Tidsskriftet Samband* starta opp igjen ved hjelp av økonomisk støtte frå VOKS.⁹³ Redaktøransvaret var denne gongen delt mellom Olav Dalgard, Helga Evang og Christian Hilt. Tidsskriftet fekk den same profilen og tilsvarande innhald og form som i 1946. I 1950 fekk alle medlemmene tidsskriftet gratis. Det vart òg sendt til ei rekkje folkebibliotek og bedriftsklubbar.

I fráværet av eit eige tidsskrift i perioden 1946-1950, satsa Sambandet på å publisere hefter og bøker. Fleire av desse publikasjonane var reiseskildringar som gir eit godt bilete både av delegatane sine entusiastiske haldningar til det sovjetiske samfunnssystemet, og ikkje minst dei negative haldningane til det vestlege samfunnssystemet. I internasjonalt samanheng finst det ei rekkje bøker og artiklar skrivne av vestlege delegatar og journalistar.⁹⁴

Det første heftet som Sambandet gav ut, var eit radioforedrag frå 24. mai 1945 om Stalin, forfatta av professor i romansk filologi Hans Vogt. Framstillinga av Stalin var eintydig positiv, og prega av beundring for den sovjetiske triumfen under den andre verdskrigen.⁹⁵ I 1946 kom eit hefte med artikkelen *Sovjetmenneskets moralske karakter* av Sovjetunionens president Mikhail Kalinin og Stalins tale den 9. november 1946. Begge hefta hadde eit opplag på 5.000 eksemplar og vart utgitt på Tiden Norsk Forlag.

I 1947 kom boka *Fra Leningrad til Armenia*, som skildra den norske kulturdelegasjonen sine opplevingar under reisa til Sovjetunionen i 1947.⁹⁶ *Kontakt med Sovjetsamveldet* frå 1948 inneheldt ei novelle av Maksim Gorkij og ei samling artiklar skrivne av norske sambandsmedlemmer og sovjetvener. Artikkane tok til orde for at Noreg burde auke det økonomiske og kulturelle samkvemet med Sovjetunionen kraftig. Ivar Digernes lovpriste mellom anna dei sovjetiske femårsplanane, som han meinte hadde løfta Sovjetunionen opp i verdstoppen i industriell produksjon. Sigeren over det nazistiske Tyskland var, i følgje Digernes, Sovjetunionens endelege "modningsprøve". Sidan omstillinga frå krigsøkonomi til fredsøkonomi visstnok vart gjennomført utan problem og på svært kort tid, hevda Digernes at sovjetsystemet hadde bevist at det var kapitalismen overlegent.⁹⁷

Sovjetunionen sett med norske øyne, utgitt i 1949, var ei samling utsegner og taler om tilhøvet mellom Noreg og Sovjetunionen frå perioden 1944-1948. Formålet med boka var å overtyde nordmennene om at Sovjetunionen ikkje på noko vis hadde planar om å gå til krig mot Noreg eller noko anna land. Blant talene og utsegnene som var refererte i denne boka, finn vi Kong Haakons tale over radio frå London den 26. oktober 1944 om at sovjetiske styrkjer hadde byrja kampen for å gjenerobre Finnmark. I følgje boka hadde kongen i denne talen hevda at ein til dags dato "mangler det ringeste bevis for at Russland har

hatt aggressive planer overfor Norge [...] og at bolsjevikfrykten systematisk er oppagitert av makter og kretser som har aggressive planer mot Russland.” Dette er ei gjengiving av Kong Haakons tale som må karakteriserast som sterkt feilaktig. Kong Haakon sa derimot følgjande om forholdet til Sovjetunionen og frigjeringskampen i Finnmark:

Vi har hatt tallrike vitnesbyrd om den sovjet-russiske regjeringens og det russiske folks vennskap og sympati for vårt land. Og vi har med beundring og begeistring fulgt Sovjet-Samveldets heroiske og seierrike kamp mot vår felles fiende. Det er enhver nordmanns plikt å yte våre sovjet-russiske allierte den størst mulige støtte.⁹⁸

Vidare inneheldt boka kongens og statsminister Gerhardsens telegram til president Kalinin etter den sovjetiske tilbaketrekkinga frå Finnmark i september 1945, og kronprins Olavs tale under avdukinga av eit æresmonument på Vestre Gravlund over falne sovjetiske soldatar i november 1947. Resten av boka inneheldt reiseskildringar og inntrykk frå delegasjonsreiser i Sovjetunionen. Sekretæren i NKU, Arne Pettersen, var mellom anna blitt kjend med ”verdas mest optimistiske ungdom”, medan Johan Ring hadde studert russisk barneoppdragelse og funne at ”oppfostringens hovedhensikt i Sovjet-Samveldet er å skape samfunnsmedlemmer som skal leve et lykkelig liv i kjærlyhet til hverandre og i harmoni med livet”. Boka vart gitt ut i 12.000 eksemplar.⁹⁹ Av desse vart visstnok 7.000 selde.¹⁰⁰

I 1951 utkom boka *Vi var i Sovjet*. Boka var redigert av den norske journalisten Lise Lindbæk og inneheldt artiklar skrivne av deltakarane på Sambandets kulturdelegasjon til Sovjetunionen hausten 1950. Artiklane gir inntrykk av at delegatane hadde eit svært stramt program å forholde seg til. Kunstnaren Henrik Finne meinte at programmet var så hardt at delegatane hadde problem med å finne rom for ein liten matbit:

Og nettopp dette skapte logisk nok atskillig murring i rekkene, både i søvnige morgenstunder og senere på dagen når kreftene tok til å svinne og sulten meldte seg og det ikke ble tid til å spise mellom programpost-

ene. [...] Det var et kjempeprogram vi hadde å gå gjennom hver eneste dag. Fra 10 om morgenen til 12 om natten i et eneste, bankende kjor. De siste fire timene var riktignok teater. Men når teater står på det høye nivået som i Moskva, da er det å gå i teater også et arbeid.¹⁰¹

Generelt sett viser publikasjonane, artiklane og føredraga at delegatane var forutinntatte, og hadde ein tendens til å vurdere brorparten av inntrykka frå Sovjetunionen i eit mest mogleg positivt lys. Sjølv om det ikkje er vanskeleg å forstå at norske delegatar vart imponert over ei heil rekkje ting i Sovjetunionen, tyder mykje på at dei fall for ein medviten taktikk frå russarane si side. Denne gjennomførte positive omtalen av det sovjetiske systemet gjorde at lesarane dessutan fekk inntrykk av at Sambandet gjekk NKP sitt ærend.

Også dei andre aktivitetane til Sambandet gav inntrykk av at organisasjonen var nært knytt opp mot venstresida i norsk politikk. Sambandet markerte til dømes Stalin sin 70-årsdag i desember 1949 med eit festmøte i Oslo, og 25-årsdagen for Lenins død i januar 1949 med ein fredsresolusjon mot blokkdeling og norsk alliansetilknytning.¹⁰² I heile perioden feira dessutan Sambandet den russiske revolusjonen med festmøte og taler i avdelingane. Mange av aktivitetane til Sambandet hadde dessutan nær tilknytning til den sovjetiske innsatsen under den andre verdskrigen og frigjeringa av Finnmark i 1944-1945. Årsaka til denne sterke fokuseringa på krigen og frigjeringa var (både frå Sambandet og russarane si side) eit ønske om å bevare den sterke pro-russiske stemninga som var utbreidd i Noreg sommaren 1945. Dei sovjetiske soldatane og krigsfangane som var i Noreg under krigen, opptok også Sambandets medlemmer. Organisasjonen protesterte til dømes skarpt då det i 1951 vart kjent at den norske regjeringa hadde planar om å flytte ei rekkje sovjetiske soldatgraver frå nordnorske kyrkjegardar til ein felles gravplass på Tjøtta i Nordland.¹⁰³

Etterkvart som den kalde krigen tiltok og Noreg var på veg inn i eit fast institusjonalisert alliansesamarbeid med Storbritannia og USA, vart det ein fast taktikk frå Sambandet si side å stadig minne om den sovjetiske innsatsen under frigjeringa av Finnmark og det problemfrie tilhøvet mellom Noreg og Sovjetunionen under den sovjetiske tilbaketrekkinga hausten 1945. Under

markeringa av Lenin sin dødsdag i januar 1949 vedtok styret i Sambandet til dømes denne resolusjonen:

Møte i Norsk-Sovjetrussisk Samband i Oslo den 23. januar 1949 viet Lenins minne sender sin hilsen og takk til Sovjetsamveldet for alt hva det har utrettet til fremme av fred og forståelse mellom folkene. Norge har i mer enn tusen år levd i fred og vennskap med sin russiske nabo. Vi er overbevist om at det store flertall av det norske folk oppriktig ønsker at freden og vennskapet mellom Norge og Sovjet-Samveldet alltid skal bevares. Møtet oppfordrer alle gode nordmenn til å samles til protest mot de krefter som søker å dra Norge inn i en krigsblokk mot Sovjet-Samveldet. Norge trenger fred til å gjenreise landet og skape frie og menneskeverdige kår for alle. Allianseavtaler som setter freden i fare strider derfor mot folkets livsinteresser. Norges fred og frihet kan bare sikres i tillitsfullt samarbeid med alle nasjoner som arbeider for å hindre at en ny krigs ulykke skal hjemsøke menneskeheten.¹⁰⁴

Denne resolusjonen gjenspeglar i særleg grad at Sambandet hadde tatt eit klart politisk standpunkt mot at Noreg skulle gå inn i eit institusjonalisert samarbeid med Storbritannia og USA. Det gjenspeglar også at dei sentrale, aktive medlemmene som bestemte kva Sambandet skulle bruke kreftene på, hovudsakleg var kommunistar og medlemmer av den utanrikspolitiske opposisjonen i DNA. Denne utviklinga i Sambandet sitt arbeid var både norske styresmakter og mange av medlemmene i Sambandet lite entusiastiske over.

Sambandet i krise

Sommaren 1946 var den mest intense fredsrusen over, og landssekretæren i Sambandet, Christian Hilt, melde til kontaktane sine i VOKS at nordmennene byrja å bli meir kritiske til Sovjetunionen. Hilt meinte dette var resultatet av ein "antisovjetisk hetskampanje" som hadde utgangspunkt i reaksjonære sirklar i USA, og som no hadde nådd Noreg. I følgje Hilt var denne hetskampanjen hovudårsaka til at kommunistpartiet sin innverknad i norsk politikk minka.

NKP var ikkje lenger aktuell som regjeringspartner, og var dessutan utradert frå leiinga i LO. Hilt meinte at dei mislukka forhandlingane mellom DNA og NKP førte til at det no utvikla seg til ein "borgarkrig" mellom dei to partia.¹⁰⁵

Den politiske utviklinga i Noreg og kommunistane sin minkande innverknad i norsk politikk fekk også følgjer for utviklinga i Sambandet. Etter kvart som den heimlege og internasjonale haldninga til Sovjetunionen endra seg, minka oppslutninga om organisasjonen. Utviklinga førte til gnisningar innanfor Sambandet, og nokre av styremedlemmene hevda at aktiviteten hadde tatt ei retning som dei ikkje kunne støtte.

Det første oppgjeret fann stad i forkant av 30-årsjubiléet for den russiske revolusjonen hausten 1947. I samband med jubiléet tok Sambandet initiativet til ei stor hyllingsadresse som i følgje *Tidsskriftet Samband* fekk tilslutning frå organisasjonar med 750.000 medlemmer og til saman 28.000 individuelle underskrifter. Adressa vart innbunde i fire skinnbind og frakta til jubiléet i Kreml i november av ein delegasjon samansett av NKP-aren Just Lippe, forfattaren Sigurd Evensmo og styremedlemmen i Sambandet Andreas Søvik.

Av medlemmene i Sambandet var det særskilt Otto Ruge som gav sterkt uttrykk for misnøye med Sambandet sine planar for revolusjonsjubiléet i 1947. Ruge sende difor eit brev til styret der han hevda at Sambandet hadde kome inn på eit heilt anna spor enn forutsetninga var då han var med på å innby til stiftinga. Etter Ruge si oppfatning var Sambandets aktivitet no blitt "politisk".¹⁰⁶ Under eit styremøte kort tid etter gjorde Ruge og styremedlemmene Erling Steen og Harald Schjelderup framlegg om at Sambandet burde leggje ned verksemda si. Dei andre styremedlemmene, mellom andre Konrad Nordahl, gjekk imidlertid inn for at landsmøtet året etter burde få avgjere eit slikt spørsmål. Saka vart difor førebels lagt på is.¹⁰⁷

Hendingane i Tsjekkoslovakia i februar-mars 1948 og NKP sitt forsvar for den kommunistiske maktovertakinga førte til at presset på Sambandet vart større fram mot landsmøtet i juni 1948. På landsmøtet vart det på nytt foreslått å innstille verksemda i Sambandet. Forslaget vart avvist, og resultatet vart at Ruge, Schjelderup og Steen trekte seg ut av organisasjonen saman med Konrad Nordahl og Thorleiv L. Moe.

I tida før og etter dette landsmøtet mottok Sambandet ytterlegare 90

skriftlege utmeldingar. Blant dei som melde seg ut kan ein nemne Martin Tranmæl, høgsterettsdommar Emil Stang og direktøren for Nationaltheatret, Otto Hergel.¹⁰⁸ Utviklinga i Sambandet sitt styre førte òg til at fleire av dei lokale sambandsavdelingane la ned arbeidet sitt. Sommaren 1948 var talet på avdelingar nede i 15. Dermed hadde 16 avdelingar lagt ned arbeidet i løpet av perioden 1946-1948.¹⁰⁹

Fram mot 1950 endra Sambandet seg frå å vere om ikkje ein masseorganisasjon, så iallfall ein organisasjon med støtte og sympati frå store delar av det norske folk, til ei isolert sekt utan særleg støtte eller vesentleg innverknad på tilhøvet mellom Noreg og Sovjetunionen. I 1950 var det berre liv i seks avdelingar. Samtidig var talet på individuelle medlemmer nede i 1.170 på landsbasis. Det kollektive medlemstalet hadde derimot halde seg ganske konstant heile perioden. I 1950 var det registrert kollektivorganisasjonar med til saman 31.600 medlemmer. 1950 var botnåret for den negative utviklinga i Sambandet. I perioden 1950-1952 tok aktiviteten seg opp. Hovudårsaka til denne auken var ei mobilisering i Troms og Finnmark.

Sambandet sine roller i sovjetisk noregspolitikk 1945-1952

Det er mykje som tyder på at korkje Sambandet eller kulturpolitikk generelt sett var prioriterte satsingsområde for Sovjetunionen i Noreg det første året etter andre verdskrigen. Den første indikatoren på dette er at kontakten mellom Sambandet og dei ordinære diplomatane ved ambassaden var svært sparsam. Det same var russarane sin kontakt med NKP. Grunnen til denne manglande interessa for Sambandet og NKP var hovudsakleg at russarane oppfatta sin eigen posisjon i Noreg som sterk. Friksjonen mellom den norske regjeringa og russarane var liten, og dei russiske diplomatane konsentrerte seg difor om å byggje opp kontaktnettet i regjeringa og DNA i staden for å kanalisere innsatsen mot kommunistane og dei progressive organisasjonane.

Ein av indikatorane på at russarane satsa lite på Sambandet i denne perioden var korrespondansen mellom den skandinaviske VOKS-avdelinga og VOKS-representanten ved den sovjetiske ambassaden i Oslo. Denne korre-

spondansen indikerer at sambandsarbeidet låg på eit lavt nivå både innhaldsmessig og omfangsmessig i 1945-1946. Mykje tyder òg på at organisasjonen VOKS hadde svært avgrensa ressursar i denne perioden. Desse ressursane skulle dessutan fordelast til sovjetiske venskapsforeiningar i mange land. Sidan Noreg hadde ein høvesvis perifer plass i sovjetisk utanrikspolitikk i denne perioden, er det rimeleg å tru at mesteparten av VOKS sine ressursar vart kanalisert til sovjetforeiningar i dei sosialistiske landa i Aust-Europa.

Sommaren 1946 finn ein dei første teikn på endringar. Både ved den sovjetiske ambassaden i Oslo og i 5. europeiske avdeling i MID danna det seg ei oppfatning om at Sovjetunionen måtte iverksetje fleire tiltak for å tryggje forholdet sitt til Noreg og befeste den styrkte posisjonen sin etter krigen. Denne haldningsendringa hadde mellom anna bakgrunn i det russarane oppfatta som aukande amerikansk og britisk innverknad i Noreg. Allereie i januar 1946 rapporterte landssekretær i Sambandet Christian Hilt til VOKS-representant Suvorov at det hadde utvikla seg ein kappestrid om det norske folk mellom Sambandet, den britiske kulturorganisasjonen British Council og Norge-Amerika Foreningen. I følgje Hilt disponerte desse sistnemnde organisasjonane enorme økonomiske og politiske middel. Dei hadde hundretusenvís av kroner til rådvelde, ei stor mengd propagandafilmar, og dessutan råd til å sende ei rekkje norske studentar til London og New York. Mange kjende personar som Carl Joachim Hambro, Halvdan Koht og Kaare Fostervoll støtta opp om desse organisasjonane. På bakgrunn av denne utviklinga ville Hilt at Sovjetunionen skulle auke engasjementet sitt. Dette burde skje ved å sende artistar, musikarar og føredragshaldarar til Noreg for å betre kunnskapen om Sovjetunionen og Sambandet blant nordmennene.¹¹⁰

I juni 1946 tok også den sovjetiske ambassadøren i Noreg, Nikolaj Kuznetsov, sterkt til orde for at Sovjetunionen måtte auke engasjementet sitt og inngå tettare samarbeid med nordmennene. Kuznetsov gjekk mellom anna inn for at russarane i større grad måtte pleie kontakten med dei progressive organisasjonane i Skandinavia, slik som dei "demokratiske kvinneorganisasjonane" og dei norsk-sovjetiske venskapsforeiningane. Russarane var særskilt interesserte i å delta i forum der representantar frå dei skandinaviske landa møttest. Dei var særskilt interesserte i årlege møte mellom politikarar frå

Sovjetunionen, Noreg og Finland på treriksgrensa, møte for dei demokratiske kvinneorganisasjonane i Skandinavia og kongressar for dei skandinaviske sovjetforeiningane med deltaking av VOKS.¹¹¹

Ein drøy månad seinare vart initiativet til Kuznetsov følgt opp av Abramov, Majeviskij og Vetrov ved MIDs 5. europeiske avdeling i eit memorandum til utanriksminister Molotov. I dette memorandumet var vekta lagt på ein generell diplomatisk offensiv overfor Noreg med ei styrking av ambassaden som det mest sentrale. Målsetjinga var å styrkje Sovjetunionen sin posisjon, og hindre at Noreg vart fullstendig innlemma i Storbritannia sin innverknadssfære. Dette kunne Sovjetunionen oppnå ved å utarbeide og setje ut i livet eit heilt system av tiltak, av både politisk og kulturell art.¹¹²

Det var tydelegvis problem med å få den øvste politiske leiinga i utanriksministeriet til å reagere på desse initiativa. Dette var bakgrunnen for at Novikov, medlem i MID sitt kollegium, eit halvt år seinare skreiv eit notat til utanriksminister Molotov for å minne om Abramov, Vetrov og Majeviskij sitt notat frå juni 1946, og for å presisere at problemstillinga ikkje hadde mista sin aktualitet, men tvert om blitt meir påtrengjande etter kvart som britane og amerikanarane befesta stillinga si i Noreg. Novikov meinte at britane var i ferd med å opparbeide seg sterk innverknad i hær og marine, og at den britiske propagandaen var styrkt: "Landet oversvømmes av engelske turister, av militære, studenter, industri og forretningsfolk", hevda han.¹¹³

* * *

Ei rekkje hendingar sommaren 1947 og 1948 markerte den endelege slutten på krigstidsalliansen mellom Sovjetunionen, Storbritannia og USA, og resulterte i ei skarpare skiljeline mellom aust og vest. Som vi har sett, fekk denne utviklinga òg konsekvensar for norsk politikk og utviklinga av den heimlege utanriksdebatten. Den norske balansepolitikken kom under press og frontane i utanrikspolitikken hardna til. På venstresida var det ei stor gruppe som protesterte mot den aukande vestvendinga og Noreg si tilslutning til Atlanterhavspakta i 1949. Denne politiske utviklinga førte til at russarane også endra politikken sin overfor norske styresmakter. I staden

for å byggje opp nær kontakt med leiande krinsar i Noreg, satsa russarane heller på å

[...] avsløre alle mulige erklæringer fra regjeringsmedlemmer, stortingsrepresentanter, ledende politikere i Arbeiderpartiet og andre politikere om Sovjetunionens "agressivitet" i sin alminnelighet og om "USSRs aggressive hensikter overfor Norge" i særdeleshet, som skadelige for det gode naboforhold mellom Norge og Sovjetunionen.¹¹⁴

I denne konfrontasjonen vart dei norske progressive organisasjonane og den utanrikspolitiske opposisjonen meir interessant for russarane som allierte i propagandakrigen mot "dei vestlege krigshissarane". Sambandet vart ein potensiell kanal til den norske opinionen som kunne utviklast, og som måtte støttast av russarane. I den sovjetiske ambassaden sin årsrapport for 1948 figurerer difor Sambandet som ein sentral aktør i det ambassadør Afanasiev omtalar som "den sovjetiske kampen for å avsløre og forpurre alle tiltak frå norske styresmakter som har som mål å forverre det gode naboforholdet med Sovjetunionen".¹¹⁵ Liknande bodskap kan ein lese i Afanasiev sitt brev til utanriksminister Vysjinskij i februar 1950. I dette brevet skreiv Afanasiev at den mest effektive politikk overfor Noreg ville vere å auke den sovjetiske støtta til dei "demokratiske organisasjonane" i landet som no hadde gått til open kamp mot den norske regjeringa sin politikk. Organisasjonane Afanasiev fann det mest formålstenleg å støtte, omfatta NKP, NKU, Den Norske Fredskomiteén, Norsk Sovjetrussisk Samband og den norske seksjonen av Kvinnernes Demokratiske Verdensforbund.¹¹⁶

Trass i desse gjentatte målsetjingane og optimistiske forslaga om å bruke Sambandet og andre progressive organisasjonar i den sovjetiske politikken overfor Noreg, er det fleire ting som tyder på at resultata, sett frå sovjetisk side, var heller magre. I oktober 1947 sende viseutanriksminister Malik eit brev til dei sovjetiske ambassadørane i Skandinavia der han klaga på det han oppfatta som manglar ved ambassadane sitt arbeid. Han klaga mellom anna på at MID, i ein periode der reaksjonære krefter hadde intensivert arbeidet med å tømre saman ei nordisk blokk og trekkje denne inn i den vestlege blokka retta

mot Sovjetunionen, mottok dårleg og utilstrekkjeleg informasjon om kva som gjekk føre seg og minimale analysar og framlegg til korleis ein kunne motverke denne utviklinga.¹¹⁷

Dette brevet var berre det første i ei rekkje liknande brev. I eit brev til viseutanriksminister Zorin i april 1950 kritiserte nestleiaren i 5. europeiske avdeling i MID, Majevskej, forseinkingane, dei overflatiske analysene og dei dårlege personkarakteristikkane av norske politikarar. Omfanget og graden av kontakt med nordmenn var svak, hevda han, både i regjeringskrinsar, det politiske miljøet, fagrørsla og kulturlivet.¹¹⁸ MID var heller ikkje særleg imponert korkje over utviklinga av Sambandet eller VOKS sin innsats i Noreg. Dette vart klart uttrykt av 2. sekretær ved 5. europeiske avdeling i MID, Zjdanova, i eit notat frå 1950:

Leiarkjerna i Sambandet består for det meste av intellektuelle grupper som gir Sambandet karakter av å vere ein smal-kulturell organisasjon som ikkje svarar eller reagerer korkje på lokale eller på viktige internasjonale hendingar, og som ikkje koordinerer verksemda si med kampen for fred. Arbeidet med å trekkje med fleire medlemmer er mislukka. Sambandet har ingen innverknad korkje på fagrørsla eller på andre progressive organisasjonar. [...] I 1949 vart Sambandet sitt arbeid redusert til å arrangere møte og foredrag på Sovjets jubileumsdatoar, til å vise sovjetiske filmar og fotografiutstillingar tilsendt av VOKS. Det var karakteristisk at filmfestivalen som Soveksportfilm og Sambandet arrangerte i Oslo, ikkje fekk besøk av fleire enn 2.500 personar i løpet av veka, trass i at det er heile 30.000 medlemmer av Sambandet i Oslo.¹¹⁹ Sambandet si utgivingsverksemd avgrensa seg til ei brosjyre, "Sovjetunionen sett med norske øyne". Av 11.000 trykte eksemplar vart berre 7.000 selde. Arbeidet med Sambandets bibliotek i Oslo er svakt. Der er ikkje fleire enn 15-20 besøkande i veka. Hovedgrunnen til dette er at VOKS har sendt litteratur som hovudsakleg er på russisk. Det er ikkje fleire enn 30 medlemmer av Sambandet som kan russisk [...] Den jamne, ordinære norske arbeidar har også problem med å lese engelsk eller tysk. Det er difor nødvendig å sende litteratur på eit skandinavisk

språk til dette biblioteket [...] I dei lokale avdelingane var aktiviteten i 1949 fråverande [...] Materiale som VOKS sender til Sambandet er som regel svært forseinka [...] Frå VOKS-representantens rapport er det tydeleg at Sambandet er i ein vanskeleg materiell situasjon og stadig treng støtte frå VOKS.¹²⁰

MID var heller ikkje nøgd med tilstanden i Sambandet i 1951. I ein resolusjon hevda MID at ambassaden endå ikkje hadde klart å få skikk på arbeidet til Sambandet. I følgje MID var organisasjonen ikkje utstyrt med ei påliteleg leiing og var "ein fåtalig, i bunn og grunn kulturell organisasjon på sida av fredsfor-kjemparrørsla i Noreg".¹²¹

Den sovjetiske ambassaden i Oslo og Sambandet var på si side mest opptatt med å leggje skulda for dei dårlege resultata på VOKS. Både Sambandet og ambassaden klaga over lite oppfølging og støtte frå den sovjetiske kulturorganisasjonen. Landssekretær Christian Hilt klaga til dømes over mangelen på foredragshaldarar til dei lokale avdelingane, som han meinte var naudsynte for å halde oppe aktiviteten i distrikta.¹²² Den sovjetiske ambassaden klaga over manglande informasjon og trykt stoff om Sovjetunionen, og ambassadør A fanasiev bad spesielt om at dei sovjetiske organisasjonane som hadde kontakt med utlandet, no måtte betre arbeidet sitt. Dette galdt særskilt dei organisasjonane som hadde ansvaret for dei kulturelle kontaktane, i første rekkje VOKS.¹²³

Kapittel 3: Sambandet 1953-1958.

Frå avspenning til ny krise

Innleiing

I perioden 1953-1955 gjekk det føre seg ei internasjonal avspenning som førte til ei oppmjuking i tilhøvet mellom aust og vest. Årsakene til denne oppmjukinga var fleire, men særskilt Stalins død i 1953 og den nye leiargenerasjonen som steig fram med Nikita Khrusjtsjov i spissen, danna eit generelt grunnlag for eit opnare politisk klima. Spesielt resulterte Khrusjtsjovs kritikk av stalinismen under den 20. partikongressen i ein monaleg internasjonal optimisme for utviklinga i Sovjetunionen. Denne avspenninga fekk òg innverknad på det offisielle tilhøvet mellom nordmennene og russarane. I høve til Noreg førte oppmjukingsperioden til ei sterk utviding av dei sovjetiske diplomatane sitt kontaktnett i den norske makteliten, og kulminerte i statsminister Einar Gerhardsen sitt besøk i Sovjetunionen i november 1955. Eit resultat av dette besøket var den offisielle norsk-sovjetiske kulturavtala som vart underskriven i Oslo i oktober 1956.

For Sambandet sin del førte avspenninga først til eit oppsving i aktiviteten i perioden 1953-1956. Dette innebar ein auke i Sambandets delegasjonsutveksling og ein viss auke i talet på avdelingar og medlemmer. I 1955-1956 skjedde det imidlertid ei endring. Den utvida kontakten mellom sovjetiske diplomatar og norske topp-politikarar, samt den offisielle norsk-sovjetiske kulturavtala, førte til at Sambandet på mange måtar vart plassert i skuggen til fordel for mektigare personar og organisasjonar med større innverknad på norsk politikk. Konsekvensen var at aktiviteten i Sambandet minka. I 1956 vart det såleis berre sendt éin delegasjon til Sovjetunionen i regi av Sambandet.

Den sovjetiske invasjonen i Ungarn hausten 1956 førte imidlertid til nye endringar for Sambandet. Medan det offisielle Noreg reagerte sterkt og braut samarbeidet sitt med Sovjetunionen på ei rekkje felt, mellom anna det kulturelle, valde Sambandet å halde kanalane opne og føre samarbeidet vidare.

Trass i ei viss medlemsavskaling og dårleg stemning blant medlemmene auka Sambandet aktiviteten sin igjen i 1957. Årsakene til denne auken var for det første at russarane no var hindra frå å nytte dei offisielle kanalane fullt ut. For det andre meinte både russarane og Sambandet sitt styre at organisasjonen hadde ei oppgåve i ein periode då det offisielle samarbeidet mellom Noreg og Sovjetunionen var truga.

Avspenning og aktivitetsauke 1953-1955

Sambandet sin aktivitet i perioden 1953-1958 følgde i stor grad det same mønsteret som i perioden 1945-1952. Dei sentrale arbeidsformene var framleis delegasjonsreiser, føredrag, filmframsyning, konsertar og turnéar med sovjetiske artistar. Sambandet hadde fortsatt ein sentral plass i den sovjetiske ambassaden sine framlegg for å auke den sovjetiske propagandaen i Noreg. Ambassadør Afanasiev gjekk til dømes sterkt inn for å støtte Sambandet og NKP som mottiltak til det russarane oppfatta som antisovjetisk amerikansk og britisk propaganda i Noreg. Russarane hevda at denne propagandaen mellom anna gav nordmennene feil informasjon om den sovjetiske utanrikspolitikken.

For å hjelpe NSRS og NKP å motverke ein liknande propaganda i år, reknar eg det som formålstenleg å setje i verk ei rekkje tiltak for å klarleggje utanrikspolitikken til Sovjetunionen, levekåra i Sovjetunionen og det fredelege oppbyggingsarbeidet til det sovjetiske folket. Formålet med dette er å avdekkje kor skadeleg den utanrikspolitiske og innanrikspolitiske kursen til dei styrande krinsane i Noreg er.¹²⁴

Afanasiev føreslo mellom anna at VOKS skulle sende utstillingar, bøker og fotografi til ein norsk-sovjetisk venskapsmånad som skulle arrangerast i Noreg i mai. Hovudforslaget hans var imidlertid å auke talet delegasjonsreiser til Noreg.

Delegasjonsreiser var eit prioritert satsingsområde frå russarane si side i denne perioden. I ei utgreiing som viseutanriksminister Andrej Gromyko heldt i 1954 om tilhøvet mellom Noreg og Sovjetunionen, la han stor vekt på at

delegasjonsutvekslinga mellom dei to landa hadde auka, og at totalt åtte norske delegasjonar hadde besøkt Sovjetunionen i 1953. Av desse åtte delegasjonane kom fem i stand med Sambandet som mellomledd, noko som gav eit førebels toppår for Sambandet. I følgje Gromyko var det ei endå livligare besøksutveksling i 1954.¹²⁵ Ein av delegasjonane Gromyko sikta til dette året, var sannsynlegvis delegasjonen for politiske ungdomsleiarar, der mellom andre Werna Gerhardsen deltok. Denne reisa vart sterkt vektlegg av russarane, og fungerte som ein prøveklut for vidare kontakt mellom Noreg og Sovjetunionen. Delegasjonen var òg eit ledd i den sovjetiske utviklinga av personkontaktar, som mellom anna resulterte i statsminister Gerhardsen sitt offisielle besøk i Sovjetunionen i 1955.¹²⁶

I 1951 registrerte det norske Overvakingspolitiet at Sovjetunionen oppmuntra utanlandske ikkje-kommunistiske organisasjonar til å sende delegasjonar til Sovjetunionen. Dei hadde òg merka seg at det amerikanske kommunistpartiet i den same perioden gav vink om at ein no skulle satse på å sende ikkje-kommunistiske borgarar til Sovjetunionen.¹²⁷ Årsaka til denne nye strategien var at dei tidlegare delegasjonane stort sett var ineffektive fordi brorparten av deltakarane berre tok med det velvillige auget, og lét det kritiske bli heime. Dette gjorde at delegatane ikkje nådde ut til opinionen i dei ulike landa, og vart avfeia som kommunistar.

Denne problematikken var også det norske Sambandet opptatt av. I følgje *Tidsskriftet Samband* gjekk Sambandet difor inn for at den norske studentdelegasjonen som skulle reise til Sovjetunionen i 1953, skulle setjast saman av deltakarar som studentorganisasjonane sjølve plukka ut. Etter det som er opplyst, skjedde dette på eit fritt grunnlag, utan innblanding verken frå Sambandet eller dei sovjetiske vertane.¹²⁸ I etterkant av reisa konkluderte *Tidsskriftet Samband* med at studentdelegasjonen var særst vellukka og eit "sesam" som opna spaltene i dei store borgarlege avisene. Spesielt var det verknadsfullt då studentane erklærte at "de hadde reist helt fritt omkring og snakket med hvem de ville uten noen som helst form for politisk kontroll". *Tidsskriftet* hevda i tillegg at røynslene med delegasjonen førte til at denne nye linja vart brukt på dei fleste seinare delegasjonar.¹²⁹

Det har vist seg problematisk å kontrollere om denne påstanden stemmer,

men mykje tyder på at kontrollen med kven som reiste til Sovjetunionen frå midten av femtitalet vart noko svakare. Årsaka til dette var først og fremst at talet på menneske som reiste til Sovjetunionen auka jamt og trutt i perioden etter 1953. Auken i talet på delegasjonsreiser og turistreisene som vart sett i gong, førte dessutan til at eit større spekter av menneske fekk høve til å reise. Det låg likevel klare føringar på kven som fekk vere med. Turistreisene vart til dømes i stor grad marknadsførte blant Sambandet sine eigne medlemmer, og medlemsskapet i Sambandet gjorde det mogleg å reise til Sovjetunionen til svært fordelaktige prisar.

Det er likevel tydeleg at russarane etter kvart adopterte idéen om ein noko rundare delegasjonspolitikk som også opna for andre grupper enn kommunist-sympatisørane, trass i at målet framleis var å få delegatane til å uttale seg positivt om Sovjetunionen. Dette viste mellom andre ambassadør Arkadjev i ei samtale med leiaren i NKP, Emil Løvlien, i mai 1955. Arkadjev fortalde at også delegasjonar som var utgått frå "borgerlige miljø" no ville bli inviterte til Sovjetunionen. Han håpte at dersom desse gruppene ville uttale seg positivt om det dei fekk sjå i Sovjetunionen, ville det få større innverknad på den norske opinionen enn om representantar frå NKP gjorde det same.¹³⁰

I 1953 sende Sambandet ein musikardelegasjon til Sovjetunionen. Dette vart oppfatta som ei verkeleg nyvinning for Sambandet. Denne delegasjonen skulle, som dei første nordmenn i regi av Sambandet, faktisk gi konsertar og oppvisningar for eit sovjetisk publikum til liks med det sovjetiske kulturdelegatar hadde gjort i Noreg kvart einaste år etter andre verdskrigen. Sambandet var tydeleg klar over at kulturutvekslinga mellom Noreg og Sovjetunionen tidlegare hadde vore skeiv. *Tidsskriftet Samband* uttrykte difor følgjande i høve delegasjonen si reise til Sovjetunionen:

Mange mennesker har nok sett med sympati på vårt arbeid, men har ikke villet være med fordi de har ment vi bare har drevet med enveiskjøring. Hvorfor, har de sagt, blir det bare opptreden av sovjetkunstnere her og aldri av norske i Sovjet? Hvor blir det av den gjensidigheten i forbindelsene som omtales i Sambandets statutter? Nå skjedde det altså, et nytt, viktig skritt og en ny hindring er ryddet av veien.¹³¹

Det er likevel grunn til å leggje merke til at den norske musikardelegasjonen var eitt unnatak i Sambandet si delegasjonsutveksling mellom Noreg og Sovjetunionen. Talet på norske musikardelegasjonar til Sovjetunionen var aldri i nærleiken av å kunne samanliknast med talet på sovjetiske ensemble, solistar, kor og ballettdanserinner som gjesta Noreg med større eller mindre turnéar i denne perioden. Berre éin einaste større norsk delegasjon med musikarar ser ut til å ha reist til Sovjetunionen etter delegasjonen i 1953. Dette var kulturdelegasjonen som reiste til Sovjetunionen i 1955 i tida rundt statsminister Gerhardsen sitt offisielle besøk. Ved sidan av musikarar var også radiomedarbeidaren Rolf Kirkvaag med som delegat. Under opphaldet lagde Kirkvaag ti radioreportasjar om Sovjetunionen som fekk stor merksemd i Noreg. Dette rekna russarane for å vere svært vellukka og vurderte det som ein stor propagandasiger.¹³²

I følgje *Tidsskriftet Samband* fekk Sambandet sine nye strategiar i delegasjonsarbeidet òg innverknad på eit anna område. Tidsskriftet hevda at desse initiativa markerte den viktige rolla Sambandet kunne spele som eit rådgjevande organ overfor russarane. Sambandet sine medlemmer meinte at dei var i betre stand til å forstå nordmenns reaksjonar og mentalitet enn dei russiske diplomatane som budde nokre år i Noreg i større eller mindre isolasjon og deretter reiste sin veg:

*I samtale på samtale og i brev til våre forbindelser i Moskva har vi ofte hevdet disse synspunkter. Det har ofte gått ganske hardt til, men litt etter litt har det hjulpet og forholdene er blitt mye bedre, på en rekke områder helt utmerkete. Vår rolle som rådgivere vil bli viktigere og viktigere etter som vår virksomhet på andre områder innskrenkes.*¹³³

NKP og russarane sine føringar på aktiviteten

I perioden 1953-1958 var Sambandet eit sentralt diskusjonstema under fleire møte mellom sovjetiske diplomatar i Oslo og leiande personar i NKP. Kjelde-materialet viser at NKP både var ei god informasjonskjelde til aktiviteten og tilstanden i Sambandet, og dessutan ein påverknadskanal til Sambandet for dei

sovjetiske diplomatane.

Gjennom samtalereferat mellom dei sovjetiske diplomatane og formannen i NKP, Emil Løvlien, i denne perioden, ser ein tydeleg at russarane var svært misnøgde med tilstanden i Sambandet. Både ambassadør Afanasiev og ambassadør Arkadjev oppfatta Sambandet som ein svak organisasjon utan påverknad på norsk politikk. Arkadjev opplyste til dømes i februar 1955 at han ikkje hadde registrert nokon vesentlege endringar eller framskritt i Sambandet sitt arbeid i dei månadene han hadde vore i Noreg. Tvert imot, hevda han, hadde Sambandet vore i ein tilstand som han ville karakterisere som stillstand.¹³⁴ Arkadjev var heller ikkje nøgd med talet på lokale avdelingar i Sambandet, trass i at dette var dobla frå seks til tolv på få år. Arkadjev syntest talet var for lite, spesielt samanlikna med det Svensk-Russiske Sambandet, som hadde heile 35 avdelingar i 1955.¹³⁵

I samtalene med Emil Løvlien forsøkte både Afanasiev og Arkadjev å få NKP til å involvere seg meir i Sambandet. Formålet var å auke Sambandet si oppslutning og oppnå størst mogleg innverknad på den norske opinionen. Ved eit høve foreslo Løvlien at sentralkomiteén i NKP skulle ta stilling til kven som burde gå i spissen for Sambandet i den neste landsmøteperioden. Han sa vidare at NKP sitt sekretariat så fort som mogleg ville utarbeide ei liste med aktuelle kandidatar frå fagrørsla og kulturlivet, og deretter drøfte dette med Christian Hilt. Løvlien håpte at det på denne måten skulle bli mogleg å få valt ei arbeidsfør leiing til organisasjonen. Ved eit anna høve foreslo Arkadjev å tilsetje ein "omreisande instruktør" i Sambandet sitt apparat for å styrkje arbeidet i organisasjonen. Dette var Løvlien einig i, og han lovde dessutan å tenkje på ein kandidat til stillinga.

Trass i dette syntest Arkadjev at Løvlien ofte inntok ein tilbakehalden og uklar posisjon når samtalen kom inn på måtar å forbetre arbeidet i Sambandet på. Dette gav Arkadjev inntrykk av at NKP ikkje la tilstrekkeleg vekt på spørsmålet om å forvandle Sambandet til ein masseorganisasjon.¹³⁶

I praksis var det vanskeleg for Løvlien og NKP å openlyst engasjere seg i Sambandet utan å motta kritikk frå Sambandet sjølv eller media. Sjølv om sovjetiske diplomatar fleire gongar ville drøfte måtar å få NKP meir aktivt med i Sambandet på, er det mykje som tyder på at Løvlien heller ville at NKP skulle

liggje lavt i terrenget. Mykje tyder på at leiinga i NKP var klar over at det eksisterte grenser for kor sterkt partiet kunne engasjere seg i Sambandet før engasjementet fekk motsett effekt av den ønskte.

Det er likevel ingen tvil om at NKP øvde ein viss innverknad på Sambandet. Særskilt var NKP interessert i å styre samansetninga av dei faglege delegasjonsreisene som Sambandet arrangerte etter innbydingar frå sovjetiske fagorganisasjonar. NKP ville ikkje sjølv stå offentleg fram som pådrivar for faglege delegasjonsreiser til Sovjetunionen av frykt for sterk kritikk frå media, norsk fagrørsle og DNA. Tanken var at det ville skape mindre friksjon og oppstyr dersom Sambandet fungerte som mellomledd mellom sovjetisk og norsk fagrørsle.

Framgangsmåten som ofte vart brukt var difor at Sambandet tok direkte kontakt med potensielle delegatar på lavare nivå i fagforbunda og på arbeidsplassane.¹³⁷ Dette var stort sett personar som NKP og Sambandet var sikre på ville akseptere ein invitasjon, og som i utgangspunktet ikkje var kritisk innstilte til Sovjetunionen. Ved å omgå dei DNA-styrte leiingane i fagforbunda unngjekk difor Sambandet, NKP og russarane stort sett å få avslag på invitasjonane sine, men det førte til at Sambandet ofte vart angripe for å drive ureieleg spel. Trass i NKP sine voner om det motsette, vart framgangsmåten sterkt kritisert av media.

Kjeldene gir få indikasjonar på om Sambandet hadde motforestillingar til russarane og NKP sin praksis med å kanalisere invitasjonane gjennom Sambandet. Nokre hendingar viste iallfall at Sambandet ikkje var særleg begeistra for den sterke vilje til direkte innblanding i organisasjonen som enkelte av dei sovjetiske diplomatane la for dagen, spesielt i perioden etter 1952. Dette kom til dømes klart til uttrykk i Sambandet sitt forhold til VOKS-representanten M. A. Kustovskij i perioden 1953-1954. Sannsynlegvis kom Kustovskij til den sovjetiske ambassaden i 1953 med ordre om å gjere ein betre jobb og oppnå betre resultat med Sambandet enn dei tidlegare representantane G. I. Suvorov, Aleksej Rylnikov og Boris Mezjevitinov klarte i perioden 1945-1952. Kustovskijs engasjement og pågåande stil vart imidlertid dårleg mottatt av leiinga i Sambandet og forsøk på innblanding irriterte mellom andre formannen, kunstnaren Henrik Finne, kraftig. I eit brev frå hausten 1954 til leiaren i

skandinavisk avdeling i VOKS, reiste Finne det prinsipielle spørsmålet om leiinga i Sambandet skal ligge hos det lovleg valde sambandsstyret eller hos den sovjetiske VOKS-representanten. I brevet skriv Finne følgjande:

Hittil har praksis vært at vi naturligvis konfererer med ambassadens representanter om alle spørsmål og problemer av noen betydning, men det har aldri forekommet at man fra sovjetisk side har forsøkt å tvinge gjennom en avgjørelse som Sambandets styre har vært saklig uenig i. Det bør jo stå fullstendig klart at vi som har levd i Norge hele vårt liv og kjenner våre spesielle forhold tilbunds er bedre i stand til å treffe de riktige disposisjoner enn folk som bare har tilbrakt noen få måneder i vårt land og som ennå resonnerer som om det norske folk bare besto av varme venner av Sovjetunionen. Den selvfølgelige erkjennelse av dette forhold var det som gjorde samarbeidet mellom oss og ambassaden under A. A. Afanasievs ledelse så positivt og fruktbart. En avgjørende endring her vil uten noen som helst tvil føre til ytterst farlige konsekvenser for Sambandet. I løpet av kort tid vil det gode resultat av de siste års arbeid bli ødelagt, og alle utsikter til å vinne nye kretser for våre ideer begravnes. Hvorfor? Jo, fordi Sambandet da vil bli betraktet som et rent instrument for Sovjetunionen, i stedet for et politisk, uavhengig, formidlende ledd mellom våre to land. Vi har nok av fiender som bare venter på dette for å gå til offensiv. For to år siden betraktet de Sambandet som døende - i dag ser de med bekymring på vår virksomhet.¹³⁸

I brevet hevda Henrik Finne at han korkje ville eller kunne ta ansvaret for retningslinjer og handlingar som han eller styret var ueinig i. Han gav difor beskjed om at han ville gå av som formann dersom desse spørsmåla ikkje vart avklart i god tid før landsmøtet i 1953. Dette klart uttrykte misnøyet resulterte i at Kustovskij vart fjerna frå stillinga si som VOKS-representant og mellombels erstatta med S. E. Nikisjin. Finne var svært nøgd med dette, og melde til Sjumilov at han håpte ordninga kunne bli varig. Nikisjin hadde vore så lenge i landet at han forstod norsk mentalitet, dessutan var han svært effektiv, skreiv

Finne.¹³⁹ Nikisjin kom til Noreg i 1952 og hadde ei stilling som førstesekretær ved den sovjetiske ambassaden.

Sambandet ekspanderer i Nord-Noreg

Fram til 1952 var mesteparten av aktiviteten i Sambandet lokalisert til Sør-Noreg, til avdelingane i Oslo, Bergen, Trondheim og Drammen. I perioden 1952-1958 vart imidlertid både aktiviteten og medlemsutviklinga forskuva mot dei nordlegare delane av landet. Det eksisterte allereie ei aktiv avdeling i Tromsø, og den første avdelinga i Finnmark vart danna i samband med avdukinga av eit krigsminnesmerke i Kirkenes i juni 1952.¹⁴⁰ I løpet av dei fire neste åra fekk Sambandet nye avdelingar i Vardø, Vadsø, Honningsvåg, Hammerfest og Narvik. Alle nydanningane i denne perioden fann altså stad i Troms og Finnmark. Talet på avdelingar i Sambandet auka frå seks til tolv, og det totale medlemstalet voks frå om lag 1.400 til 2.500. I tillegg auka talet på kollektivmedlemskap i Sambandet frå 69 til 75 med eit samla medlemstal på 27-28.000.¹⁴¹

Det eksisterte gode tilhøve for å etablere avdelingar av Sambandet i Nord-Noreg i denne perioden. Generelt sett var folk i dei nordlege fylka meir positivt innstilte til Sovjetunionen enn nordmenn flest, og NKP hadde eit solid fotfeste i enkelte nordnorske lokalsamfunn. Det nordnorske folket var framleis takksame for den sovjetiske innsatsen under frigjeringa av Aust-Finmark, og det eksisterte eit ekte ønske om samarbeid og kontakt med russarane over grensa. Også russarane var interesserte i ei utviding av aktiviteten i Nord-Noreg. Dette kunne mellom anna gi russarane betre høve til å reise meir i dei nordnorske fylka, samtidig som ein fekk utnytta dei positive kjenslene mange nordmenn hadde overfor det russiske folket. Eit verkeleg oppsving i aktiviteten i Nord-Noreg kom imidlertid ikkje før mot slutten av femtitalet og på sekstitalet.

Gerhardsen i Moskva og den offisielle kulturavtala i 1955

Fram til 1954 var det sovjetiske kontaktnettet i Noreg avgrensa til miljøet rundt NKP og Sambandet Norge-Sovjetunionen. Det eksisterte omtrent ingen kontaktar i DNA eller i andre parti, om ein ser bort frå kontakten med arbeidar-

partimannen Jacob Friis og enkelte andre på DNAs venstrefløy. Frå 1954 til våren og sommaren 1955 endra dette biletet seg kraftig. Våren 1955 rapporterte ambassadør Afanasiev om åtte samtaler med sentrale norske politikarar, medan den nye ambassadøren, Arkadjev, i løpet av våren 1955 hadde 29 tilsvarande samtaler.¹⁴² Våren 1955 byrja Gerhardsen og andre norske politikarar dessutan å møte opp i mottakingar ved den sovjetiske ambassaden. Frå juni til desember 1955 er det registrert 11 enkeltsamtaler mellom Gerhardsen og Arkadjev.¹⁴³ Arkadjevs offensiv frå våren 1955 bana òg vegen for ei utviding av dei andre sovjetiske diplomatane si kontaktflate i Noreg. Dette galdt til dømes Viktor Grusjko og Jevgenij Beljakov, som nærast vart "husvener" hos familien Gerhardsen i denne perioden.¹⁴⁴

Det var under ei av Gerhardsens samtaler med Arkadjev i juni 1955 at den sovjetiske ambassadøren føreslo eit offisielt norsk statsministerbesøk til Sovjetunionen.¹⁴⁵ Gerhardsen diskuterte denne innbydinga både med den norske regjeringa og utanrikskomitéen, som tilrådde Gerhardsen å akseptere invitasjonen. For den norske regjeringa var det imidlertid eit mål at statsbesøket ikkje skulle omhandle grunnlaget for Noregs trygging- og utanrikspolitikk. Det vart difor bestemt at utanriksministeren skulle bli heime, medan handelsminister Skaug skulle følgje Gerhardsen til Moskva. Sakene som skulle drøftast var gjensidig handel, kulturell utveksling og kraftsamarbeidet i Pasvik.¹⁴⁶

Statsbesøket vart oppfatta som ein stor triumf for det sovjetiske noregsdiplomatiet, og vart rekna som ein dørøpnar til tettare og breiare norsk-sovjetiske kontaktar på ei rekkje felt. Dei umiddelbare resultatane av statsbesøket var til dømes det norsk-russiske flåtebesøket, den sovjetiske landbruksdelegasjonen og det norske parlamentarikarbesøket i Sovjetunionen i 1956. Under samtalene i Moskva kom partane inn på det gledelige oppsvinget i den kulturelle utvekslinga mellom Noreg og Sovjetunionen dei siste åra. I dette høvet antyda statsminister Nikolaj Bulganin at ein på sovjetisk side var klare til å leggje fram eit utkast til ei formell kulturavtale mellom Noreg og Sovjetunionen. Den norske parten svarte at ein kunne utforme ei slik avtale seinare, men at ein kunne førebu eit utførleg framlegg i form av eit tilsvarande avsnitt i kommunikéet om statsminister Gerhardsen sitt besøk.¹⁴⁷

I kommunikéet vart det lagt vekt på at framtidig kontakt mellom Noreg og Sovjetunionen burde skje gjennom offentlege organisasjonar i dei to landa og at dei statlege organa med ansvaret for kultur burde få i oppdrag å formidle slike kontaktar.¹⁴⁸ Dette viser at norske styresmakter gjerne ville føre den kulturelle utvekslinga mellom Noreg og Sovjetunionen inn i meir offisielle former. Det var dermed, frå norske styresmakter sitt synspunkt, ikkje ønskeleg at private organisasjonar som Sambandet i framtida skulle stå fram som det fremste kulturelle bindeleddet mellom Noreg og Sovjetunionen.

Sambandet sine reaksjonar på det norsk-sovjetiske kommunikéet var likevel positive. Organisasjonen vurderte innhaldet som ein naturleg konsekvens av den utviklinga ein hadde sett dei siste åra, og eit godt teikn på at tilhøvet mellom Noreg og Sovjetunionen no var i ferd med å bli normalisert. Sjølv om kulturavtala på sikt kunne føre til at Sambandet vart overflødig, hadde ikkje leiinga noko stor tru på dette. Leiinga hevda at Sambandet framleis hadde mange oppgåver å fylle som dei forskjellige statlege organisasjonane vanskeleg kunne ta seg av:

Det vil alltid trenges en samskipnad av godviljens mennesker som går inn for et normalt samkvem mellom øst og vest uavhengig av tilfeldige konjunktursvingninger, mennesker som ikke lar seg skremme av mulige nye propagandaoffensiver fra kretser som ikke ønsker et slikt samkvem.¹⁴⁹

Likevel viste det seg at aktiviteten i Sambandet i 1956 var lågare enn på fleire år, og at ein større del av kontakten mellom Noreg og Sovjetunionen vart organisert utan hjelp frå Sambandet. I 1956 var Sambandet til dømes berre involvert i éin delegasjon med seks deltakarar.¹⁵⁰ Dette var ei utvikling som i høg grad skuldast at forholdet mellom dei offisielle krinsane i Noreg og Sovjetunionen var betre. I ei samtale som NKP-aren og sambandsmedlemmen Just Lippe hadde med ambassadør Griбанov i juli 1956, peika Lippe på dette problemet:

Tidlegare stod Sambandet fram som ein viktig mellommann for å etablere kulturelle kontaktar mellom Noreg og Sovjetunionen. No er desse kontaktane ivaretatt av andre organisasjonar enn Sambandet.¹⁵¹

Ungarn 1956. Ei krise for Sambandet?

Den sovjetiske invasjonen i Ungarn hausten 1956, berre nokre veker etter at den norsk-sovjetiske kulturavtala vart underteikna, førte til at det offisielle Noreg braut samarbeidet sitt med Sovjetunionen på ei rekkje felt. Stortinget utsette ratifiseringa av kulturavtala, og det offisielle kulturprogrammet vart skrinlagt. Hendingane førte i første omgang til kraftige problem for Sambandet, sjølv om leiaren, professor Ivan Theodor Rosenqvist, så godt han kunne forsøkte å bagatellisere følgjene. I eit intervju med *Aftenposten* i november 1956 vedgjekk Rosenqvist likevel at styret hadde mottatt ein del utmeldingar av organisasjonen.¹⁵²

Hendingane i Ungarn førte til at Sambandet arrangerte eit ekstraordinært medlemsmøte i januar 1957 for å diskutere kva organisasjonen skulle gjere i situasjonen som hadde oppstått, og kva veg Sambandet skulle gå vidare. På dette møtet sette kunstnaren og styremedlemmen Henrik Finne ord på det som mange følte:

Mange ganger har vi spurt oss selv om det virkelig er verd å ofre så mye, både av tid og krefter på dette Sambandet. Står de resultater vi har nådd i noe som helst forhold til anstrengelsene? Er vi ikke en flokk godtroende idealister som nærer oss av rene illusjoner?¹⁵³

Sjølv om dei fleste medlemmene var skuffa over det som hadde skjedd i Ungarn, var det få som var interesserte i å fordømme russarane offentleg. Styret unngjekk mellom anna å diskutere hendingane i Ungarn under tilvising til at dette var "en rent politisk sak som vi ikke kan ta opp i Sambandet, blant annet fordi synet på disse tingene heller ikke innenfor ledelsen er ensartet." På generell basis meinte likevel styret at ein ikkje måtte gløyme den veldige framgangen som hadde funne stad i Sovjetunionen i løpet av dei siste 40 åra.

Styret vedgjekk at det var lett både å vere skuffa etter hendingane i Ungarn og kjenne seg bedradd etter avsløringane på den 20. partikongressen. Styret var likevel overtydd om at liberaliseringa ville bli ført vidare trass i mellombelse tilbakeslag som hendingane i Ungarn. Styret hevda at liberaliseringa var tvinga fram både av tilstandane i folkedemokratia og av press frå folkemassene i Sovjetunionen "fordi overbygningen ikke lenger svarer til den åndelige og materielle tilstand av i dag."¹⁵⁴

Det norske Overvakingspolitiet meinte at på dette tidspunktet fanst det krefter i organisasjonen som gjekk inn for å leggje ned Sambandet for godt. Årsakene til dette misnøyet var i første rekkje sjokket etter Ungarn, men det var òg ting som tydde på at misnøyet skuldast at Sambandet kjende seg tilsidesett av russarane. Overvakingspolitiet meinte at det var liten aktivitet i organisasjonen, og at det kunne verke som om russarane ikkje ville satse meir på Sambandet.¹⁵⁵

På det ekstraordinære møtet i januar 1957 vedgjekk Henrik Finne at den forbetra offisielle kontakten mellom Noreg og Sovjetunionen var ei vesentleg årsak til nedgangen i Sambandet sin aktivitet før hendingane i Ungarn hausten 1956. Etter Ungarn meinte styret imidlertid at situasjonen var ein annan. Styret hevda at det trass alt var fleire grunnar til å fortsette arbeidet enn til å gi opp, og at Sambandet i tida framover ville få meir å seie enn nokonsinne. Hovudargumentet for å halde fram var at dei fleste medlemmene i Sambandet ville oppretthalde kontakten med vanlege sovjetborgarar, uansett kva den sovjetiske regjeringa hadde gjort i fortida eller måtte finne på i framtida.

Sjølv om hendingane i Ungarn førte til at mange av medlemmene vart desillusjonerte og byrja å tvile på Sambandet, vart aktiviteten i realiteten aldri stansa. Hendingane i Ungarn gjorde det vanskelegare for Sambandet både å nå ut til dei store massene og å forsvare sjølve idéen bak arbeidet sitt. Paradoksalt nok vart resultatet likevel at Sambandet sin del av kulturutvekslinga mellom Noreg og Sovjetunionen på nytt auka. I 1957 var Sambandet til dømes involvert i tre delegasjonar med i alt 20 deltakarar. Årsaka til auken var mest sannsynleg at den offisielle kontakten mellom Noreg og Sovjetunionen låg på is i ein periode etter hendingane i Ungarn, og at Sambandet var ein av svært få norske organisasjonar som framleis ville drive eit utstrekt samarbeid med

russarane i 1957.

I 1958 var den offisielle kontakten mellom Noreg og Sovjetunionen tatt opp på ny. Dette vart til dømes stadfesta då Stortinget ratifiserte den norsk-sovjetiske kulturavtala i mars dette året.¹⁵⁶ I utgangspunktet var også dette eit nytt teikn på at kulturarbeidet gjennom Sambandet no kunne kome til å minke dersom styresmaktene i dei to landa var innstilt på å la ein større del av kulturutvekslinga gå gjennom offisielle kanalar. Dette vart imidlertid ikkje utviklinga. I 1958 og i åra etter auka Sambandet si delegasjonsutveksling jamt og trutt.¹⁵⁷ Hovudårsaka til dette var at russarane ikkje var villige til å slå handa av Sambandet og kun satse på den offisielle kulturavtala mellom Noreg og Sovjetunionen. I eit møte ambassadør Gribanov hadde med styret i Sambandet, gav han tvert imot uttrykk for at organisasjonen i framtida hadde viktige oppgåver og måtte intensivere arbeidet sitt ytterlegare:

Ein må likevel ikkje berre unngå nedgang i Sambandet sin aktivitet, men tvert om auke den endå meir. Det må særskilt dannast fleire støttegrupper på forskjellige fabrikkar. Eg gjorde òg reie for innhaldet i kulturavtala mellom SSSR og Noreg, og gjorde styremedlemmene merksame på kor nødvendig det er å styrkje propagandaarbeidet om Sovjetunionen i Noreg og vidareutvikle kontakten mellom sovjetiske og norske kulturrepresentantar.¹⁵⁸

Danninga av SSOD og Sambandet Sovjetunionen-Norge 1958

I februar 1958 vart det organisert ein stor konferanse i Moskva med om lag 500 deltakarar frå ei rekkje sovjetiske organisasjonar. Formålet med konferansen var å danne organisasjonen *Sojuz sovetskikh obsjtsjestv družjby i kulturnoj svjazi s zarubezjnymi stranami* (Unionen av sovjetiske venskaps- og kultursamband med framande land, forkorta SSOD). I realiteten var dette ei omorganisering av VOKS, og målet var først og fremst å effektivisere det sovjetiske kultursamarbeidet med andre land. Det høgste organet i den nye organisasjonen var *den allunionelle konferansen*, som vart arrangert kvart femte år.

I perioden mellom desse konferansane vart SSOD leia av eit *presidium*. I presidiet som vart konstituert i 1958, vart Nina Popova vald til leiar, og Viktor Gorsjkov til nestleiar. Popova var òg, til liks med alle tidlegare leiarar av VOKS og SSOD, medlem av sentralkomitéen i KPSS. Presidiet støtta seg først og fremst på forordningar frå sentralkomitéen og frå SSOD-rådet, som hadde 134 medlemmer.

SSOD vidareførte den gamle VOKS-strukturen med byrå og spesialbyrå inndelt i geografiske avdelingar. I tillegg var den nye organisasjonen oppbygd av 18 seksjonar innan ei rekkje felt: Arkitektur, kunst, teater, kino, musikk, medisin, pedagogikk, vitenskap, teknikk, samfunnsvitenskap, orientalistikk, jordbruk, naturvitenskap, rett, økonomi, filosofi, juss, litteratur, barnkunst, foto og kontakt med unionsrepublikane.¹⁵⁹ Fleire av desse seksjonane oppstod og eksisterte i VOKS-perioden mellom 1925 og 1958.

Den store forskjellen mellom VOKS og den nye organisasjonen SSOD var først og fremst at det vart danna sovjetiske "tvillingorganisasjonar" til vennskapsforeiningane i utlandet. I månaden etter omorganiseringa vart det til dømes danna eit Sambandet Sovjetunionen-Finland som motstykke til Sambandet Finland-Sovjetunionen. Liknande foreiningar vart òg danna for Bulgaria, Kina, Ungarn, Tyskland, India, Italia, Polen og Tsjekkoslovakia.¹⁶⁰ Allereie to veker etter etableringa av SSOD tok ambassadør Gribanov initiativet til å danne ein liknande sovjetisk tvillingorganisasjon til Sambandet Norge-Sovjetunionen. Gribanov hevda at Noreg sin militærstrategiske eigenskap som nabo og NATO-medlem gjorde det nødvendig å danne eit Sambandet Sovjetunionen-Norge så fort som mogleg.¹⁶¹

Sambandet Sovjetunionen-Norge vart danna den 18. juli 1958 i SSOD sine lokale i *Dom Kultury* i Moskva.¹⁶² Den nye foreininga skulle med alle midlar medverke til å utvikle "vennskap, gjensidig forståing, tillit og kulturelt samarbeid mellom det sovjetiske og det norske folk." Organisasjonen hadde òg som formål å arbeide for å styrkje naboskapet og gjere det sovjetiske folket kjent med norsk historie, arbeid og daglegliv, økonomi og kultur. Tilsvarande skulle det norske folk bli kjent med historiske, økonomiske, vitenskaplege og kulturelle trekk ved dei ulike folka i Sovjetunionen.¹⁶³

Blant deltakarane på stiftingsmøtet finn vi ei gruppe norske turistar, Per

Gullowsen frå den norske ambassaden i Moskva og fleire kjente sovjetiske personar. Blant dei mest framstående sovjetiske deltakarane finn vi lyrikaren Jevgenij Dolmatovskij, fiskeriminister Aleksander Isjkov, visejordbruksminister T. Petrov, første viseminister for marinen Jurij Savinov, skøyteløparane Oleg Gontsjarenko og Maria Isakova, polarforskarane T. Volkov og Aleksej Tresjnikov, norsktolkane Ksenija Aleksandrova og Karl Tsyn, songarinna Vera Davidova, direktøren for Eremitasjen i Leningrad, T. Artamonov, og den sovjetiske ambassadøren i Noreg i perioden 1947-1954, Sergej Afanasiev.¹⁶⁴ Dei aller fleste av desse deltakarane og dei fleste andre medlemmene av organisasjonen hadde anten vore i Noreg som sovjetiske delegatar, dei var kjende og populære i Noreg eller dei hadde ei stilling der Noreg var ein viktig samarbeidspartnar. Som leiar valde forsamlinga professor i genetik Vsevolod Stoletov, som deltok på ei delegasjonsreise til Noreg i 1950.¹⁶⁵

Medlemmene i Sambandet Sovjetunionen-Norge var først og fremst knytt opp mot organisasjonen via kollektivmedlemskap. Dei fleste institusjonane og bedriftene som var kollektivmedlemmer av Sambandet Sovjetunionen-Norge i 1959 hadde tilknytning til Noreg eller arbeidet i polare strøk. Dette galdt til dømes Murmansk fiskekombinat, Murmansk skipsverft, Skipsverftet ved direktoratet for den arktiske og polare flåten, Polarforskningsinstituttet for marint fiskeri og oseanografi, det all-russiske forskingsinstituttet for marint fiskeri og oseanografi, Trust Artikugol, samt Arktisk og Antarktisk vitskaplege forskingsinstitutt i Leningrad. Andre kollektivmedlemmer var mellom andre Murmansk pedagogiske institutt, Kuntsevskaja vevfabrikk, skule nr. 2 og Lenin Stadion i Moskva.¹⁶⁶

Alt etter interesse og kunnskap vart representantar frå desse arbeidsplassane delt inn i åtte kommisjonar. Kommisjonane hadde ansvar for aktivitetar og tilstellingar innafør felte informasjon, litteratur, språk og kunst, sport, kvinner, ungdom, organisasjonsarbeid og arbeid med norske delegasjonar og turistar. Kommisjonane planla og gjennomførte arrangement som til dømes norsk-sovjetiske venskapsfestar, litteraturkveldar og utstillingar, dei feira norske jubileumsdatoar og deltok i mottaking og underhaldning av dei norske delegatane.¹⁶⁷

I tillegg til hovudavdelinga i Moskva vart det også danna avdelingar av

Sambandet Sovjetunionen-Norge i Leningrad og i Murmansk. Avdelinga i Murmansk vart danna i august 1959, og er spesielt interessant som bakgrunn til utvidinga av sambandsaktiviteten i Nord-Noreg på sekstitalet. Russarane la sjølve sterk vekt på at danninga av denne avdelinga var den direkte innleiinga til den aukande delegasjonsverksemda mellom Nord-Noreg og Nordvest-Russland på sekstitalet:

Danninga av avdelinga vart prega av opninga av den direkte utvekslinga med dei nordlegaste avdelingane av Sambandet Norge-Sovjetunionen. Innan Sambandet er vi den einaste venskapsavdelinga for samband med eit medlemsland i NATO som utvekslar delegasjonar over grensa. Opninga av grenseutvekslinga har skapt nye høve til å aktivisere arbeidet til Sambandet Norge-Sovjetunionen og auke kontakten med folket i Nord-Noreg.¹⁶⁸

Kapittel 4: Sambandet i Nord-Noreg 1959-1970. Glansperiode og nye nederlag

Innleiing

I perioden frå 1952 forsøkte ei rekkje nordnorske avdelingar å etablere eit tettare og nærare forhold til Nordvest-Russland. Dei fleste forsøka på å betre tilhøvet tidleg på femtitalet var imidlertid mislukka. Nordmennene fann det vanskeleg å nå gjennom byråkratiet i Moskva og dei oppfatta russarane som lite entusiastiske. Dette resulterte i at det etterkvart spreidde seg ei oppgitt stemning i dei nordnorske avdelingane.

Først mot slutten av femtitalet forsøkte avdelingane å bryte ut av isolasjonen. I 1959 gjekk ni avdelingar saman og danna eit distriktsstyre for Finnmark i Kirkenes, og i 1962 vart dette distriktsstyret flytta til Tromsø. Denne omorganiseringa førte til at avdelingane i Nord-Noreg i større grad kunne koordinere kontakten med russarane på sekstitalet. I tillegg skjedde det, som nemnt, ei tilsvarande omorganisering på sovjetisk side i denne perioden. Danninga av SSOD og Sambandet Sovjetunionen-Norge i 1958 og etableringa av ei lokalavdeling av Sambandet i Murmansk førte til at kontakten over den norsk-sovjetiske grensa betra seg.

Denne utviklinga resulterte i ei rekkje omfattande prosjekt som fekk stor merksemd frå Overvakingspolitiet, norske styresmakter og media i denne perioden. Dei fleste prosjekta var knytte til måtar å auke den direkte kontakten mellom det norske og det sovjetiske folket på, og omfatta til dømes turistreiser, turistsenter, kulturhus og sovjetisk-nordisk kalottsamarbeid.

Ein av hovudtendensane i samarbeidet mellom Sambandet og russarane i denne perioden var dessutan at nordmennene byrja å utfordre dei sovjetiske måtane å drive venskapsarbeidet på. Nordmennene var irriterte på russarane, og klaga over at det tok for lang tid å ordne avtaler. Nordmennene hevda dette

var utidig somling som fekk negative konsekvensar for effektiviteten og seriositeten i sambandsarbeidet. Enkelte av sambandsavdelingane var også kritisk innstilte til dei sovjetiske arbeidsmetodane, som dei karakteriserte som gamaldagse og fantasilause.

Opprettinga av sambandskontoret i Nord-Noreg

Sambandet si interesse for eit utvida samarbeid mellom Nord-Noreg og Nordvest-Russland hadde først og fremst bakgrunn i den sterke veksten i Sambandet i Finnmark tidlegare på femtitalet. På slutten av femtitalet var Finnmark det fylket som hadde flest avdelingar av Sambandet, samstundes som fylket hadde størst vanskar med å skaffe program og føredragshaldarar til møte og tilstellingar. For å endre på dette oppretta ni lokalavdelingar i Finnmark eit distriktsstyre i Kirkenes i november 1959. Distriktsstyret fekk som oppgåve å opprette ein meir direkte kontakt mellom Finnmark og dei nordvestlege delane av Sovjetunionen, som Murmansk og Nikkel, samt å fremje interessene til avdelingane i samanslutninga.¹⁶⁹

Kjeldene viser at lokale avdelingar av NKP var aktive pådrivarar i denne utviklinga. Tilhøvet mellom Sambandet og NKP var svært tett i denne perioden, og NKP hadde generelt sett stor innverknad på Sambandet i Nord-Noreg. Sambandets distriktsstyre var til dømes leia av kjende kommunistar som Godtfred Hølvold og Edit Næss frå Kirkenes.¹⁷⁰ Sjølv om det ikkje kan utelukkast at russarane var sterkt involverte i danninga av distriktsstyret i Kirkenes, har det ikkje lukkast meg å finne prov på at opprettinga av distriktsstyret var initiert frå russisk side. I etterhand var russarane imidlertid sterkt positive til styret, og vurderte det som eit godt instrument for å koordinere delegasjonsutvekslinga mellom Nord-Noreg og Nordvest-Russland.¹⁷¹

Kjeldematerialet viser at russarane etterkvart vart svært interesserte i eit nærare samarbeid med Sambandet Norge-Sovjetunionen, og dei gav også uttrykk for ønske om å trekkje fleire sambandsavdelingar med i distriktsstyret. I 1960 mottok til dømes distriktsstyret ein invitasjon frå Sovjetunionen om å sende ein delegasjon med leiande representantar frå alle avdelingane i Nord-Noreg til Murmansk. Samstundes med denne invitasjonen gav russarane, i

følgje det norske Overvakingspolitiet, uttrykk for å ville utvide distriktsstyret til å omfatte Nord-Noreg heilt sør til Narvik.

På eit møte med delegasjonsmedlemmene i Kirkenes nokre dagar før avreisa til Sovjetunionen la Godtfred Hølvold fram dette forslaget til avstemming. Forslaget vart vedtatt, og det nye, utvida styret fekk namnet Norsk-Sovjetrussisk Samband - styre for Nord-Norge. Forsamlinga vedtok at styret sitt sekretariat fortsatt skulle ha sete i Kirkenes. Under opphaldet i Murmansk vart resultatet av denne utvidinga lagt fram for to representantar frå Sambandet Sovjetunionen-Norge, Marina Garibova og Leonid Stanov. I følgje det norske Overvakingspolitiet sa desse to seg nøgde med tiltaket.¹⁷²

Etter kvart utvikla det seg imidlertid eit visst misnøye med styret i Kirkenes blant dei lokale sambandsavdelingane. Spesielt var det den lange avstanden til Kirkenes som irriterte, men også personlege motsetnader utgjorde ein negativ faktor. Innad i dei lokale avdelingane var det også misnøye med at lokale kommunistar for ein stor del hadde kontrollen med organisasjonen. Dette kom klart til uttrykk i Vardø avdeling i 1959-1960, då formannen Peder Johannesen, nestformannen og eit styremedlem melde seg ut fordi det lokale kommunistpartiet blanda seg inn i Sambandet sitt arbeid. Sjølv om Johannesen sympatiserte med NKP, var han av den oppfatninga at partiet ikkje skulle dominere Sambandet sitt arbeid. Johannesen hevda at Vardø mest sannsynleg ville ha hatt den største avdelinga i heile Finnmark, om ikkje kommunistpartiet blanda seg så utidig inn i verksemda.¹⁷³

Slike samarbeidsproblem førte etterkvart til at det pressa seg fram nye organisatoriske endringar. I 1961 kontakta avdelinga i Tromsø sentralstyret i Oslo og føreslo at Nord-Noreg burde delast i to distrikt; eitt for Finnmark og eitt for det øvrige Nord-Noreg med sete i Tromsø. Dette forslaget fekk i første omgang ikkje tilslutning frå sentralstyret i Oslo, og førte til sterke protestar frå distriktsstyret i Kirkenes og frå lokale avdelingar av NKP.¹⁷⁴

Våren og sommaren 1962 gjorde både russarane og sentrale medlemmer av Sambandet i Tromsø framstøytar for å flytte distriktskontoret frå Kirkenes til Tromsø. Godtfred Hølvold fekk høyre desse planane under samtaler med SSOD i Moskva i februar og mars 1962, og under ei flyreise frå Vardø til Tromsø nokre månader seinare vart flyttinga drøfta mellom leiaren for avde-

linga i Tromsø, Trygve Davidsen, og ambassadør Nikolaj Lunkov. I følgje det norske Overvakingpolitiet var Lunkov og Davidsen einige om at kontoret burde flyttast til Tromsø.

Det er liten tvil om at Sambandet var viktig for mange av dei lokale NKP-laga i Finnmark, og planane om å flytte kontoret frå Kirkenes til Tromsø provoserte mange av kommunistane. På Kirkenes lag av NKP si generalforsamling i november 1962 oppstod det difor ein heftig diskusjon om flytteplanane. Blant deltakarane på møtet var det full semje om at kontoret framleis burde liggje i Kirkenes. Argumenta var for det første at det var Kirkenes avdeling av Sambandet som i ei årrekke hadde arbeidd for å etablere nærare kontakt mellom Nordvest-Russland og Nord-Noreg. No når dette var i ferd med å lukkast, var det ikkje rettvist at Tromsø skulle hauste fruktene av arbeidet. Det gjekk òg fram av diskusjonen at det var av stor politisk verdi for NKP i Finnmark at kontoret var plassert i Kirkenes.

På møtet gav deltakarane sterkt uttrykk for at det var russarane som eigentleg stod bak flyttinga av kontoret frå Kirkenes til Tromsø. Det vart mellom anna uttalt at "de [russarane] hadde villet ha kontoret i Tromsø fra begynnelsen av, og at de hadde mye de skulle ha sagt om finansieringen av kontoret".¹⁷⁵ Resultatet av denne diskusjonen var eit vedtak om at NKP sitt distriktsstyre i Finnmark skulle be NKP sitt sentralstyre om å gi ei utgreiing om saka, samstundes som det vart protestert mot at kontoret skulle flyttast til Tromsø. Saka hadde tidlegare blitt handsama på eit utvida distriktsmøte av NKP i Finnmark, som også bad om at kontoret måtte ligge i Kirkenes. Helgeland, Salten og Vesterålen distrikt av NKP gjekk òg inn for Kirkenes i denne saka.¹⁷⁶

Hausten 1962 avgjorde Sambandet sitt sentralstyre i Oslo at kontoret likevel skulle flyttast til Tromsø. Trygve Davidsen fekk jobben som forretningsfører, og Bjørn Hølvold, sonen til Godtfred Hølvold, fekk tilbod om stillinga som distriktssekretær med ei årsløn på 25.000 kroner.¹⁷⁷ Bjørn Hølvold hadde fullført nokre års utdanning i Sovjetunionen og var, i følgje Overvakingpolitiet, ein mann russarane gjerne ville ha som sekretær i Tromsø. Sidan faren Godtfred var ein av grunnleggjarane av distriktsstyret i Kirkenes og dessutan motstandar av å flytte kontoret frå Kirkenes til Tromsø, valde

Hølvold likevel å takke nei til jobben. Sambandet tilsette i staden den energiske og idérike kommunisten Ole Sundfør.

Det nye kontoret starta opp arbeidet rundt årsskiftet 1962-1963. I 1964 vedtok Sambandet sitt hovudstyre i Oslo at distriktsstyret i Nord-Noreg skulle vere samansett av formennene i dei lokale avdelingane i Nord-Noreg og eit arbeidsutval på fem personar. Arbeidsutvalet skulle saman med sekretæren stå for den daglege leiinga av Sambandet si verksemd i Nord-Noreg.¹⁷⁸

Med dei opplysningane som er tilgjengelege, kan det verke som planane om å flytte kontoret frå Kirkenes til Tromsø ikkje nødvendigvis var initiert av russarane åleine, men heller av leiande personar i Sambandet i Tromsø og russarane i fellesskap. Det er heller ikkje umogleg at idéen kom frå Tromsø-avdelinga eksklusivt, og at russarane såg fordelane ved flyttinga. Ei flytting ville til dømes gi russarane betre påskot til å auke si eiga reiseverksemd utover grensetraktene i Finnmark. Mest sannsynleg var dei organisatoriske endringane i tillegg ein del av planane om å omdanne Sambandet til ein større organisasjon med breiare politisk representasjon. Flyttinga kan difor ha vore eit forsøk på å kome nærare dei etablerte politiske miljøa og organisasjonane i Tromsø. I denne samanhengen kan Kirkenes rett og slett ha blitt for lite og gjennomsiiktig for ein planlagd auke i aktiviteten, og dei lokale kommunistane sin kontroll med Sambandet for stor.

Opprøret i Narvik-avdelinga 1959-1960

I 1959-1960 gjorde Narvik-avdelinga av Sambandet framstøytar overfor russarane for å innføre nye samarbeidsformer. Under eit russisk delegasjonsbesøk i Narvik i september 1959 nytta dei to leiarane i avdelinga, NKP-medlemmene Tobias Ritzau og Arne Roll, høvet til å kome med krass kritikk av SSOD og Sambandet Sovjetunionen-Norge overfor representantar frå den sovjetiske ambassaden. I eit brev nokre veker seinare til professor Vsevolod Stoletov og Nikolaj Zarembo i Sambandet Sovjetunionen-Norge, gjentok Roll og Ritzau kritikken og la fram ei rekkje forslag til fornying av arbeidet. Roll og Ritzau slo mellom anna fast at metodane for kontaktarbeidet stort sett hadde vore dei same sidan 1945, og at det var ønsketenking å tru at det norske folk

år etter år kunne nære den same interessa for kultursamarbeid med eit nabo-land når metodane sjeldan eller aldri vart fornya:

Man sender mer eller mindre regelmessig, høytidelige hel- og halvoffisielle delegasjoner som gjerne har stort hastverk; vi får ett og annet besøk, hovedsakelig til Oslo og Bergen, av utvalgte store idrettsmenn og kunstnere som den alminnelige mann aldri kommer i egentlig kontakt med. Man sender også svære mengder av brosjyrer og statistisk materiale få eller ingen av folket gider lese. Dertil kommer en lang rekke avslag til norske enkeltpersoner eller organisasjoner (avslag til folk som vil ha kjenninger fra Moskva på familiebesøk, avslag til Narvik sjakk-klubb som ville ha en sjakkspiller på besøk og betale ham 200 kroner samt gi fritt opphold, avslag til idrettsklubber som vil til Nordvest-Russland og ta imot idrettsfolk direkte derfra, avslag til våre vitenskapsmenn nylig som ville drive felles utgravninger i Pasvikdalen ved Kirkenes).¹⁷⁹

I følge Roll og Ritzau burde Sambandet ta lærdom av venskapsarbeidet mellom Noreg og Storbritannia, Noreg og USA og Noreg og Finland. Sambandet burde fjerne seg frå bruken av delegasjonsreiser, som dei meinte ikkje passa for den individualistiske nordmannen og som norske ungdommar ikkje fann attraktive nok. Roll og Ritzau meinte delegasjonsreisene hadde utspelt si rolle, og at publikum i Noreg var lei av å høyre trøytande og likelydande rapportar år etter år. Målet var, i følge Roll og Ritzau, å få ungdommen til å engasjere seg i norsk-sovjetisk venskapsarbeid. Skulle dette lukkast måtte det norsk-sovjetiske samarbeidet gjennom ei total fornying:

Vår ungdom er individualistisk, med "vestlige" ferievaner, "vestlige" interesser. Flere av våre "vestlige" arbeidsmetoder må vi bruke og overta for våre formål. Det som gjelder er å komme på talefot med vår ungdom, som ikke akkurat elsker delegasjoner mest av alt. Dersom det nå i Moskva skulle være til stede en oppriktig interesse for våre synspunkter, vil vi foreslå at Norsk-Sovjetrussisk Samband setter opp en

liste over formene for vennsksarbeid Norge driver med andre land. La oss av dette rike stoffet bringe tankene hen på kontaktene som etableres direkte mellom norske organisasjoner og tilsvarende organisasjoner i utlandet – altså uten dirigering ovenfra, la oss nevne studieopphold, alle arter stipender, reisende skoleorkestre, klassebesøk i feriene med billig innkvartering, lærerbytte, utveksling av spesialarbeidere med privat innkvartering, bytte av leilighet i feriene, opprettelse av vennsksbyer med gjensidige besøk, internasjonal skoleidrett, de livsbejæende arbeidsleire for ungdom fra alle land eller de kombinerte studie- og arbeidsleire, det overordentlig viktige arbeid de internasjonale ungdomsherberger driver, et arbeid som russerne kjenner lite eller ingenting til etter erfaring, men som de sjøl, altså russerne, kunne lære mye av ettersom russisk turisme utvikler seg. La oss videre nevne at man kan lære av Foreningen Nordens arbeid, og la oss studere festivalukene, de voldsomt populære sykkel- og fotturer, hitch-hikingen som tusener på tusener av utenlandsk ungdom er med på her i Norge hver sommer. Vi lever ikke isolert, og kan heller ikke fortsette å arbeide isolert som før.¹⁸⁰

Roll og Ritzau meinte difor at det var på tide å etablere "frie og personlige" kontaktar mellom nordmennene og ruszarane. For å få dette til måtte ruszarane vere villege til å fîre på underlege og byråkratiske ordningar vedrørende nordmenn og andre utlendingar sine høve til å reise i Sovjetunionen. Det måtte mellom anna bli enklare å vere bilturist i Sovjetunionen, og turistane måtte sleppe å ha med seg ein framand russisk "folk" i bilen. Norske ungdommar måtte dessutan få sjansen til å oppleve Sovjetunionen utan å måtte delta på dei eldre sine dyre selskapsreiser til Moskva og Leningrad. Roll og Ritzau såg for seg at dei norske ungdommane til dømes kunne sykle frå Helsinki til Leningrad:

Vår ungdom ville ha godt av å sykle turen fra Helsinki til Leningrad og se denne prektige by. Det er lett for dere å ta imot dem. Penger har de til mat, de overnatter i sine soveposer og ligger i telt ved låvebygninger;

*i skoler eller hvor det passer, just som i Vest- og Nord-Europa ellers. Landsbygda i SSSR er naturligvis ikke overalt noe imponerende å vise fram, men heller ikke er den så grusom som enkelte av avisene våre vil ha det til. Altså: det propagandistiske resultatet kan bare bli positivt, for sannhet og klarhet er bedre enn de skumle antakelser og all uvitenhet.*¹⁸¹

Roll og Ritzau ville også gjerne endre den mistenkelege innstillinga mange nordmenn hadde til dei sovjetiske delegatane i Noreg. Nordmenn var generelt sett skeptiske til at det berre var idrettsstjerner, kjente kunstnarar og vitskapsmenn som fekk vere med på delegasjonsreisene til Noreg. Dette gav eit klart inntrykk av at det ikkje var vanlege russiske ungdommar som kom og at dei var nøye utvalde. Roll og Ritzau sitt konkrete forslag i denne samanhengen var å la hundre norske familiar invitere ein russisk ungdom kvar til Noreg for å feriere og farte omkring saman med andre ungdommar. Sambandet kunne fungere som kontaktformidlar mellom interesserte norske familiar og dei sovjetiske ungdommane. Dei sovjetiske ungdommane burde vere ordinære ungdommar som ikkje nødvendigvis utmerkte seg, og som ikkje verka utplukka.¹⁸²

Narvik-avdelinga fekk ikkje noko skikkeleg svar frå Stoletov og Zarembo før dei hadde skrive både eitt og to purrebrev til SSOD og kontaktar i *Komitet molodjozjnykh organizatsij SSSR* (Den sovjetiske komitéen for ungdomsorganisasjonar, forkorta KMO).¹⁸³ I mars 1960 vart imidlertid Roll og Ritzau innkalla til eit ekstraordinært møte i Sambandets Narvik-avdeling etter at ein utsending frå den sovjetiske ambassaden i Oslo hadde kome med fly til byen. Berre nokre få medlemmer var innkalla til møtet og stemninga var opphissa og nervøs. I følgje Roll utvikla møtet seg i ei retning som "overgikk vår fantasi". Utsendingen frå ambassaden gjekk straks til verbalt åtak på Roll og Ritzau. Han kritiserte dei mange forslaga dei hadde kome med og var særskilt irritert over at dei to Narvik-leiarane hadde foreslått å "sende barn til det kapitalistiske Vest-Europa".¹⁸⁴

Ei tid etter dette møtet fekk Roll og Ritzau eit utfyllande svar på kritikken og forslaga. I brevet konsentrerte russarane seg først og fremst om forslaget

om å invitere sovjetiske ungdommar til Noreg. Russarane hevda at i prinsippet kunne dei sjølvsagt arrangere reiser til Noreg for sovjetiske ungdommar, men at det var vanskeleg å innføre dei arbeidsmetodane som Roll og Ritzau skiserte i brevet sitt. Årsaken til desse vanskanane var at dei sovjetiske ungdommane hadde vakse opp i "kollektivismens ånd", og difor skilde seg sterkt frå individualistiske norske ungdommar. På grunn av dette måtte det vere klart at "vestlege metodar" ikkje passar for sovjetiske ungdommar:

Hos oss ferierer og morar ungdommen seg kollektivt – i kulturhus, pionerslott, pionerleirar, ungdomsleirar og på fotturar. Her hos oss er det ikkje på moten å feriere åleine eller flakke omkring på eiga hand. På grunnlag av dette er det difor no nødvendig å utvide utvekslinga av ungdomsgrupper på gjensidig basis. Etter vår meining kan ein ved å organisere slike grupper oppnå svært gode resultat. Frå vår side kan slike reiser organiserast gjennom det internasjonale ungdomsreisebyrået Sputnik eller Inturist, som no også arrangerer campinggrupper. Gjennom Sputnik er det mogleg å arrangere ei tosidig utveksling utan kostnader, og dette er, etter vårt syn, gunstig for begge partar. Sambanda Norge-Sovjetunionen og Sovjetunionen-Norge kan vere mellomledd og gjennomføre denne utvekslinga.¹⁸⁵

Roll og Ritzau sine forsøk på å fornye arbeidsmetodane til Sambandet må karakteriserast som mislukka. I etterkant var dette ikkje overraskande, sidan forslaga forutsette fundamentale endringar i sovjetisk praksis. I det sovjetiske systemet var det ikkje rom for individualisme i den form som Roll og Ritzau foreslo. Systemet innebar både streng kontroll med innbyggjarane og restriksjonar på reiseverksemda i Sovjetunionen og utanlands. Det mest oppsiktsvekkjande med denne historia var difor at Roll og Ritzau i det heile trudde det var mogleg å påverke russarane på dette området, og at dei vart tydeleg overraska då russarane reagerte negativt. Dette tyder på at verken Roll eller Ritzau hadde tilstrekkelege kunnskapar og innsikt i det sovjetiske systemet og nærte naive illusjonar for kva det var mogleg å få gjennomslag for i samarbeidet med russarane.

Turistreiser mellom Nord-Noreg og Nordvest-Russland

Generelt sett var dei fleste av forslaga til samarbeidsprosjekt på sekstitalet tufta på ein idé om verdien av meir direkte kontakt mellom vanlege nordmenn og russarar. Det tilgjengelege kjeldematerialet gir inntrykk av at det hovudsakleg var nordmennene i Sambandet og NKP som var pådrivarane for prosjekta og at russarane i dei fleste tilfellene stilte seg avventande eller tvilande. Dette gjaldt også Sambandets arbeid med å få i stand turistreiser til Murmansk på slutten av femtitalet.

Bakgrunnen for ønsket om turistreiser var at Sambandet i Sør-Noreg allereie i to-tre år hadde tilbode slike reiser til Sovjetunionen for medlemmene sine. Desse reisene var rimelege, og sambandsmedlemmene fekk god service av russarane.¹⁸⁶ Den vanlege reiseruta for turistgruppene frå Sør-Noreg var nattoget frå Oslo til Stockholm og deretter dei sovjetiske passasjerskipa som trafikkerte ruta London-Stockholm-Leningrad. Alternativet, som òg vart brukt ei rekkje gongar, var båt til Helsinki og deretter tog til Leningrad.

For sambandsmedlemmene i Troms og Finnmark var det tidkrevjande og dyrt å måtte reise til Oslo for å kome med på ei turistreise til Sovjetunionen via Sverige og Finland. I tillegg syntest dei det var meiningslaust å reise så langt sidan dei fleste avdelingane i Sambandet høyrde heime i Troms og Finnmark, og sidan det berre var nokre mil til den sovjetiske grensa:

Det virker ikke så lite rart at vi som bor her ved den sovjetiske grense skal være tvungen til å reise over to tusen kilometer til Oslo, siden over Sverige og Finland til Sovjetunionen. Det er så å si ingen som har så lang ferie at de kan reise denne veien. Dertil kommer naturligvis at økonomien ikke tillater en slik lang reise.¹⁸⁷

Etter ei rekkje brev til SSOD, Sambandet Sovjetunionen-Norge og *Inturist* frå landssekretær Kaare Stokke, Edit Næss og Ingvald Johansen i 1957 og 1958 kom det til ei viss opning i spørsmålet om turistreiser. Etter ein lang diskusjon mellom Sambandet Sovjetunionen-Norge i Moskva og *Inturist*, meddelte *Inturist* at ein ville setje i verk førebuingar, slik at ein kunne gjennomføre reiser

over Murmansk sommaren 1959. Russarane var imidlertid ikkje interesserte i å ta i bruk grenseovergangen ved Storskog i Sør-Varanger. Reisene kunne berre la seg gjennomføre dersom dei norske turistane vart frakta til Murmansk sjøvegen.¹⁸⁸

Både i 1959, 1960 og 1961 forsøkte Sambandet i Finnmark å skaffe ein passande båt til båtreiser mellom Finnmark og Murmansk, men dette viste seg å vere svært vanskeleg å gjennomføre. Dei einaste båtreisene Sambandet arrangerte nokre få gongar i denne perioden, var med fiskeskøyter til Murmansk.¹⁸⁹ I 1961 forhandla Sambandet og Øst-Finnmark Reisetrafikklag med *Inturist* om ei båtreise til Murmansk same året. Russarane stilte med båt. Men Sambandet og reiseselskapet klarte ikkje å fylle opp passasjerlista med dei 100 personane som var nødvendig for at reisa skulle svare seg økonomisk.¹⁹⁰

I 1963 overtok den nytilsette sekretæren ved Nord-Norge-kontoret i Tromsø, Ole Sundfør, arbeidet med å få i stand båtreiser mellom Nord-Noreg og Murmansk. I motsetnad til dei tidlegare, relativt beskjedne planane om å frakte små turistgrupper til Murmansk, ville Sundfør arrangere eit stort "venskapsreise" med deltaking av to-tre hundre nordmenn og russarar. Han såg for seg at sovjetiske musistarar og amatørkunstnarar kunne underhalde passasjerane, og at eit sovjetisk fotballag kunne spele venskapskampar mot norske lag. Dei norske sambandsavdelingane langs kysten kunne arrangere venskapsfestar og det heile kunne kulminere i eit stort norsk-sovjetisk venskapsstemne i Murmansk.¹⁹¹

Dette forslaget vart ikkje særleg entusiastisk mottatt av russarane. Nestleiarer i Sambandet Sovjetunionen-Noreg, Jurij Savinov, hevda at prosjektet var urealistisk, og at reisa ville bli altfor dyr både for dei sovjetiske og dei norske passasjerane.¹⁹² På grunn av dei store kostnadene som var forbunde med denne reisa, trudde heller ikkje SSOD-representanten i Noreg, Aleksej Bondar, at forslaget var mogleg å gjennomføre. Bondar hadde derimot sansen for idéen i seg sjølv, og meinte at ei slik reise kunne ha stor propagandistisk effekt i Noreg.¹⁹³

Trass i negative russiske reaksjonar, arbeidde Sundfør vidare med planane både i 1964 og i 1965. I slutten av 1964 innleidde han eit samarbeid med Myhres reisebyrå i Tromsø for å chartre eit russisk turistskip sommaren

1965. Avtala var at Sambandet skulle få ein viss provisjon av inntektene på skipet dersom leigeavtala gjekk i orden. Under eit opphald i Moskva i januar 1965 vart alle dei nødvendige avtalene om chartring av turistskipet Vatslav Vorovskij underskrivne. Sidan skipet hadde kapasitet på ca. 340 passasjerar, satsa arrangørane på eit internasjonalt passasjerbelegg. I den samanheng lovde russarane å gi ei støtte på 1.000 rublar til annonsering i Skandinavia og Mellom-Europa.¹⁹⁴

Vinteren og våren 1965 byrja norske aviser å skrive om cruise-planane.¹⁹⁵ Både *Bergens Tidende* og *Nordlys* kritiserte samarbeidet mellom Sambandet og Myhres reisebyrå så sterkt at representanten for reisebyrået til slutt gjekk ut offentleg og hevda at byrået stod heilt åleine om turistskip-planane.¹⁹⁶ Både Sambandet og reisebyrået var under eit stort press desse månadene. Sambandet stod konstant i media sitt søkelys både på grunn av cruiset og på grunn av andre aktivitetar. Reisebyrået sitt samarbeid med Sambandet vart mellom anna kritisert med tanke på at auka reiseverksemd i Nord-Noreg kunne gjere det enklare for sovjetisk etterretning å arbeide på norsk jord. Resultatet av forsøka på å få i stand turistskiptrafikk mellom Nord-Noreg og Murmansk enda difor på nytt i fiasko. Våren 1965 vart prosjektet avlyst. Grunngevinga var at interessa frå dei utanlandske turistane, som prosjektet var avhengig av, hadde svikta.¹⁹⁷

Problema med å arrangere båtreiser mellom Nord-Noreg og Murmansk førte til at russarane etterkvart lét norske turistar få krysse den norsk-sovjetiske grensa ved Storskog. Russarane hadde tidlegare vore tilbakehaldne og skeptiske til å la nordmennene kome inn denne vegen, men presset frå dei norske sambandsmedlemmene gjorde at grensa vart opna for enkelte delegasjonar hausten 1960. Dei første turane over Storskog var likevel ikkje opne for kven som helst. Det var enklare for russarane å kontrollere kven som var med så lenge turistane var medlemmer i Sambandet og reisene var stengde for ikkje-medlemmer. I åra etter 1960 vart imidlertid grenseovergangen ved Storskog ei hovudferdselsåre for reiser til Sovjetunionen i regi av Sambandet i Nord-Norge. Overgangen vart brukt ved korte besøk i Murmansk og Nikkel og ved lengre turistreiser til Leningrad. Sjølv om det ikkje var snakk om nokon turiststraum over grensa, var aktiviteten faktisk så stor at Sambandet fann det

nødvendig å tilsette to løna kontaktpersonar i Kirkenes som kunne ta seg av alt det praktiske arbeidet med grensepasseringane. I februar 1964 vart kommunistane og sambandsmedlemmane Kurt Mortensen og Edit Næss tilsett som kontaktpersonar.

Storleiken på delegasjonsutvekslinga over Storskog er noko usikker, men russarane hevda at i løpet av seksårsperioden 1959-1965 tok Murmansk-avdelinga av Sambandet Sovjetunionen-Norge i mot 25 delegasjonar med i alt 360 deltakarar.¹⁹⁸ Mest sannsynleg er dei gruppene som ikkje stoppa i Murmansk, men reiste direkte til Leningrad og Moskva, ikkje tatt med i denne oversikta.

Turisttrafikken over Storskog irriterte både norske styresmakter og det norske Overvakingspolitiet. Styresmaktene reagerte mellom anna på at det berre var delegasjonar i regi av Sambandet som fekk krysse grensa, medan andre vart avviste.¹⁹⁹ I mai 1963 drøfta difor den øvste leiinga i UD korleis ein effektivt skulle klare å fjerne dette reisemonopolet. Eitt av tiltaka som vart diskutert, var å sperre grensa for trafikk. Dette forslaget var tidlegare handsama av Forsvarsdepartementet og den norske overvakingssjefen, som konkluderte med at opinionen i Finnmark neppe ville akseptere ei slik stenging. Utanriksministeren sa seg einig i at dette neppe var den beste framgangsmåten, og at det var "forsvarleg å tillate ei delegasjonsutveksling i det sporet som ein hittil hadde følgd." Det beste og mest realistiske forlaget var difor å skape eit alternativ til Sambandet ved å be UD's kulturkontor etablere eit kontor i Finnmark for å ordne med delegasjonsutveksling mellom Nord-Noreg og Nordvest-Russland. Dessutan var Overvakingspolitiet og UD interesserte i at Norsk Folkeferie skulle etablere eit kontor i Finnmark. I eit brev til utanriksminister Halvard Lange i desember 1964 skreiv Arne Johnsen i Norsk Folkeferie at dette var svært interessant og naudsynt, men at det heile var eit spørsmål om økonomi. Det kan sjå ut som begge desse forslaga stranda på grunn av manglande løyvingar frå norske styresmakter.²⁰⁰

Overvakingssjef Asbjørn Bryhn reagerte dessutan på at reiseaktiviteten mellom Nord-Noreg og Nordvest-Russland skjedde fullstendig på sida av den offisielle norsk-sovjetiske kulturavtalen. Han syntest det var illojalt at sovjetiske diplomatar forhandla med Sambandet om eigne kulturprogram som både

konkurrerte med og undergrov den offisielle kulturavtalen. Dette fekk Bryhn til å etterlyse ein offisiell norsk reaksjon overfor sovjetiske styresmakter:

Man bør ikke akseptere at private Moskvadominerte organisasjoner arbeider bak ryggen på norske myndigheter, og jeg vil derfor reise spørsmål om man ikke snarest bør meddele de sovjetiske myndigheter at de nå må velge mellom kulturavtalen og norske offisielle myndigheter på den ene side og utnyttelsen av selvvalgte organer som ikke er toneangivende etter norsk offisielt syn på den annen side.²⁰¹

Den norske reaksjonen kom i form av eit *aide-memoire* som vart overrekt utanriksministeriet i Moskva og ambassaderåd A. S. Kaplin ved den sovjetiske ambassaden i Oslo den 27. april 1965. I *aide-memoiret* stod mellom anna følgjande:

Som et ledd i utviklingen av et godt naboforhold mellom Norge og Sovjetunionen, er man på norsk side positivt interessert i å bygge ut kontaktene og samarbeidet mellom de to land. En vesentlig forutsetning for en utbygging av disse forbindelser er at det skjer gjennom de kanaler som kan aksepteres fra begge sider og ikke vekker negative reaksjoner i noen av de to land. Det må imidlertid konstateres at man fra sovjetisk side i den senere tid i økende grad har benyttet organisasjonen Sambandet Norge-Sovjetunionen som kontaktorgan i samkvemmet mellom de to land, også i tilfeller hvor det åpenbart ville vært korrekt og formålstjenlig å bruke offisielle kanaler uten Sambandets medvirkning. Dette er en utvikling som man etter norsk oppfatning finner grunn til å beklage.²⁰²

Ei av årsakene til at dei norske styresmaktene og Overvakingspolitiet var betenkt over Sambandet sine delegasjonsreiser, var faren for spionasje. Overvakingspolitiet frykta mellom anna at reisene kunne leggje tilhøva til rette for at norske agentar kunne reise legalt til Sovjetunionen og treffe oppdragsgjevarane sine, medan russiske etterretningsoffiserar kunne delta i delegasjonsreiser frå Sovjetunionen og la seg innkvartere hos verva norske

agentar. Overvakingspolitiet hevda at ein hadde bevis for at sovjetiske etterretningsagentar, med dette målet for auget, ved eit tidlegare høve hadde oppfordra ein verva norsk agent til å melde seg på ei delegasjonsreise i regi av Sambandet.²⁰³ For å illustrere kor alvorleg enkelte offentlege instansar såg på Sambandet si reiseverksemd i denne perioden, kan det nemnast at dei lokale styresmaktene i Finnmark midt på 1960-talet gjekk inn for å kjøpe land i Spania, slik at turisttrafikken ville kome til å gå dit i staden for til Sovjetunionen.²⁰⁴ Så vidt eg veit vart planane om å opprette eit Lille-Finnmark i Spania aldri gjennomført.

Trass i at Sambandet i stor grad opplevde motgang i arbeidet sitt med å auke den norsk-sovjetiske kontakten på slutten av femtitalet og på sekstitalet, arbeidde organisasjonen optimistisk vidare med nye prosjekt. I denne perioden støtta Sambandet mellom anna forslaget frå lokale styresmakter i Finnmark om å opne den gamle Ishavsvegen, som delvis gjekk over sovjetisk territorium etter at Finland måtte avstå Petsjenga-området etter den andre verdskrigen.²⁰⁵ Ei eventuell opning av denne vegen ville korte ned avstanden mellom Kirkenes og den finske byen Ivalo med mange mil, noko som kunne få stor økonomisk innverknad for Nord-Noreg.

Sambandet hadde imidlertid andre og fleire motiv for å ta opp denne saka med russarane enn styresmaktene i Finnmark. Sambandet meinte at dersom denne opninga kom i stand på Sambandet sitt initiativ, ville det vere ein siger som kunne spele ei stor rolle i den vidare styrkinga av organisasjonen i Noreg. Sambandet ville få auka prestisje blant nordmenn flest, og offisielle norske styresmakter ville kanskje verdsette Sambandet høgare. I eit møte mellom leiaren i Sambandet Sovjetunionen-Norge, Jurij Savinov, og sekretariatet i Sambandet Norge-Sovjetunionen hausten 1964, bad formannen Knut Eidsvold om at Sambandet ikkje måtte bli ståande på sidelinja dersom dette spørsmålet skulle drøftast gjennom offisielle kanalar.²⁰⁶

Russarane sine reaksjonar på forslaget om å opne Ishavsvegen gjennom sovjetisk territorium var for det første at dette spørsmålet låg langt utanfor rammene av det opprinnelege samarbeidet mellom den norske og den sovjetiske sambandsorganisasjonen. Russarane peika òg på at NATO hadde auka aktiviteten sin i Nord-Noreg i den siste tida, og at det difor var sannsynleg at

NATO ville forsøke å utnytte ei eventuell opning av den sovjetiske grensa til sin fordel. SSOD-representant Aleksej Bondar konkluderte difor i rapporten om møtet med sambandsleiinga at forslaget om å opne vegen frå Kirkenes til Ivalo gjennom sovjetisk territorium var forut for si tid.²⁰⁷ Dette var mest sannsynleg også haldninga til det sovjetiske utanriksministeriet, sidan russarane ikkje tok vidare initiativ for å opne Ishavsvegen for gjennomgåande trafikk.

På norsk side var først og fremst Forsvaret og politistyresmaktene letta over utviklinga i denne saka. Desse instansane hadde tidlegare åtvare mot ei eventuell opning av Ishavsvegen fordi dei frykta auka sovjetisk spionasje.²⁰⁸ Interessant er det difor å leggje merke til at nettopp frykta for vestleg etterretningsverksemd var eit argument også på sovjetisk side mot å ta ytterlegare initiativ til opninga av Ishavsvegen. På dette feltet eksisterte det ein klar parallellitet i trugsmålsbileta på norsk og sovjetisk side. Både russarane og nordmennene frykta at opnare tilhøve over den norsk-sovjetiske grensa kunne føre til auka etterretningsverksemd.

Turistsenter og kulturhus i ingenmannsland

Eitt av sambandsprosjekta som kanskje fekk mest merksemd frå det norske Overvakingspolitiet og norsk media på sekstitalet, var opprettinga av eit touristsenter i Boris Gleb i 1965. Idéen om å opne eit avgrensa område, eit "ingenmannsland" for turistar ved Boris Gleb, vart lansert av kommunisten Godtfred Hølvold frå Kirkenes under ein medlemskongress i Oslo hausten 1959. Forslaget var eit ledd i arbeidet med å betre tilhøvet mellom Noreg og Sovjetunionen og skape auka aktivitet i dei nordlege landsdelane.

Nokre månader etter kongressen i Oslo følgde distriktstyret i Finnmark opp forslaget med eit brev til forfattaren Jevgenij Dolmatovskij, som var ein av dei meir prominente medlemmene av Sambandet Sovjetunionen-Norge. Distriktstyret gjentok Hølvold sin idé og hevda at dersom turistane kunne få eit sovjetisk stempel i passbøkene sine og kanskje høve til å kjøpe "forfriskningar" og suvenirar, så kunne Boris Gleb bli ein stor attraksjon for turistane.²⁰⁹

På eit møte i Venskapshuset i Moskva i oktober 1963 mellom Jurij Zotikov,

Ajelita Khodareva, Ljubov Kudrjasjova, V. K. Fadin og P. Gorosjkin frå SSOD og dei norske sambandsmedlemmene og kommunistane Jørgen Vogt og Einar Ravnbo, var ei eventuell opning av Boris Gleb nok ein gong eit tema. Under møtet bad Ravnbo om russisk støtte til Sambandet sitt framlegg om å danne eit turistsenter med kafé og kiosk i området der ein bygde eit sovjetisk kraftverk.²¹⁰

På eit møte i oktober 1964 la formannen i Sambandet, Knut Eidsvold, fram eit nytt forslag til samarbeidsprosjekt i grensetraktene mellom Noreg og Sovjetunionen. Eidsvold føreslo å etablere eit norsk-sovjetisk kulturhus ved breidda av Pasvikelva. Dette kulturhuset skulle mellom anna ha utandørs sportsfasilitetar og eit bibliotek med norsk og sovjetisk litteratur. Huset skulle brukast av ungdoms- og studentorganisasjonar i begge land til årlege seminar med diskusjonar omkring ungdommens interesser, litteratur og kunst. Huset kunne òg brukast til studiar i norsk og russisk språk. Dette forslaget var på førehand diskutert på eit møte mellom ungdomsorganisasjonane til DNA og Venstre, den verdsfederalistiske organisasjonen En Verden og Sambandet Norge-Sovjetunionen. På dette møtet vart det danna ein komité som utarbeidde eit konkret forslag om å etablere kultursenteret. Dette forslaget sende komitéen både til den norske regjeringa og til KMO, for å be om økonomisk støtte.²¹¹

Russarane som var til stades på møtet, uttrykte umiddelbar skepsis vedrørende forslaget om å danne eit kulturhus ved Pasvikelva. Jurij Savinov tvilte på om det var formålstenleg å danne eit kultursenter i eit så folketomt område. Reisene ville til dømes bli svært kostbare både for norske og sovjetiske deltakarar. Savinov var difor av den oppfatninga at det ville vere betre om ungdommen kunne diskutere spørsmål som interesserte dei vekselvis i norske og sovjetiske byar der det i tillegg var mogleg å arrangere ulike tilstellingar. På denne måten kunne ein òg nå ut til fleire folk. SSOD-representanten Aleksej Bondar støtta opp om desse vurderingane, og konkluderte med at det ikkje var grunnlag for å danne noko norsk-russisk kultursenter ved Pasvik.²¹²

Etter dette vart idéen om kulturhus lagt bort. I staden voks Godtfred Hølvold sin opprinnelige idé om opninga av Boris Gleb fram som eit meir reelt alternativ til norsk-sovjetisk kulturhus. Boris Gleb er ein liten sovjetisk enklave på vestsida av Pasvikelva. På femti- og sekstitalet var det få folk som budde

der, og det mest interessante som fanst der, var mest sannsynleg eit russisk-ortodokst kapell. På slutten av femtitalet inngjekk Noreg og Sovjetunionen ei avtale om kraftutbygging av Pasvikelva. Det første kraftverket på sovjetisk side stod ferdig i Boris Gleb i 1964, og var bygt av norske arbeidarar og med norsk teknologi. Til og med bustadhusa var av typen norske ferdighus.²¹³ Fullføringa av dette prosjektet var nok ei av årsakene til at russarane etter kvart fann ut at det kunne la seg gjere å opne området for norske og kanskje skandinaviske turistar. Planen var at turistane skulle få kome inn i turistområdet utan pass og visum. Det einaste som var nødvendig, var eit inngangskort til 10 kroner. I første omgang skulle reisene kun omfatte dagsturar, men om det viste seg å vere stor interesse for senteret, var russarane innstilte på å byggje eit hotell i Boris Gleb, slik at turistane kunne overnatte.

Fram til hausten 1964 vart idéen om å opne Boris Gleb handsama konfidensielt innanfor Sambandet. Russarane hadde derimot lufta idéen med Arne Johnsen i Norsk Folkeferie allereie tidleg på våren 1964.²¹⁴ Dette førte til at både norske aviser og Overvakingspolitiet etter kvart vart merksame på planane. *Dagbladet Tromsø* omtala planane om opninga av Boris Gleb i januar 1965.²¹⁵ I mars same året trykte *Bergens Tidende* ein artikkel der dei påstod at Nord-Noreg no var eit opent grenseland for kommunistisk infiltrasjonspolitik.²¹⁶ Avisa var dessutan uroa over at russarane gjekk inn for eit turist-senter i Boris Gleb utan å kontakte norske styresmakter.²¹⁷

I slutten av april 1965 arrangerte Sambandet, med Ole Sundfør i spissen, ein reiselivskonferanse i Kirkenes. Til stades på konferansen var mellom andre leiaren for *Inturist* si skandinaviske avdeling, Konstantin Sjibaev, og tolken Karl Tsyn. Publikum som var til stades på denne konferansen fekk inntrykk av at opninga av turistsenteret formelt var i orden og at saka var avgjort.²¹⁸ Det herska likevel ei viss forvirring både i nordnorske aviser og i det norske Utanriksdepartementet om planane i det heile tatt kom til å bli realisert. Så seint som i midten av juni 1965 trudde avisa *Nordlys* at planane skulle skrinleggjast. Bakgrunnen for dette var først og fremst opplysningar om at Utanriksdepartementet enno ikkje hadde mottatt noko offisiell melding om saka.²¹⁹ Drøye to veker etterpå melde imidlertid den same avisa om at russarane hadde opna grensa for turistar.²²⁰

Turistsenteret i Boris Gleb vart offisielt opna den 27. juni 1965. I løpet av nokre få sommarmånader vart det registrert 13.000 grensepasseringar.²²¹ Dei fleste av dei besøkande var norske og skandinaviske turistar, men Boris Gleb vart òg ein ynda utfartstad for festglade Kirkenes-folk. Det store trekkplasteret var først og fremst den billege russiske vodkaen i baren og i spritbutikken. Den til dels ukontrollerte skjenkinga i senteret førte til at Boris Gleb utvikla seg til "eit drikkehull i jemteppet". Det store alkoholkonsumet vart sett på som pinleg og uheldig, og førte til ei rekkje episodar som tidlegare overvakingssjef Gunnar Haarstad rekna som "nasjonalt uverdige".²²²

Den dominerande oppfatninga om touristsenteret i Boris Gleb innan det norske Overvakingspolitiet var at heile opplegget var utarbeidd i Moska, og at aktiviteten hadde klare politiske mål som ville få store skadeverknader dersom ein ikkje klarte å bringe han inn i meir kontrollerte former. I forkant av opninga frykta Overvakingspolitiet at planen om turistbesøk i Boris Gleb kunne føre med seg store og til dels uløselege kontroll- og overvakingssproblem. Den ville forutsette oppretting av ein permanent bemanna grensepost ved Storskog, og elles føre med seg store utgifter til overvaking av området. Politimeisteren i Sør-Varanger hevda at ei opning av Boris Gleb ville gi sovjetiske etterretningsorgan ideelle tilhøve og ukontrollerte sjansar til å verve agentar. På grunn av dette mistenkte norsk overvakingspoliti at dei fleste russarane som heldt til i touristsenteret var tilknytte GRU og KGB. Politimeisteren i Sør-Varanger rekna dessutan med at prosjektet ville bli nytta som påskot til å opprette eit liknande område på norsk side, til dømes i Kirkenes.²²³ I ein slik situasjon var det forventa at norske styresmakter ville setje foten ned, og dermed gi russarane gode påskot for å hevde at norske styresmakter trenerte det norsk-sovjetiske samarbeidet i nordområda.

Overvakingspolitiet var også bekymra over at sambandsfolk i Kirkenes nytta seg av Boris Gleb for å kontakte russiske kjenningar i Murmansk og andre stader. Ein vanleg måte å gjere dette på var å reise til Boris Gleb for å bruke telefonen i Sovjetunionen. I denne samanhengen var Overvakingspolitiet merksam på at ein av Sambandets kontaktpersonar i Kirkenes hadde 33 grensepasseringar i dei tre månadene touristsenteret i Boris Gleb var open.²²⁴ Tidlegare overvakingssjef Gunnar Haarstad slår fast at sovjetiske etterretnings-

agentar var plasserte i Boris Gleb under dekke av å arbeide som guidar og barpersonale. Blant desse fanst gamle kjenningar som mellom anna hadde deltatt i møter med "agentar" i Boris Gleb i anleggstida. Det var difor openbert for Overvakingspolitiet at desse etterretningsfolka var til stades for å drive talentspeiding.²²⁵

Den alvorlegaste hendinga i grenseområdet mellom Noreg og Sovjetunionen sommaren og hausten 1965 var mest sannsynleg arrestasjonen av den unge amerikanske turisten Newcomb Mott. Mott oppheldt seg i Finnmark som turist, og under ein tur i dei norsk-sovjetiske grensetraktene klarte han, med eller utan vilje, å kome seg over grensa til Sovjetunionen. På sovjetisk side vart han arrestert av grensevakter og frakta til eit fengsel i Murmansk. Seinare på hausten vart Mott stilt for retten og dømd til 18 månaders fengsel. I januar døydde han i ei fangecelle om bord på eit russisk tog. Russarane hevda at Mott tok sitt eige liv ved hjelp av eit barberblad, men denne teorien vart ikkje umiddelbart godtatt av amerikanarane.²²⁶

Sjølv om denne hendinga ikkje direkte hadde noko med turistsenteret i Boris Gleb å gjere, var ho likevel ei medverkande årsak til at norske styresmakter valde å stenge grensa på norsk side. John Lyng slår fast at opinionen i Noreg såg desse to sakene i samanheng, og at det heller ikkje var unaturleg at ein gjorde det same på politisk hald.²²⁷ Sjølv om Mott-saka var svært alvorleg, var ho ikkje den einaste faktoren bak den negative norske haldninga til å oppretthalde turistsenteret. Nordmennene var i tillegg misnøgde med at Boris Gleb var eit svært einsidig prosjekt, som var stengt for vanlege russiske turistar. Dette vart oppfatta som svært uheldig, og i strid med norske styresmakter sitt ønske om gjensidig turisttrafikk i Boris Gleb.

Kva var eigentleg det russiske motivet for å opne turistsenteret i Boris Gleb sommaren 1965? For det første kan ein slå fast at opninga neppe innebar nokon stor risiko for russarane. Område var utan sovjetisk lokalbefolkning og utan sovjetiske militære løyndomar. Det einaste som eksisterte der, var eit kraftverk bygd av norske hender og med norsk teknologi. For russarane sin del kunne det ikkje skade om nordmennene fekk høve til å sjå resultatet av dette norsk-sovjetiske kraftsamarbeidet. Ein annan faktor var kan hende at russarane gjerne ville tilfredsstille dei norske sovjetvenene i Sambandet Norge-

Sovjetunionen. Sambandet hadde gong på gong mislukkast i forsøka på å skape betre kontakt og aktivitet mellom Nord-Noreg og Nordvest-Russland. Dette hadde ført til uro og dårleg stemning blant medlemmene i Sambandet, og truleg også i dei lokale NKP-avdelingane i Nord-Noreg. Mykje tyder på at både Sambandet og NKP trong konkrete resultat i arbeidet sitt for norsk-sovjetisk kontakt.

Dei sovjetiske initiativa for å opne turistsenteret både i 1966 og 1967 tyder òg på at russarane i bunn og grunn såg seg tente med Boris Gleb. Dette treng ikkje tyde at russarane hadde så stor bruk for Boris Gleb sett ut frå eit etterretningsmessig perspektiv. Russarane tok det ganske sikkert for gitt at tettleiken av norske overvåkingsfolk i området var svært stor. Om turistsenteret skulle fungere som ein møteplass mellom norske og sovjetiske agentar i særleg stor utstrekning, måtte dei difor ta ein viss risiko for å bli avslørte. Sjølv om det nok er heva over all tvil at både GRU- og KGB-tenestemenn var på plass, er det svært mogleg at russarane hadde større interesse av andre aspekt ved turistsenteret.

Etter mi meining er det fullt mogleg å forklare Boris Gleb utan å ty til etterretningsmessige argument. Det er til dømes ikkje umogleg at senteret var ei lita økonomisk gullgruve for den sovjetiske turistorganisasjonen *Inturist*. Mellom anna var spritsalet i turistsenteret bra, og russarane tente truleg også ein del på sal av suvenirar og handarbeid. John Lyng stadfestar til dømes i sine memoarar at det særskilt var *Inturist* som var interessert i å halde fram som i 1965.²²⁸ Ved å opne turistsenteret gav russarane dessutan inntrykk av at dei var interesserte i å byggje ut og betre det mellomfolkelege samkvemet mellom Noreg og Sovjetunionen. Dette initiativet vart positivt mottatt av store delar av den nordnorske lokalbefolkninga, og ikkje minst av Sambandet Norge-Sovjetunionen. Dei negative offisielle norske haldningane til turistsenteret førte difor til at enkelte norske aviser kritiserte norske styresmakter for å dra ned jarnteppet mellom Noreg og Sovjetunionen.²²⁹

Desse negative norske reaksjonane og det faktum at norske styresmakter valde å stenge grensa, forsterka på mange måtar effekten av den sovjetiske propagandaen. Russarane fekk gitt inntrykk av at det var dei som stod for avspenning, betre kontakt og opnare tilhøve mellom Noreg og Sovjetunionen,

medan norske styresmakter framstod som avvisande og negative. Spesielt gav dette ambassadør Nikolaj Lunkov sjansen til å kritisere Noreg for å hindre utbygginga av den bilaterale kontakten og utviklinga av mellomfolkeleg forståing mellom Noreg og Sovjetunionen.²³⁰ Trass i at det er dokumentert at sovjetisk etterretningspersonell var aktive i Boris Gleb sommaren 1965, er det altså fleire ting som kan tyde på at Boris Gleb like godt kan ha vore eit aktivt sovjetisk propagandautspel som ein del av ein spionasjeoffensiv retta mot Noreg.

Det alternative nordkalottsamarbeidet

Foreininga Norden var ein aktiv pådrivar for auka kontakt og samarbeid mellom dei nordiske landa i perioden etter den andre verskrigen. Foreininga Norden tok mellom anna initiativet til eit nordkalottsamarbeid innan næringsliv, økonomi og kultur mellom dei tre nordlege fylka i Noreg, Sverige og Finland. Generelt sett var russarane svært interesserte i å delta i diverse nordiske forum i denne perioden. Gjennom den finske presidenten Uhro Kekkonen gav den sovjetiske partisekretæren Nikita Khrusjtsjov til dømes uttrykk for eit ønske om å delta i Nordisk Råd, i årlege møter på regjeringsnivå og i trestats-samarbeidet på Nordkalotten. Dette ønska vart mottatt med sterk skepsis av den svenske og den norske regjeringa. Korkje Lange eller Gerhardsen i den norske regjeringa var villige til å akseptere slike vidtrekkande forslag. Også finske og sovjetiske forslag i 1958 og 1963 om å danne ei nordisk atomvåpenfri sone vart avviste på grunnlag av at det ikkje var utplassert atomvåpen i regionen.²³¹

Blant dei nordiske kommunistane, enkelte nordiske sosialdemokratlar og fleire sentrale politikarar i det finske agrarpartiet var det imidlertid stor interesse for å integrere Sovjetunionen i det nordiske samarbeidet. Mange aktive personar i desse gruppene engasjerte seg sterkt i dei nordiske sovjetforeiningane og i ulike sovjetvenlege fredsorganisasjonar i denne perioden. Med kommunistane i spissen gjorde desse gruppene i løpet av sekstitalet fleire forsøk på å promotere sovjetiske synspunkt for den nordiske opinionen og integrere Sovjetunionen i det nordiske samarbeidet.

Under Foreininga Norden si venskapsveke og nordkalottkonferansen som vart arrangerte i den finske byen Kemi hausten 1964, møtte ein sovjetisk delegasjon på 15 personar. Delegasjonen var leia av fylkesmannen i Murmansk, Nikolaj Konovalov. I utgangspunktet skulle denne delegasjonen kun delta under venskapsveka med underhaldning, folkedansar og song, men då den eigentlege konferansen tok til, møtte ein del av den sovjetiske delegasjonen opp og bad om å få delta under forhandlingane. Dette ønsket fekk mellom anna støtte av den finske landshøvdingen og agrarpolitikaren Martti Mietunen. Presidiet i nordkalottkonferansen avslo imidlertid ønsket med grunnlag i dei reglane og vedtektene som nordkalottkonferansane var bygd på. Desse reglane uttrykte klart at konferansane kun skulle omfatte dei tre nordiske landa Noreg, Sverige og Finland.²³²

Umiddelbart etter nordkalottkonferansen i Kemi samla ei rekkje norske og finske kommunistar seg i Salla i Nord-Finland. Frå norsk side møtte Sambandet sin Nord-Norge-sekretær Ole Sundfør, kommunisten og sambandsmannen Einar Ravnbo, samt kommunistane Johannes Olaisen og Alf Hansen.²³³ Frå Finland møtte riksdagsmennene Svinhuvud og Olavi Lahntela og landshøvding Marri Mietunen. Frå Sovjetunionen møtte mellom andre fylkesmann Nikolaj Konovalov.²³⁴ Formålet med møtet i Salla var å stifte ein organisasjon som kunne arrangere nordkalottkonferansar på brei basis og med sovjetisk deltaking.

Desse planane vart drøfta vidare både i Finland og i Noreg hausten 1964. I Noreg var spesielt Ole Sundfør drivkrafta bak forsøka på å realisere ideen. Han oppsøkte mellom anna ei rekkje framstående Tromsø-folk som kunne vere med på å støtte eit opprop i saka, og i februar og mars 1965 inviterte han til førebuande møter i Tromsø Museum. På desse møtene vart det danna nordkalottkomitéar for dei tre nordiske landa og deretter vedtatt å arrangere eit nordkalottstemne i Tromsø sommaren 1965. På møtet i mars var det meininga at Bogdan Dubenskij skulle delta som sovjetisk representant. Dubenskij var tilsett som førstesekretær ved den sovjetiske ambassaden i Oslo i perioden 1957-1962, og kjend som KGB-resident. Dubenskij fekk imidlertid ikkje høve til å delta på møtet av di han ikkje fekk innvilga visum til Noreg.²³⁵

Hausten og vinteren 1964-1965 hadde norske aviser store og kritiske

oppslag om Sambandet og det planlagde nordkalottstemnet i Tromsø. *Nordlys* hevda at dette var nok eit døme på Sambandet sine forsøk på å arbeide på sida av den offisielle kulturavtala mellom Noreg og Sovjetunionen. *Nordlys* hevda òg at Sambandet gjekk medvite inn for å ta initiativet frå og erstatte organisasjonar som Foreningen Norden og Nordkalottens kulturråd. At dei sentrale initiativtakarane i tillegg var kjende kommunistar, viste i følgje avisa at Sambandet var ein reiskap i eit politisk infiltrasjonsforsøk i Nord-Noreg.²³⁶ Også fleire andre aviser hadde store oppslag om Sambandet denne seinhausten. *Dagbladet Tromsø* stilte spørsmål om Sambandet var ein politisk reiskap, og om initiativet til å danne ein nordkalottkonferanse sommaren 1965 var eit oppdrag frå "føresette" i Salla.²³⁷ *Norges Handels og Sjøfarts Tidende* omtala Sambandet sin aktivitet i Nord-Noreg under overskriftene "Intens sovjet-russisk virksomhet i Nord-Norge" og "Infiltrasjon".²³⁸ Til og med *Daily Telegraph* i London fann det verdt å kommentere Sambandet sin aktivitet i artikkelen "Norway Fears a Soviet Trojan Horse in the Arctic".²³⁹

I midten av juni 1965 vart imidlertid det planlagde stemnet i Tromsø avlyst på grunn av at russarane ikkje hadde svart på invitasjonen.²⁴⁰ Sundfør var svært skuffa over dette, og konkluderte med at både avlysinga og medieoppslaga hadde vore ei stor belastning for Sambandet Norge-Sovjetunionen.²⁴¹

Allereie året etterpå var både Sundfør og russarane i gang med nye planar. På eit møte i Kemi i februar 1966 opplyste den sovjetiske representanten Mikhail Kotov at Murmansk by hadde planar om å arrangere eit freds- og kalottstemne i august 1966. I staden for samarbeid på Nordkalotten med sovjetisk deltaking, som vart brukt som hovudargument i Noreg og Sverige, ville russarane at hovudtemaet under stemnet skulle vere krigen i Vietnam og den sovjetiske fredsrørsla. Både dei svenske og norske deltakarane, og spesielt Ole Sundfør, reagerte på dette. Sundfør hevda at dette var eit taktisk feilslått opplegg, som ville øydeleggje arbeidet han hadde lagt ned i Tromsø.²⁴²

Sjølv om Ole Sundfør var ueinig i at sovjetisk fredsarbeid skulle stå i fokus under kalottstemnet, arbeidde han og den norske kalottkomitéen våren 1966 med å skaffe flest mogleg framståande og representative deltakarar til stemnet i Murmansk. Dette viste seg å vere svært vanskeleg, og då stemnet tok til i midten av august var ingen representantar frå nordnorsk kulturliv, næringsliv,

idretts- eller fagorganisasjonar til stade. Den mest prominente blant dei knappe 100 norske deltakarane var fylkesmannen i Finnmark, Kolbjørn Varmann, som i perioden 1955-1960 var norsk samferdsleminister. Varmann var faktisk så profilert på stemnet at han heldt tale under opningsseremonien på Kirov stadion i Murmansk. I denne talen manta han til auka samarbeid mellom dei nordiske landa og Sovjetunionen, og sa dessutan at ein ikkje hadde råd til å fortsette på isolasjonismens veg.²⁴³

Stemnet var likevel ein fiasko for den norske kalottkomitéen i den forstand at han ikkje lukkast i å trekkje til seg eit breitt spekter av deltakarar. Blant årsakene til at kalottkomitéen mislukkast var først og fremst at det norske Overvakingsspolitiet i månadene før stemnet hadde intervenert for å sette Ole Sundfør, Sambandet og stemnet i Murmansk i eit dårleg lys. Dette vart gjort på to måtar.

For det første tok Overvakingsspolitiet kontakt med pressa i Sør-Varanger og i Tromsø for å få avisene til å skrive om kalottstemnet:

En tok i samarbeid med Kirkenes [politikammer] og i likhet med tidligere, kontakt med pressen, henholdsvis i Sør-Varanger og Tromsø, for å stille det rette lys for offentligheten. Dagbladet "Nordlys" som tidligere har engasjert seg i denne anledning og er svært positiv, ville også gjerne ha et grunnlag for å stå på når saken skulle tas opp på nytt, og i fortrolig møte med redaksjonen, ble man enige om å prøve å skaffe en reaksjon. I denne anledning rettet "Nordlys" en henvendelse til ekspedisjonssjefen i Utenriksdepartementets politiske avdeling hvor problemet ble lagt frem, og det ble gitt uttrykk for at det fra endel av de innbudtes side rådet stor usikkerhet med hensyn til deltakelse, og at befolkningen i landsdelen ventet at det ble tatt et standpunkt.²⁴⁴

I tida etter at Overvakingsspolitiet hadde kontakta pressa, trykte fleire norske aviser ei rekkje negative artiklar om Sambandet, kalottkomitéen og stemnet i Murmansk. *Rana Blad* hevda til dømes at komitéen var eit dekknamn for Sambandet Norge-Sovjetunionen, medan *Morgenbladet* skreiv at nordkalottstemnet skulle erstatte Boris Gleb.²⁴⁵ *Sør-Varanger Avis* oppfordra alle som

hadde mottatt invitasjon til det kommunistiske kalottstemnet i Murmansk til å avslå, og *Nordlys* hevda at Sambandet Norge-Sovjetunionen ikkje var representativt for folkeopinionen i Nord-Noreg.²⁴⁶ I dagane før opninga av kalottstemnet i Murmansk hadde både *Nationen* og *Dagbladet* kronikkar om Sambandet og aktiviteten i Nord-Noreg.²⁴⁷

For det andre tok Overvakingspolitiet direkte kontakt med ei rekkje organisasjonar og enkeltpersonar som hadde fått invitasjon til stemnet, for å overtale dei til å takke nei. Sundfør og kalottkomitéen hadde til dømes forsøkt å invitere eit fotballag til Murmansk. Både Harstad IL, Alta IF, Stein, Hammerfest, Stålkameratene, Mo i Rana og Lyngen IL fekk tilbod om å reise. Alle takka likevel nei, sjølv om dei var lovde både gratis reise og opphald. Vidare sa både Nord-Norge Kulturråd, A/S Nordhandel, Norges Råfisklag, Finnmark Fiskarlag, Samorganisasjonen i Tromsø og Norges Kooperative Landsforening nei takk til å reise. Også Foreningen Norden var spurt om å la seg representere, men avslo.²⁴⁸

Taktikken frå Overvakingspolitiet må karakteriserast som vellukka, men det er likevel mykje som tyder på at også russarane sjølve bidrog til å forverre situasjonen for nordmennene. Mellom anna er det tydeleg at manglande initiativ og planleggingssevner frå russarane si side sette Sundfør og kalottkomitéen i knipe. I byrjinga av mai, drøye to månader før kalottstemnet etter planen skulle begynne, hadde Ole Sundfør fått svært få opplysningar om arrangementet frå russarane. Dette gjorde det ekstra vanskeleg for kalottkomitéen å rekruttere norske deltakarar til stemnet.²⁴⁹

Trass i at Murmansk-stemnet ikkje svarte til dei forventningane som Ole Sundfør, kalottkomitéen og Sambandet hadde hatt, så heldt dei fram arbeidet for å trekkje Sovjetunionen tettare med i det nordiske samarbeidet og arbeidet for fredeleg sameksistens mellom dei fire landa på Nordkalotten. På midten av sekstitalet var ikkje dette ein ide som utelukkande kommunistane støtta. Faktisk var det etter kvart ei temmeleg stor gruppe også innanfor DNA som støtta ei slik utvikling, og som engasjerte seg i saka. I oktober 1966 heldt til dømes DNA-representanten Alfred Henningsen frå Troms eit innlegg under utanriksdebatten i Stortinget, der han tok til orde for at også Sovjetunionen skulle få vere med i nordkalottsamarbeidet i regi av Foreningen Norden.²⁵⁰

Dette synspunktet vart også støtta av skuledirektøren Helge Sivertsen, som saman med fleire andre DNA-medlemmer, som Arne Kokkvoll og Werna Gerhardsen, melde seg inn i Sambandet hausten 1966. Den norske regjeringa var likevel framleis negativt innstilt til idéen, og var ikkje interessert i å invitere Sovjetunionen med i det offisielle nordkalottsam arbeidet i regi av Foreningen Norden.²⁵¹

Dette avslaget var blant årsakene til at russarane og dei nordiske kalottkomitéane på nytt vedtok å arrangere eit kalottstemne i Tromsø sommaren 1968. Dette vart bestemt på eit møte halde i Ivalo i Finland sommaren 1967, som i utgangspunktet vart annonsert som ein konferanse for fylkesmennene i dei nordlegaste nordiske fylka og Sovjetunionen. Frå Norge var fylkesmannen i Finnmark, Kolbjørn Varmann, invitert til å delta, men han hadde ikkje høve til å reise. Den einaste representanten frå Norge var difor Sambandets Ole Sundfør. Den sovjetiske delegasjonen var samansett av 49 personar, leia av fylkesmannen i Murmansk, Aleksej Matvejev. Andre sovjetiske deltakarar var den mangeårige sekretæren i Sambandet Sovjetunionen-Norge og som no var tilsett i den sovjetiske fredskomiteén, Ajelita Khodareva, førstesekretæren ved den sovjetiske ambassaden i Helsinki, V. S. Andrejev, den norskætta etterretningsoffiseren Arthur Øyen og etterretningsoffiserane Viktor Sotnikov, Sven Lokka og Leo Ivansjev.²⁵²

Planane om å arrangere eit kalottstemne i Tromsø i 1968, vakte på nytt oppsikt i media og førte til at direktøren i Foreningen Norden gjekk ut for å presisere skiljet mellom dei to kalottkonferansane. I ei utgreiing til pressa skreiv han difor følgjande:

*Nordkalottkonferansene er arrangert av den finske, den svenske og den norske Foreningen Norden etter henstilling fra Nordisk Råd og i forståelse med de tre lands regjeringer. Det er egnet til å skape misforståelser når Fredskämparna i Finland og Sambandet Norge-Sovjetunionen ser ut til å ville anvende den samme betegnelse på sine møter. Jeg finner det derfor riktig å understreke at Foreningene Norden ikke har noe med Tromsøarrangementet å gjøre. Neste virkelige Nordkalottkonferanse finner sted i Luleå, sommeren 1968.*²⁵³

I perioden fram mot stemnet kom det til store samarbeidsproblem i den norske arrangementskomitéen. Heile komitéen rakna då tre av medlemmene og formannen la ned verva sine våren 1968.²⁵⁴ For i det heile tatt å få stemnet i hamn vart det difor sett saman eit arbeidsutval av Ole Sundfør, Einar Ravnbø, Johannes Olaisen, samt Magnus og Margot Lorentsen. Alle desse fem var medlemmer i Sambandet og aktive i NKP.²⁵⁵ Trass i indre splid og forseinkingar i det førebuande arbeidet, kunne arbeidskomitéen ønske velkomne til kalottstemne i Tromsø i juli 1968. Heller ikkje negative presseoppslag kunne hindre det, sjølv om dette nok førte til at oppslutninga om stemnet ikkje var så stor som arrangørane ønskte. I forkant av stemnet skreiv til dømes *Sor-Varanger Avis* at "nordkalottkonferansen i Tromsø skal tjene kommunistenes interesser, arrangementet skal skinne i folkets øyne, og de ordinære kalottstevner reduseres til intet".²⁵⁶

Alt i alt var det omlag 150 norske deltakarar på kalottstemnet i Tromsø. Blant desse var mellom anna ei gruppe ungdomspolitikarar frå SF, fagforeiningsleiarar, leiarar frå kvinneorganisasjonar og ein delegasjon frå fredsorganisasjonen Verdas Fredsforkjemparar. Den finske delegasjonen var størst med om lag 250 deltakarar, og leiarane i nesten alle politiske parti i Finland var representerte. I tillegg deltok fleire finske parlamentsmedlemmer. Også i den svenske delegasjonen deltok fleire parlamentsmedlemmer.²⁵⁷

Den sovjetiske delegasjonen kom til Tromsø med turistskipet Vatslav Vorovskij. Delegasjonen var samansett av mellom andre fylkesmannen i Murmansk, Nikolaj Konovalov, leiaren av eksekutivkomitéen i Murmansk, Aleksej Matvejev, medlemmer av den sovjetiske fredskomitéen, forfattaren Jevgenij Dolmatovskij og tidlegare SSOD-representant Aleksej Bondar. Dei øvrige sovjetiske deltakarane var representantar frå ungdomskomitéen KMO og kvinnekomitéen *Komitet sovjetskikh zjensjtsjin*, ei gruppe artistar, musikarar, turnarar, eit fotballag og ei stor gruppe med sovjetiske turistar.²⁵⁸ I tillegg kom ein stor delegasjon frå den sovjetiske ambassaden i Oslo, som ambassadør Sergej Romanovskij, sekretær Vadim Makarov, handelsråd Ivan Krotov og Tass-korrespondenten Sergej Andrejev. Det norske Overvakingspolitiet forsøkte å halde oppsikt med store delar av kalottstemnet, men fann oppgåva vanskeleg. Spesielt var det bortimot umogleg å halde oppsyn med kva

som foregikk på det sovjetiske turistskipet om kveldane, der mange av dei norske deltakarane var gjester.²⁵⁹

Stort sett var russarane nøgde med konferansen. Dei gledde seg særskilt over at det sovjetiske fotballaget *Sever* og dei sovjetiske tumarane og muskarane vart godt mottatt av det norske publikummet. Dette rekna dei for å vere ein stor suksess. Likevel var russarane skuffa over at arrangørane ikkje hadde lukkast i å samle dei store massene eller kjende representantar for dei norske "fredselskande kreftene" under arrangementet i Tromsø. Russarane var også skuffa over konferanseinnlegget til vitskapleg medarbeidar på NUPI Arne Olav Brundtland. I følgje russarane var dette innlegget av svært antisovjetisk karakter, og mest sannsynleg utarbeidd i norsk UD. Russarane var òg skuffa over at deltakarane frå Noreg og Sverige unngjekk å diskutere aktuelle politiske problem som til dømes Vietnam-spørsmålet. Dette kom særleg klart fram under arbeidet med slutt-kommunikéet, der dei svenske og norske deltakarane ikkje ville ha med eit punkt om Vietnam. I følgje russarane gav norske og svenske deltakarar likevel uttrykk for at stemnet hadde gitt positive resultat, og at stemnet spelte ei viktig rolle i arbeidet med å forklare den sovjetiske fredspolitikken og avsløre fiendtleg propaganda. Dessutan kunne stemnet føre til auka samarbeid mellom dei fredselskande kreftene i Norden.²⁶⁰

Sett frå norsk side var stemnet i Tromsø ikkje nokon umiddelbar suksess. Først og fremst var vonbrotet stort over at kalottkomitéen heller ikkje denne gongen klarte å trekkje fleire norske deltakarar frå eit breiare politisk miljø. Økonomisk sett var konferansen dessutan lite vellukka, og arrangørane måtte tole eit underskot.²⁶¹ Stemnet i Tromsø var eit førebels punktum for Sambandet i Nord-Norge og Ole Sundfør sine mangfaldige forsøk på å skape betre kontakt mellom dei nordlege landsdelane i Norden og Sovjetunionen. Dei aller fleste idéane og forsøka hadde i løpet av åra falle i fisk, og samarbeidet med russarane var gong på gong sett på alvorlege prøver. Etter ti år med kritiske presseoppslag og vanskelege arbeidstilhøve var Ole Sundfør sliten og lei. Den økonomiske situasjonen ved Nord-Norge-kontoret var dessutan prekær. I dei ti første månadene av 1968 hadde Nord-Norge-kontoret kun fått overført 17.500 kroner frå hovudkontoret i Oslo.²⁶²

Det mest øydeleggjande for Sambandet var likevel den sovjetiske innmar-

sjen i Tsjekkoslovakia i august 1968. Dette var ei sjokkarta hending som straks fekk konsekvensar for Sambandet. I Nord-Noreg vart heile utvekslingsprogrammet mellom Noreg og Sovjetunionen for hausten 1968 umiddelbart avlyst. Nord-Norge-styret rykte dessutan ut i *Nordlys* for å markere sin sterkaste avsky for Sovjetunionen og dei allierte sin militære okkupasjon av Tsjekkoslovakia.²⁶³

Etter dette var aktiviteten i Nord-Noreg minimal ein lang periode. Sambandet sitt kontor i Tromsø vart nedlagt, og Ole Sundfør slutta som Nord-Norge-sekretær. SSOD-representant og førstesekretær ved den sovjetiske ambassaden i Oslo, Valentin Kurentsov, reiste til Tromsø for å overtale Sundfør å halde fram i stillinga si. Sundfør takka imidlertid nei og nokre månader seinare flytta han til Hamar.²⁶⁴ I 1970 starta sambandsaktiviteten i Nord-Noreg opp igjen. Aktiviteten fekk likevel aldri det same omfanget og innhaldet som i perioden mellom 1959 og 1968.

Kapittel 5: Sambandet i Sør-Noreg 1959-1970. Draumen om ein masse- organisasjon

Innleiing

Etter danninga av SSOD og den sovjetiske tvillingorganisasjonen Sambandet Sovjetunionen-Norge i 1958 skifta det norsk-sovjetiske sambandsarbeidet delvis karakter og omfang. I Nord-Noreg førte dette, som vist, til ein aktivitetsauke som både fekk stor merksemd i media, og uroa norske styresmakter. I botnen for denne aktivitetsauken eksisterte det både i Sovjetunionen, Sør-Noreg og Nord-Noreg eit ønske om å endre Sambandet Norge-Sovjetunionen til ein organisasjon med deltaking frå eit breiare spekter av det politiske miljøet i Noreg. På sekstitalet var dette ei av oppgåvene som hovudstyret i Oslo og Sambandet i Sør-Norge konsentrerte seg om.

For å nå målet om å endre Sambandet til ein masseorganisasjon, valde hovudstyret først og fremst å tone ned den synlege kommunistiske påverknaden på Sambandet og konsentrere seg meir om det reint kulturelle aspektet i arbeidet. I tillegg til dette arbeidde styret aktivt med å rekruttere nye medlemmer frå andre parti og miljø enn NKP. I denne perioden var det enklare enn tidlegare å rekruttere til dømes SF-arar og DNA-medlemmer til verv i Sambandet Norge-Sovjetunionen. Bakgrunnen for dette var både sympati og interesse for eit utvida norsk-sovjetisk samarbeid, og eit ønske, spesielt frå DNA si side, om å få meir kontroll med aktiviteten i Sambandet.

Denne utviklinga danna grunnlaget for ein viss konflikt med russarane. Den sovjetiske SSOD-representanten såg gjerne at Sambandet fekk støtte frå og kom i kontakt med menneske frå andre politiske miljø enn kommunistpartiet. Han var derimot ikkje villig til å tone ned sine spesifikke oppgåver i Noreg,

som i stor grad gjekk ut på å spreie sovjetisk propaganda i den norske opinio-
nen. SSOD-representanten sine forsøk på å sette preg på samarbeidet på
seksstialet vart difor ikkje særleg godt mottatt i Sambandet Norge-Sovjetunio-
nen. Sambandet var dessutan, også i denne perioden, skuffa over dei gjentatte
forseinkingane og rotet i den sovjetiske sambandsorganisasjonen, som gjorde
det vanskeleg å stå fram som ein påliteleg kulturorganisasjon.

Trass i aktivitetsauken viste altså utviklinga at det var duka for nye konflik-
tar mellom nordmennene og russarane. Dette kapitlet omhandlar både
konfliktane som bygde seg opp i det norsk-sovjetiske samarbeidet, og nokre
av dei suksessane som gjorde at russarane med jamne mellomrom trass alt gav
uttrykk for ei positiv haldning til Sambandet Norge-Sovjetunionen.

Rekruttering av nye medlemmer

Ein av føresetnadene for auka aktivitet i Sambandet Norge-Sovjetunionen på
starten av seksstialet var at ei rekkje energiske og handlekraftige personar
engasjerte seg i organisasjonen. I Nord-Noreg galdt dette først og fremst, som
vi har sett, NKP-aren Ole Sundfør, som vart tilsett som sekretær for Nord-
Noreg i 1962. I 1961 fekk også hovudkontoret i Oslo ein ny og aktiv lands-
sekretær i Per Svensson, som i tillegg var medlem av sekretariatet i NKPs
sentralkomité.²⁶⁵ Svensson var sett til å jobbe i Sambandet av NKP, og skulle i
første omgang vere landssekretær i fire år.²⁶⁶

I 1962-1966 var dessutan førstesekretær Aleksej Karpovitsj Bondar tilsett
som SSOD-representant ved ambassaden i Oslo. Bondar var svært aktiv og
pågåande, og var i hyppig kontakt med Sambandet Norge-Sovjetunionen. I
første halvdel av 1963 møtte til dømes Bondar medlemmene av Sambandets
sekretariat tre gongar i veka på Sambandet sitt kontor, og ein gong i veka på
ambassaden.²⁶⁷ I perioden 1966-1970 heldt førstesekretær Valentin Pavlovitsj
Kurentsov stillinga som SSOD-representant. Både Bondar og Kurentsov var
interesserte i å aktivisere og til dels omdanne Sambandet Norge-Sovjetunionen
til ein masseorganisasjon, fordi ei slik utvikling mellom anna kunne forbetre det
russiske kontaktnettet i Noreg. Trass i dette er det klart at både Bondar og
Kurentsov hadde oppgåver i Noreg som ikkje umiddelbart lét seg sameine med

idéen om å omdanne Sambandet til ein masseorganisasjon. Oppgåvene deira omfatta først og fremst propaganda for sovjetisk politikk:

SSOD-representanten arbeider utan stans og med alle tenkjelege middel for å utføre sine grunnleggjande oppgåver i det norske samfunnet. Desse oppgåvene består i å greie ut om:

- *at det sosialistiske systemet er det kapitalistiske overlegent*
- *at det er unngåeleg at det sosialistiske systemet vil kome til å sigre*
- *spørsmål vedrørende det sovjetiske folket sitt politiske, økonomiske og kulturelle liv*
- *avgjerdene tatt på KPSS sin 22. partikongress*
- *sentralkomiteéns plenumsavgjerder*
- *den sovjetiske regjeringa sine forordningar, erklæringar og notar*
- *brev frå leiande delegatar i KPSS.*²⁶⁸

Samarbeidet mellom kommunistane og ikkje-kommunistane i enkelte av dei lokale avdelingane av Sambandet Norge-Sovjetunionen hadde i ein periode vore svært vanskeleg, spesielt i Nord-Noreg.²⁶⁹ Leiinga i Sambandet innsåg at dersom ein skulle lukkast med å aktivisere og skape ein breiare politisk basis i organisasjonen, så var det nødvendig å tone ned den kommunistiske propagandaen. Dette var bakgrunnen for at landssekretær Per Svensson og sentralkomiteén i NKP bestemte seg for å be dei lokale kommunistforeiningane om å avvike frå sine tidlegare «sektariske arbeidsmetodar», og unngå å blande seg for mykje inn i dei lokale sambandsavdelingane. Svensson og NKP gjekk til dømes inn for at kommunistane burde avstå frå å stille til val som leiarar i lokalavdelingane av Sambandet.²⁷⁰

Også Ole Sundfør tok konsekvensen av dette og søkte å påverke til ei anna haldning i dei avdelingane som var underlagt Nord-Norge-kontoret. På eit møte i Kirkenes i april 1963 sa Sundfør mellom anna dette:

Faktum er at på en rekke steder er ikke grunnlaget overfor ledelsen så bra som det burde være.²⁷¹ Det er et faktum som jeg ikke vil skjule, og som heller ikke bør skjules, at en rekke avdelinger er preget av bare

kommunister, noe som har gjort at vi ikke har fått særlig stor utvikling i vårt Samband. Selvsagt betyr ikke det at vi skal foreta en utrensning av kommunistene [...] Selvsagt er Sambandet en partipolitisk uavhengig organisasjon, men det forhindrer ikke at en nå kan diskutere om det ikke bør komme andre med, enn kommunister. [...] Ikke alltid har det vært like lett å arbeide for Sambandet som idag. Det har vært harde tider, og vi så at avdeling på avdeling gikk over ende. Dette til tross for at det på de traktene var mye kommunister. Det betyr imidlertid ikke at kommunistene skal sitte og dominere og vende situasjonen ut fra sitt politiske syn. Vi må se til å få både folk fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Folkeparti, Høyre og andre folk med i Sambandet.²⁷²

På møtet opplyste Sundfør òg om at han hadde hatt kontakt med leiaren i SF, Knut Løfsnes, vedrørende Sambandet. Sundfør opplyste at Løfsnes var interessert i å få fleire SF-medlemmer med i Sambandet, og at han hadde bede Sundfør om å ta kontakt med SF-folk i Nord-Noreg for å få fleire til å melde seg inn i organisasjonen:

Vi snakket frem og tilbake om Sambandet, og det endte med at Løfsnes sa til meg: «Når du kommer til Nord-Norge, så kan du gjøre henvendelser til SF-folk for å få tak i medlemmer der du måtte ha interesse av det. Du kan vise til at du har snakket med meg. Du kan også vise til at i Sambandets ledelse sitter to fremstående SF-folk. De er begge formenn i lokallag.²⁷³ Du kan videre fortelle at ved Sambandets landsmøte til høsten vil SF sette flere folk inn i Sambandets ledelse».²⁷⁴

Framfor valet av nytt styre i Sambandet hausten 1963 arbeidde også Svensson aktivt med å rekruttere aktuelle kandidatar. Han forsøkte å trekkje til seg kjende og respekterte representantar frå norsk kultur og politikk som kunne vere med å føre Sambandet ut av isolasjonen som hadde prega organisasjonen i fleire år. Eitt av Svensson sine initiativ i samband med dette var forslaget om å sende ein delegasjon av moglege leiarkandidatar til Sovjetunionen i god tid før landsmøtet i november. I følge Svensson ville dette føre til at kandidatane lét seg

velje til eit verv i Sambandet si leiing.²⁷⁵ Forslaget vart støtta av SSOD-representanten i Noreg, og vart i tillegg positivt mottatt i Moskva.²⁷⁶

Parallelt med at Sambandet forsøkte å trekkje til seg medlemmer frå andre parti enn NKP, gjekk det også føre seg ei mobilisering for Sambandet innan DNA og LO. Dette var dels eit resultat av at sentrale politikarar i DNA erkjente at dersom ein skulle få kontroll med Sambandet sin aktivitet, så måtte ein aktivt intervenere og forsøke å styre utviklinga i organisasjonen sjølv. På den andre sida eksisterte det også, innan DNA og LO, ein viss sympati for Sambandet sine forsøk på å utvikle det kulturelle samarbeidet mellom Noreg og Sovjetunionen, og ein viss vilje til å delta i dette arbeidet. På sekstitalet gjekk difor ei rekkje DNA-politikarar inn i leiande verv i Sambandet Norge-Sovjetunionen. Olav A. Versto, som deltok på Svensson si «rekrutterings-reise» til Moskva, vart til dømes vald til formann av det nye organet Sambandets Råd på landsmøtet i november 1963.²⁷⁷

Sambandets Råd var på mange måtar eit verkemiddel for å utvikle Sambandet mot ein masseorganisasjon. Det skulle fungere som eit rådgjevande organ for hovudstyret i prinsipielle og viktige konkrete spørsmål vedrørende Sambandet si verksemd, og skulle treffast etter behov. Rådet med i alt 34 medlemmer var samansett av ei rekkje kjende personar frå norsk kultur, samfunnsliv og politikk, og dessutan tidlegare leiarar og eldre medlemmer av Sambandet Norge-Sovjetunionen. Blant medlemmene finn ein blant andre professorane Otto Bastiansen, Leif Flydal, Ivan Rosenqvist, Ragnar Frisch og Trygve Gjestland, kunstnarane Henrik Finne og Odd Hilt, forfattarane Jens Bjerneboe, Arthur Omre, Inger Hagerup og Jan Brede Bull, magister Olav Dalgard, skodespelaren Rolf Söder og legen Adam Egede-Nissen.²⁷⁸ På landsmøtet i 1966 vart skuledirektør og DNA-politikar Helge Sivertsen vald til ny formann i Rådet. Seinare på sekstitalet og på syttitalet engasjerte ei rekkje DNA-politikarar som Einar Gerhardsen, Werna Gerhardsen, Bjørn-Tore Godal og Kari Ørbech Sørheim seg i sambandsarbeidet. Også ei rekkje LO-tillitsvalde som Odd Højdahl, Tor Aspengren, Bjarne Ingsøy, Tor Halvorsen og Harry Evjen var med i Sambandet i denne perioden.²⁷⁹

Det kan vere grunn til å spørje seg om Overvakingspolitiet samarbeidde med DNA og LO i denne perioden for å kontrollere Sambandet. Bergh og

Eriksen hevdar at særskilt overvakingssjef A. J. Bryhn gjekk inn for ei aktiv linje som gjekk ut på å ufarleggjere og «legalisere» Sambandet. Dette skulle skje ved å erobre Sambandet innanfrå ved hjelp av DNA-medlemmer i fagrørsla.²⁸⁰

Landsekretær i Sambandet i perioden 1969-87, Øivind Frisch, fortalde at Sambandet fekk seg ei overrasking då sekretæren i Oslo Jern og Metall, Willard Kristiansen, vart innstilt til formann i 1969. Kristiansen hadde aldri tidlegare vore medlem av Sambandet, og fortalde dei andre medlemmene at «jeg er satt til dette, jeg aner ingenting om Sambandet».²⁸¹ Tidlegare leiar i Sambandet og sekretær i Oslo Jern og Metall, Harry Evjen, stadfestar også at han kom med i Sambandet etter ønske frå LO mot slutten av sekstitalet. Dette var og eit ønske frå leiinga i DNA. Mellom anna hadde Knut Frydenlund gitt uttrykk overfor Evjen om at DNA må ha ei bakhjør og ein fot innanfor Sambandet.²⁸²

Sjølv om det openbert eksisterte parallelle ønske innan både Overvakingsspolitiet, DNA og LO om å få betre kontroll og innsyn i sambandsarbeidet i denne perioden, er det lite i mine kjelder som direkte tyder på eit samarbeid, eller at engasjementet var initiert av Overvakingsspolitiet. Bergh og Eriksen hevdar derimot at Overvakingsspolitiet diskuterte spørsmålet om å erobre Sambandet i Nord-Noreg innanfrå ved hjelp av LO-folk og DNA-medlemmer, med mellom andre LO-sekretæren i Nordland. Stemninga for dette forslaget var imidlertid dårleg, og det vart forkasta. Medlemmene hadde liten lyst til å delta på sambandsmøte i tillegg til eigne partiaktivitetar.²⁸³

Det kan vere at eit liknande initiativ frå Overvakingsspolitiet overfor DNA og LO i Sør-Noreg vart meir positivt mottatt. Mest sannsynleg var det nok likevel snakk om eit felles siktemål mellom Overvakingsspolitiet og DNA om å få meir kontroll og innsyn i aktiviteten. Det er i alle høve ingenting som tyder på at Overvakingsspolitiet hadde noko å gjere med til dømes ekteparet Gerhardsen eller Helge Sivertsen sitt engasjement i Sambandet. Eit OVS-notat frå 1966 indikerer òg at Overvakingsspolitiet ikkje hadde direkte kontroll med enkelte DNA-medlemmers engasjement i Sambandet:

Det syntes å fremgå at en fraksjon i Arbeiderpartiet har engasjert seg i Sambandet med det mål å arbeide for større bredde i virksomheten. Det er nærliggende å tro at Einar Gerhardsen har spilt en vesentlig rolle i dette fraksjonsarbeidet når man tar i betraktning at hans frue og en meget nær venn av ham, Helge Sivertsen, har engasjert seg i den grad de har gjort. [...] Man er kjent med at det innen Sambandet er drøftet spørsmålet om å engasjere samarbeidsvillige innen Arbeiderpartiet og fagbevegelsen. Det har lyktes i overraskende sterk grad ved det 9. landsmøte.²⁸⁴

Einar Gerhardsen vart tvert om sett på som ei av hovudårsakene til Overvåkingspolitiet sine problem i Nord-Noreg, etter at han i ei tale i 1961 hadde opna for eit breiare samarbeid på Nordkalotten med deltaking også frå Sovjetunionen.²⁸⁵ Sivertsen og Gerhardsen hadde dessutan truleg eit samanfallande syn på verdien av eit kulturelt brubyggingsarbeid mellom Noreg og Sovjetunionen. Berg og Eriksen trekk fram at Sivertsens ønske var å omforme og «anstendigjøre» Sambandet, samt medverke til å gjere organisasjonen til eit *bona fide*-instrument i det norsk-sovjetiske forholdet.²⁸⁶ Sivertsen uttalte også følgjande i eit intervju med *Dagbladet* om sine motiv for å gå inn som formann i Sambandets Råd i november 1965:

Mine beveggrunner er helt klare. Jeg har alltid vært sterkt opptatt av kulturarbeidet over landegrensene. Det gjelder først og fremst det nordiske kultursamarbeidet. Jeg har vært med i norsk-britisk samband og det er min overbevisning at vi må arbeide oss frem til et mer normalt samkvem med landene i Øst-Europa, det omfatter også forholdet til Sovjetsamveldet. Gjennom Sambandet vil vi forsøke å medvirke til dette.²⁸⁷

Oleg Gontsjarenko og oppvaskmøtet i 1963

Arbeidet med å forbetre aktiviteten i Sambandet og omdanne organisasjonen til ein masseorganisasjon viste seg likevel å vere problematisk. Frå Sambandet sitt synspunkt var det først og fremst problemet med å få til bindande og sikre

avtaler med russarane som truga med å velte heile organisasjonen. På grunn av at russarane berre ein sjeldan gong klarte å gi skikkelege beskjedar eller halde avtaler, hadde Sambandet vanskar med å framstå som ein sikker samarbeidspartnar eller kontaktperson for andre norske organisasjonar. Leiarane i Sambandet frykta at både seriositeten og truverdet til organisasjonen ville smuldre opp, dersom ikkje russarane ein gong for alle fekk ordna opp i dette.

I ei samtale den 8. februar 1963 mellom Emil Løvlien og den sovjetiske ambassadøren, Nikolaj Lunkov, informerte Løvlien om at Sambandet for tida var mektig irritert på russarane. Bakgrunnen for raseriet var at Per Svensson fleire månader tidlegare hadde inngått ei avtale med SSOD om at den berømte sovjetiske skøyteløparen Oleg Gontsjarenko skulle kome til Noreg den 6. februar som Sambandet sin gjest. Klok av tidlegare røynsler ville ikkje Sambandet leggje opp eit program før dei hadde mottatt ei offisiell forsikring om at Gontsjarenko verkeleg kom den avtalte dagen. Denne forsikringa kom imidlertid den 3. februar, og Sambandet var trygge på at dei kunne annonsere besøket i media. I samarbeid med Norges Idrettsforbund lagde Sambandet også eit program for besøket.

Tre kvarter før flyet med Gontsjarenko skulle lande, kom det imidlertid ei telefonoppringing frå Moskva om at Gontsjarenko endå ikkje hadde «gjennomgått alle formalitetar», og at det var usikkert om han kunne kome. I følgje Løvlien framkalte dette ein storm både i Sambandet si leiing og blant dei som hadde arbeidd for å leggje besøket til rette. Nokre av styremedlemmene la endåtil ned verva sine i protest. Også Norges Idrettsforbund var lite nøgde med Sambandet, og sa at dei i framtida ikkje ville ha noko meir med organisasjonen å gjere.

I følgje Løvlien var ein slik russisk framgangsmåte ikkje nokon unik hending, men tvert imot noko som gjentok seg ganske ofte. Løvlien peika på at russarane aldri hadde forstått dei spesielle problema som både Sambandet og NKP støtte på i Noreg. Løvlien fann grunn til å orsake at ikkje «diverse Moskva-organisasjoner» (dvs. mellom andre SSOD) følte større ansvar for samarbeidspartnarane sine i Noreg enn det dei hadde vist ved dette høvet.²⁸⁸

Løvliens reprimande hadde tydelegvis svært god effekt på ambassadør

Lunkovs handlekraft. 24 timar etter samtalen mellom Løvlien og Lunkov stod Oleg Gontsjarenko på Fornebu, klar til å gjennomføre besøket i Noreg.

Trass i Løvliens innstendige bønner om at SSOD og russarane no måtte ta seg saman, heldt liknande hendingar fram med å forsure tilhøvet mellom Sambandet og russarane. Svært mykje av Sambandets tid og krefter vart framleis brukt til å irritere seg over russarane sitt rot og til dels likesæle haldning. Sommaren 1963 måtte til dømes Per Svensson åtvare russarane etter at besøket av den sovjetiske pedagogen Sjabajeva enda i fiasko. Sjabajeva kom til Noreg på eit verst tenkjeleg tidspunkt, midt i eksamenstida og rett før nasjonaldagen. Dessutan kom Sjabajeva ein dag etter skjema, noko som førte til at Sambandet måtte avlyse fleire arrangement.

Fru Sjabajevas besøk er ikke noe unntak. Vi må si: Det er regelen. Men et slikt forhold skader vårt arbeid i sterk grad, det gjør virksomheten i avdelingene usikker og famlende, og hindrer oss i å få et samarbeid med andre organisasjoner om besøkene som vi gjerne vil ha. Det er en ganske sterk misnøye i våre avdelinger og blant våre medlemmer med denne sak, og vi frykter at det vil komme klart til uttrykk på vårt landsmøte i november. Vi ber derfor Sambandet Sovjetunionen-Norge gjøre alt for at slike ting fjernes fra virksomheten. De er i dag den viktigste hindring for en videre utvikling av vårt Sambands arbeid.²⁸⁹

Denne åtvaringa førte likevel ikkje fram, og fleire av dei lokale sambands-avdelingane førebudde seg på å stå fram på landsmøtet i november 1963 med sterk kritikk av både hovudstyret i Sambandet Norge-Sovjetunionen og SSOD. Bondar og Svensson meinte at dette ville få uheldige konsekvensar, og kunne få for mykje merksemd på landsmøtet. Før det ordinære landsmøtet byrja, vart det difor halde eit møte mellom leiinga i Sambandet, representantar for SSOD og dei lokale representantane som hadde i sikte å stå fram med kritikk på landsmøtet. På dette møtet fekk representantane leggje fram alle forslag, krav og all kritikk dei hadde på hjartet. Til gjengjeld vart det bestemt at ingen skulle kome med skarpe utfall eller skuldingar på sjølve landsmøtet.²⁹⁰

Jurij Gagarin i Noreg - ein uventa suksess

Etter oppvaskmøtet i forkant av landsmøtet i november 1963 valde leiinga å konsentrere seg om å leggje tilhøva til rette for den sovjetiske statsministeren og partileiaren Nikita Khrusjtsjov sitt besøk i Noreg sommaren 1964. Eit av Sambandet sine høgste ønske i denne samanhengen var å få besøk av ein eller fleire sovjetiske kosmonautar, som til dømes Jurij Gagarin eller Valentina Teresjkova.²⁹¹ Sambandet håpte at dette kunne vere med på å skape både entusiasme og positiv merksemd i forkant av Khrusjtsjov sitt besøk. Sambandet hadde også i tidlegare møte med sovjetiske representantar gitt uttrykk for dette ønsket. I juli 1963 forsøkte til dømes Norges Røde Kors og Sambandet i fellesskap å invitere Gagarin til ein stor Røde Kors-konferanse i Oslo. Dette hadde ikkje lukkast.²⁹²

I midten av februar 1964 opplyste imidlertid ambassadør Lunkov at dei to kosmonautane Jurij Gagarin og Valerij Bykovskij ville kome til Sverige og Noreg i mars. Då Bondar og leiinga i Sambandet møttest nokre dagar etter for å utarbeide ein plan, uttrykte Knut Eidsvold både glede over at kosmonautane skulle kome, og vonbrot over at svaret frå Moskva nok ein gong kom så seint. I følgje Eidsvold gjenstod det no svært lite tid til å førebu eit så viktig besøk.²⁹³ I ei samtale same dagen mellom Lunkov og viseleiaren i NKP, Jørgen Vogt, gav sistnemnde uttrykk for det same som Eidsvold. Han forstod ikkje kvifor Moskva trong så lang tid på å svare, og han frykta at organisasjonar som tidlegare hadde uttrykt interesse for eit kosmonautbesøk, no ville vere lite entusiastiske. Vogt understreka at den sovjetiske ambassaden nok ein gong hadde sett NKP og Sambandet i ein vanskeleg situasjon.²⁹⁴

Trass i at både Eidsvold og Vogt gav uttrykk for at det kunne bli vanskeleg å trekkje med seg andre organisasjonar i det førebuande arbeidet, gav Lunkov likevel klart uttrykk for at Sambandet ikkje kunne gå i spissen for kosmonautbesøket heilt åleine:

*Sidan den norske regjeringa og dei norske styresmaktene viser ei vaksam haldning til Sambandets arbeid, ville det ut frå ein taktisk tankegang vere formålstenleg om det ikkje var Sambandet som stod som vert for dei sovjetiske kosmonautane.*²⁹⁵

Som eit resultat av dette ønsket forsøkte leiinga i Sambandet å knyte kontakt med norske organisasjonar som kunne gå i bresjen for besøket. Eidsvoll kontakta til dømes Norsk Folkehjelp og diverse studentforeiningar, men ingen hadde høve til å hjelpe til med det førebuande arbeidet. Svensson kontakta Det Norske Skiforbundet, Holmenkollforeningen, Norsk Aeroklubb, Norsk Aeronautisk Forbund og Det Norske Ingeniørforbundet. I følgje Svensson var dei fleste positivt innstilt til besøket, men dei uttrykte alle tvil om det var mogleg å gjennomføre besøket på så kort tid. Etter nokre hektiske dagar klarte imidlertid Sambandet å overtale Norsk Astronautforbund og Norsk Turistbyrå til å stå som arrangørar av kosmonautbesøket.²⁹⁶

I møtet med sambandsleiinga peikte ambassadør Lunkov òg på at Gagarin hadde fått ei mottaking på aller høgste nivå då han ei stund tidlegare besøkte Danmark. Han vart mellom anna mottatt av Kongen, og den danske regjeringa stelte i stand frukost for han. I samband med dette lovde Knut Eidsvold å kontakte både statsminister Einar Gerhardsen og ordføraren i Oslo, Brynjulf Bull. Eidsvold ville mellom anna spørje om kosmonautane kunne få møte både Kong Olav og Gerhardsen, og om den norske regjeringa kunne stelle i stand frukost eller lunsj for dei sovjetiske gjestene.

Per Svensson på si side meinte at sidan kosmonautane også skulle vitje Sverige, var det kanskje best å vente for å sjå om svenskekongen ville ta imot dei. Dersom han gjorde det, ville det bli atskilleg lettare å få i stand ei liknande mottaking også i Noreg.²⁹⁷ Både Gerhardsen og Oslo kommune reagerte imidlertid positivt på førespurnaden frå Eidsvold, og på høvesvis kort tid vart det satt saman eit program for kosmonautane som inkluderte møte med Kong Olav, statsminister Gerhardsen, stortingspresident Nils Langhelle, forsvarsminister Gudmund Harlem og ordførar Bull i Oslo.²⁹⁸

Kosmonautbesøket vart ein uventa og kjærkomen suksess både for Sambandet og for russarane. Leiinga i Sambandet gav uttrykk for at dei var tilfreds med besøket,²⁹⁹ og Bondar var stornøgd med korleis det heile utvikla seg. Bondar la vekt på at nordmennene tok vel imot både Gagarin og Bykovskij då flyet landa på Fornebu, og at uvanleg mange journalistar og fotografar møtte opp på pressekonferansen. Han trakk også fram at heile 20.000 menneske møtte opp på landbruksutstillinga i Oslo den eine dagen

Gagarin var til stades der. Bondar var også nøgd med pressedekninga av besøket. I rapporten frå besøket hevda han at størstedelen av pressa gav uttrykk for at det var lenge sidan dei hadde sett ei slik massedeltaking på møte i Noreg.³⁰⁰ Fleire aviser la vekt på at kosmonautbesøket var eit uttrykk for godvilje og ønske om eit betre tilhøve mellom Noreg og Sovjetunionen. *Adresseavisen* i Trondheim skreiv mellom anna at dette viste nordmennene sine ønske foran Khrusjtsjov sitt besøk i Noreg.³⁰¹ *Morgenbladet* og *VG* var imidlertid meir avmålte i sine omtaler av kosmonautbesøket.³⁰² *Tidsskriftet Farmand* utropte Jurij Gagarin til «det sovjetiske systemets propagandist nr. 1».³⁰³

I følge Bondar førte kosmonautbesøket til ei monaleg styrking av Sambandet Norge-Sovjetunionen sin prestisje i Noreg. Etter det som er opplyst, førte besøket til at Sambandet klarte å etablere eit samarbeid med statlege, frivillige, kommunale og vitskaplege organisasjonar.

Representantar for Sambandet følgde kosmonautane på reisa rundt i Noreg, og dei deltok i alle offisielle tilstellingar, samtaler og mottakingar. I rapporten uttrykte Bondar stor optimisme med tanke på den vidare aktiviteten i Sambandet og si eiga rolle som SSOD-representant.³⁰⁴ Leiaren i den skandinaviske avdelinga i SSOD, Jurij Zotikov, var også nøgd med utviklinga i Noreg og Bondar sin innsats. I eit brev til alle SSOD-representantane i Skandinavia i april 1964 vart Bondar framheva som eit førebilete for dei øvrige representantane.³⁰⁵

Pengeproblem og nye konflikter

Heilt sidan danninga i 1945 er det klart at Sambandet Norge-Sovjetunionen var avhengig av ei viss materiell og finansiell støtte frå russarane for å oppretthalde drifta av organisasjonen. Gjennom heile femti- og sekstitalet var Overvakingspolitiet interessert i å avdekkje korleis drifta vart finansiert, og om det gjekk føre seg irregulære pengeoverføringar frå russarane til Sambandet. Bakgrunnen for denne merksemda var hovudsakleg straffelovas paragraf 97a frå 15. september 1950:

Norsk borger eller en i Norge hjemmehørende person som av fremmed makt eller av parti eller organisasjon som opptrer i dennes interesse, for seg eller for parti eller organisasjon her i landet tar imot økonomisk støtte for å påvirke allmennhetens mening om statens styreform eller utenrikspolitikk eller til partiformål, eller som medvirker hertil, straffes med hefte eller fengsel inntil to år.³⁰⁶

Med basis i denne lovteksten er det fleire poeng som særskilt må klarleggjast. For det første inneber lova at det uansett er ulovleg for eit politisk parti å motta støtte frå eit land med diktatur som styreform, og der staten og partiet reknast for å vere eitt og same. Dette gjeld uansett kva støtta er tenkt brukt til. Dersom eit politisk parti mottar pengestøtte frå eit søsterparti i eit demokratisk land, vil partiet derimot ikkje rammast av denne lovteksten, sjølv om det nok kan stillast spørsmål ved moralen i ei slik framferd. For det andre vil ein organisasjon derimot kun bli ramma av denne lova dersom støtta blir brukt til å påvirke opinionens mening om norsk utanrikspolitikk eller statens styreform.³⁰⁷

Alt i alt var det ikkje fullstendig klart om pengeoverføringar frå russarane til Sambandet ville bli ramma av straffelovas § 97a. Det var høgst truleg vanskeleg for Overvakingspolitiet å gripe inn overfor Sambandet med påstandar om at organisasjonen til dømes ville endre den norske statens styreform frå demokrati til diktatur. Spørsmålet måtte difor vere om Sambandet dreiv ei verksemd som kunne karakteriserast som propaganda overfor den norske opinionen med det mål for auge å påvirke ålmentas mening om norsk utanrikspolitikk og statens styreform. Sjølv om det ikkje er tvil om at det nettopp var på dette feltet at Overvakingspolitiet såg det største trugsmålet ved Sambandets aktivitet, er det ikkje urimeleg å tenkje seg at politiet fann det problematisk å innleie overvaking eller gå til straffesak på dette grunnlaget.

Det var då heller ikkje straffelovas § 97a som vart brukt som grunnlag for å sette i gong overvaking av Sambandet Norge-Sovjetunionen. I 1963 fekk politiet rettsleg godkjenning til å overvake enkeltpersonar ved Nord-Norgekontoret med mistanke om brot på lov av 18. august 1914 nr. 3 om forsvarsløyndomar § 4,³⁰⁸ som innebar fengsel inntil eitt år dersom ein «med-

virker ved etterretninger, som han vet eller bør forstaa har spionering for en fremmed stat til formaal». ³⁰⁹ Gjennom denne overvakinga, som mellom anna innebar romavlytting, brev- og telefonkontroll, fekk politiet enkelte indikasjonar på at Sambandet mottok økonomisk støtte frå Sovjetunionen.

I 1963 meinte Overvakingspolitiet mellom anna å sitte inne med opplysningar om at Nord-Norge-kontoret vart finansiert frå Moskva, med i alt 35.000 kroner. Russarane hadde dekt både løn, kontordrift og bilhaldet til tilsette ved kontoret. ³¹⁰ I 1968 hadde politiet informasjon om at Sambandet fekk eit tilskot på 85.000 kroner i året. I følgje POT sine kjelder gjekk 30.000 av desse til kontoret i Tromsø. ³¹¹ Også seinare kjelder frå 1970-talet indikerer at overføringar frå russarane til Sambandet Norge-Sovjetunionen fann stad. I juni 1976 vedtok til dømes sekretariatet i SUKPs sentralkomité å "øke den årlige materielle hjelpen til vennskapssambandene med Sovjetunionen i de skandinaviske land ("Danmark-USSR", "Sverige-USSR" og "Norge-USSR") frå 84 til 171 tusen valutarubler". ³¹² Det er imidlertid lite som tyder på at Overvakingspolitiet nokon gong klarte å avdekkje nøyaktig korleis denne finansieringa gjekk føre seg.

Andre kjelder viser at Sambandet i heile perioden 1945-1970 også fekk ei rekkje russiske suvenirar, matrjosjka-dukke, dukar og grammofonplater av russarane som dei selde eller lodda ut. Enkelte år forsøkte Sambandet å arrangere landslotteri med russiske gevinstar, med svært vekslende hell. ³¹³ På sekstitalet forsøkte Sambandet dessutan å selje sovjetiske armbandsur. Kvaliteten på klokkene var så imidlertid så dårleg at Sambandet hadde store problem med å kvitte seg med lageret. ³¹⁴ På slutten av femtitalet og på sekstitalet var det særskilt billettinntekter av føredrag og konsertar med sovjetiske artistar som gav pengar i kassa. Det var derimot ikkje alltid at desse arrangementa gjekk med overskot. Besøket av Bolsjoj-balletten i 1960 var derimot ein stor suksess som sikra Sambandet om lag 70.000 kroner i inntekt. ³¹⁵ På slutten av femtitalet og på sekstitalet hadde Sambandet også ei viss inntekt av turistreisene som dei arrangerte. Etter det som er oppgitt tente Sambandet til saman 34.000 kroner på delegasjonsreiser, turistreiser og sovjetiske kunstnargrupper i 1964 og 1965. I 1966 var inntektene 22.000 kroner. ³¹⁶ Utover sekstitalet vart desse inntektskjeldene imidlertid meir usikre, noko som uroa leiinga i Samban-

det Norge-Sovjetunionen. Det var hovudsakleg to årsaker til denne utviklinga.

Den første årsaka var at norske styresmakter forsøkte å hindre Sambandet si verksemd som turistselskap.³¹⁷ Dette vart gjort ved at reisebyrålova vart endra, og ved at samferdselsdepartementet i fleire brev til Sambandet peikte på at det berre var registrerte firma med særskilde løyve som kunne arrangere selskapsreiser til Sovjetunionen. Dette førte til at Sambandet innleidde samarbeid med registrerte reisebyrå. Organisasjonen miste dermed noko av inntektene dei tidlegare hadde hatt, fordi han no måtte dele overskotet med samarbeidspartnerane sine.³¹⁸

Den andre årsaka var at russarane sjølve gjerne ville tene litt ekstra på å sende kunstnarar og artistar til utlandet i denne perioden. Dette førte til at russarane stilte strengare krav til inntening under turnéane. Frå å sjå på verksemda med artistturnéar som eit ledd i sovjetisk propaganda overfor utlandet, byrja altså russarane med rein forretningsverksemd. Denne haldninga var i stor grad med på å forsterke det til dels dårlege samarbeidsklimaet mellom Sambandet og russarane på sekstitalet. I eit møte mellom SSOD-representant Solovjov og Egil Danielsen frå Sambandet i januar 1962 informerte Solovjov om at russarane ikkje kunne godta dei vilkåra som Sambandet hadde foreslått for ei sovjetisk kunstnargruppe. Solovjov fortalde at dersom Sambandet ikkje kunne setje fram betre økonomiske vilkår for kunstnargruppa, så måtte turnéen ordnast gjennom eit konsertbyrå. I følgje Solovjov var det eit krav om minst 15 konsertar dersom ein skulle klare å oppnå eit rimeleg utbytte av turnéen.

Egil Danielsen var svært irritert og oppgitt over denne haldninga. Han var svært misnøgd med at Sambandet ikkje fekk nytte dette høvet til å skape interesse for organisasjonen, og hevda at Sambandet utan problem ville ha klart å arrangere 15 konsertar dersom russarane hadde meldt frå om dette tidlegare. Danielsen retta dessutan hard kritikk både mot ambassaden og Solovjov, og stilte seg uforståande til at kulturministeriet i Moskva ikkje var interessert i å byggje opp Sambandet. Danielsen meinte at det måtte gå an å sjå bort frå økonomisk vinning når ein endeleg hadde sjansen til å få folk til å kome på sambandsmøte. Han konkluderte imidlertid med at det økonomiske telte mest for russarane, og at Sambandet kom i andre rekkje. Trass i denne

klare negative reaksjonen på russarane si haldning, gjekk Danielsen med på å undersøkje om eit av dei norske konsertbyråa var interessert i å stå som arrangør for dei sovjetiske artistane, som etter planen skulle kome til Noreg den 24. mars. Nokre veker etterpå melde han derimot til Solovjov om at ingen av byråa var interessert, og at både han personleg og Sambandet fråskreiv seg alt ansvar. Den russiske artisttroppen kom aldri til Noreg.³¹⁹

På eit møte hausten 1964 mellom leiaren av Sambandet Sovjetunionen-Norge, Jurij Savinov, og medlemmene i Sambandets styre, nytta nordmennene høvet til å klage over vanskanne med å få billege sovjetiske artistar til Noreg. Nordmennene hevda at Sambandet dei siste åra hadde mislukkast med å oppnå tilfredsstillande avtaler med kulturministeriet i Moskva som kunne hjelpe Sambandet ut av ei vanskeleg økonomisk stilling. Styret hevda at kulturministeriet fullstendig såg bort frå at Sambandet var ein liten venskapsorganisasjon med formål om å gjere det norske folket kjent med det sovjetiske folkets kulturliv. Tvert imot fekk dei inntrykk av at kulturministeriet gjorde alt for at grådige kapitalistar skulle gjere seg rike på sovjetisk kunst. Styremedlemmene sette sin lit til at Savinov ville tale deira sak i Moskva og gjere sitt til at Sambandet på nytt kunne ta imot billege sovjetiske artistar. I tillegg til dette la sambandsstyret fram forslag til ei ny inntektskjelde. Eidsvold og Svensson føreslo at Sambandet kunne danne eit aksjeselskap for sal av sovjetiske produkt i Noreg. Savinov tykte dette var ein brukande idé, og ymta fram om at ein kanskje kunne ordne ein liten butikk i Oslo for sal av sovjetiske grammofonplater, bøker og suvenirar.³²⁰ Så vidt det er mogleg å sjå, vart denne idéen aldri gjennomført, men NKP oppretta ein liknande butikk tidleg på syttitalet som heitte Oslo bok- og papirhandel.

Det er også andre ting som tyder på at Sambandet ikkje direkte sumde i pengar frå Sovjetunionen. I 1965 opplyste landssekretær Per Lind at Sambandet hadde ei gjeld på 7.000 kroner og ubetalte rekningar for om lag 25.000 kroner (inkludert Nord-Norge-kontoret). Landssekretæren rekna med at Sambandet ville få eit underskot på 30.000 kroner dette året. Årsakene til at Sambandet hadde hamna i dette økonomiske uføret, var mellom anna økonomisk rot frå den tidlegare landssekretæren si side og dessutan kraftige lønnstillegg som vart gitt med basis i feilaktig rekneskap. I tillegg hadde den tidlegare

landssekretæren, utan å ta opp saka med arbeidsutvalet eller styret, på eiga hand betalt portoutgiftene til Norges kommunistiske ungdomsforbund (NKU) med Sambandets midlar. Fram til midten av sekstitalet vart desse økonomiske problema skjulte ved hjelp av falske rekneskapar. Dette var mogleg fordi Sambandet hadde eit høvesvis stort fond å gå på etter Bolsjoj-ballettens turné i Noreg i 1960. Då fondet var brukt opp, var det imidlertid ikkje mogleg å skjule dei store underskota lenger, og styret vart informert. Styret innsåg raskt at dei økonomiske vanskanane måtte føre til ei innskrenking av verksemda og barbering av utgiftene. I denne samanheng skreiv Per Lind:

Sambandet vil uten tvil overvinne de vanskelighetene som er oppstått, det er bare et spørsmål om tid. Sambandet vil overvinne sine vanskeligheter raskere, dersom våre sovjetiske venner finner det mulig nok en gang å rekke oss en hjelpende hånd.³²¹

Brevet til Nikita Khrusjtsjov

I forkant av Nikita Khrusjtsjov sitt besøk i Noreg sommaren 1964 gjorde leiarane av Sambandet framstøytar for å oppnå ein viss innverknad på planlegginga og gjennomføringa av besøket. Dette var mellom anna eit resultat av at Bondar, etter ordre frå Lunkov, gong etter gong oppmuntra sambandsleiarane til å innta ei meir aktiv haldning i dette spørsmålet:

Etter ordre frå ambassadør Lunkov har SSOD-representanten fleire gongar møtt leiarane av Sambandet for å forsøke å påverke Sambandet til å vise større aktivitet. SSOD-representanten har peikt på kor viktig det er å ta initiativ til å samarbeide med offisielle krinsar om tiltak for forholdet mellom landa våre og tiltak i samband med Khrusjtsjovs reise til Noreg. Leiarane i Sambandet har alltid oppnådd det dei ønsker så lenge dei arbeider hardnakka nok. Eit godt døme på dette er det tette samarbeidet som vart oppretta mellom Sambandet og dei offisielle styresmaktene for å gjennomføre programmet til dei sovjetiske kosmonautane.³²²

På grunn av dette hadde formannen i Sambandet, Knut Eidsvold, eit møte med Einar Gerhardsen og ekspedisjonssjef Andreas Andersen. Der la han fram Sambandet sine forslag og ønske vedrørende programmet for besøket.³²³ I møte med Lunkov gav leiarane i Sambandet også uttrykk for at dei gjerne ville arrangere eit møte mellom Khrusjtsjov og medlemmer av Sambandet og fagrørsle. I følgje Bondar reagerte leiarane svært negativt då dei fekk vite at NUPI allereie hadde fått i oppdrag å arrangere eit liknande møte.³²⁴

Høgst truleg hadde nok ikkje Sambandet nokon stor innverknad på det som skjedde under Khrusjtsjov sitt besøk i Noreg i juli 1964. Bondar var derimot svært nøgd med at Knut Eidsvold vart invitert på den offisielle middagen som den norske regjeringa arrangerte, og at Sambandet fekk tildelt ei rekkje billetter til møtet med Khrusjtsjov i Folkets hus. I rapporten om arbeidet sitt som SSOD-representant i Noreg i 1964 konkluderte Bondar med at Sambandet Norge-Sovjetunionen no verkeleg hadde fått innpass i dei rette offisielle kretsane, og at organisasjonen endeleg hadde kome seg ut av isolasjonen.³²⁵

Fleire ting tyder på at Bondar i denne rapporten teikna eit meir positivt bilete av utviklinga i Sambandet enn det strengt tatt var grunnlag for. Ei av årsakene til dette kan ha vore at Bondar ønskte å gi Moskva inntrykk av at han gjorde ein god jobb med Sambandet Norge-Sovjetunionen. Ei anna årsak var nok at han ikkje evna å analysere korkje utviklinga i Sambandet eller Sambandet sine målsetjingar korrekt. Sjølv om både aktiviteten og talet på avdelingar auka sterkt dei to åra Bondar var i Noreg, er det stor grunn til å tru at Bondar si oppfatning av kva Sambandet var, eller skulle vere, skilde seg sterkt frå det Sambandet sjølv ønskte. Bondar såg først og fremst på Sambandet som ein reiskap han kunne nytte for å gjennomføre sine eigne pålagde propagandaoppgåver, medan Sambandet sjølv ville distansere seg frå den sovjetiske propagandaen og i større grad framstå som ein kulturorganisasjon.³²⁶ På mange måtar var dette sjølv kjerna i samarbeidsproblemet mellom Sambandet og SSOD. Skulle Sambandet utvikle seg til ein kulturell masseorganisasjon, eller skulle Sambandet vere ein propagandaorganisasjon til hjelp for den sovjetiske SSOD-representanten?

Sjølv om Sambandet utalige gongar hadde vendt seg til SSOD-representanten, den sovjetiske ambassadøren og SSOD i Moskva for å løyse

samarbeidsproblema, var det få teikn til betringar. Formannen i Sambandet, Knut Eidsvold, valde difor å gå direkte til Nikita Khrusjtsjov under noREGS-besøket hans med eit brev som gav eit samla uttrykk for den frustrasjon og irritasjon dei kjende overfor russarane. I brevet til Khrusjtsjov kritiserte Sambandet først og fremst russarane sin svake vilje til å satse på Sambandet, spesielt i Sør-Noreg. I staden for ein auke i dei kulturelle kontaktane mellom Sør-Noreg og Sovjetunionen, hevda Sambandet at det i dei tre siste åra hadde vore ei utvikling i stikk motsett retning. Til dømes hadde ikkje Sambandet i Sør-Norge fått besøk av ei einaste artistgruppe, talet på sovjetiske føredragshaldarar hadde minka sterkt, og færre sambandsmedlemmer var invitert til Sovjetunionen. For det andre kritiserte Sambandet nok ein gong byråkratiet i SSOD, som dei meinte hadde skuld i at effektiviteten i sambandsarbeidet var dårleg.³²⁷

I brevet viste Sambandet dessutan til den innsatsen land som USA, Storbritannia, Frankrike og Vest-Tyskland la i å spreie sin kultur til det norske folket. I følgje Sambandet løyvde desse landa årleg store summer i reisestipend til norske ungdommar, og Vest-Tyskland hadde finansiert store tysk-norske kultursenter både i Oslo og i Bergen. Samanlikna med dette var det sovjetiske kulturarbeidet i Noreg svakt, og i følgje Sambandet vart dei få sovjetiske tiltaka i Noreg gjennomført kun takka vere ein sjølvoppofrande innsats frå Sambandet sine medlemmer.³²⁸

I løpet av den tida Bondar var SSOD-representant i Noreg, erkjente han at han hadde store problem med å få Sambandet til å delta i den sovjetiske propagandaen, som mellom anna innebar å spreie dokument frå KPSS og den sovjetiske regjeringa til den norske opinionen. I følgje sambandsleiinga var Sambandet si oppgåve hovudsakleg å gjere det norske samfunnet kjent med det økonomiske og kulturelle livet til det sovjetiske folket og det sovjetiske folket sin vitskaplege framgang. Denne definisjonen omfatta ikkje i første omgang politiske fråsegner frå den sovjetiske regjeringa.³²⁹

Det russiske kjeldematerialet gir få opplysningar om brevet til Khrusjtsjov vart tatt til følgje eller fekk nokon innverknad på samarbeidsklimaet mellom Sambandet i Sør-Norge og russarane i perioden 1965-1968. Truleg lukkast ikkje Bondar eller etterfølgjaren hans, Valentin Kurentsov, i å gjere Sambandet

til ein større propagandaorganisasjon enn Sambandet var villig til å vere.

Dette stemte overeins med det norske Overvakingspolitiet sine observasjonar av Sambandet i denne perioden. I 1967 registrerte Overvakingspolitiet at samarbeidet med den sovjetiske ambassaden, og særskilt Valentin Kurentsov, ikkje var friksjonsfritt. Årsaken til dette var at ambassaden sterkt søkte å dirigere heile sambandsaktiviteten. I følge politiet hadde landssekretæren fleire gongar blitt utskjelt, og ambassaden hadde ofte tatt avgjerder som vedkom Sambandet si verksemd, utan at hovudstyret hadde blitt konsultert.³³⁰ I 1967 gav også russarane uttrykk for at dei gjerne ville vere representerte på møte i Sambandets Råd. Dette vart avvist av Helge Sivertsen og Ivan Rosenqvist, med den grunngjevinga at medlemmene i Rådet kunne finne det ubehageleg.³³¹

SSOD og dei norske brevskrivarane

Det kan vere fornuftig å dvele litt ved den sovjetiske kulturorganisasjonen SSOD sidan denne organisasjonen i stor grad vart utsett for kritikk og angrep når det oppstod konflikter og samarbeidsproblem mellom nordmennene og russarane. Som nemnt tidlegare, fanst det ei skandinavisk avdeling i SSOD som hadde til oppgåve å halde kontakten med Sambandet Norge-Sovjetunionen. Sambandet sitt kontaktpunkt i den skandinaviske avdelinga var den norskspråklege russiske noregssekretæren, som på femti- og sekstitalet var Ajelita Khodareva og Ljubov Kudrjasjova.

Noregssekretæren hadde ansvaret for å ta imot og svare på alle brev og spørsmål frå Noreg, og under norske delegasjonsopphald i Sovjetunionen var noregssekretæren vertinne for delegatane. Noregssekretæren hadde imidlertid i svært liten grad sjølvstendig mynde til å ta avgjerder i saker og ønske som norske medlemmer ytra via brev eller i personlege møter. Sekretæren sine arbeidsoppgåver innebar difor i stor grad ansvar for at førespurnadene kom fram til dei rette mottakarane i SSOD eller i det sovjetiske byråkratiet. Dersom ønsket frå det norske Sambandet til dømes galdt besøk av sovjetiske idrettsfolk, måtte noregssekretæren sende førespurnaden vidare til den sovjetiske idrettsorganisasjonen. Galdt initiativet eit ønske om å få besøk av eit sovjetisk

militærfarty, vart ønsket oversendt den sovjetiske marinen. Ønske om reiser og studium i Sovjetunionen vart sende vidare til *Sputnik*, *Inturist* og sovjetiske undervisningsstyresmakter. Alle innstillingane og svara frå dei sovjetiske instansane vart i neste omgang sendt til noregssekretæren, som deretter informerte det norske Sambandet eller eventuelt SSOD-representanten ved den sovjetiske ambassaden i Oslo.

Dei mange klagebrev som strøymde frå sambandsavdelingane i Noreg til SSOD, viser at effektiviteten i kvart av desse ledda var på eit lavt nivå i mesteparten av perioden denne studien omhandlar. Dei norske forslaga og ønska hadde ein sterk tendens til å drukne i ein myldrande korrespondanse mellom ulike sovjetiske kontor og organisasjonar. Svara kom som regel sterkt forseinka tilbake til dei norske forslagstillarane. Fleire gongar var planlegginga så dårleg at avtaler ikkje kunne haldast og besøk ikkje gjennomførast. Samarbeidet hadde ofte karakter av improvisasjon. Denne praksisen irriterte dei norske avdelingane grenselaust.

Ein annan, men like viktig del av dette biletet var at ein stor del av korrespondansen mellom Noreg og SSOD ikkje berre omhandla arbeidet i Sambandet Norge-Sovjetunionen. Det fanst og ein hærskare menneske og perifere sambandsmedlemmer som på privat initiativ brevveksla med den skandinaviske avdelinga i VOKS og SSOD. I heile perioden 1945-1970 utgjør dette faktisk fleire hundre personar. For å få eit visst inntrykk av kva denne brevvekslinga omhandla lét det seg gjere å dele desse brevskrivarane inn i fem ulike grupper.

Den første gruppa er delegasjonsmedlemmene og turistane som skriv for å takke for den overveldande mottakinga og service dei fekk under reisa si til Sovjetunionen. Svært mange uttrykkjer entusiasme over det dei har sett og opplevd, og har sterke ønske om å kome tilbake. Brev er ofte svært personlege, og adresserte til noregssekretæren eller ulike guidar og tolkar dei stifta kjennskap med under reisa. Dei norske brevskrivarane fortel gjerne om ting som har skjedd i familiane sine, som sjukdom, fødsel og død. Mange sender pakkar med heimelaga sokkar og vottar til noregssekretæren sine barn. Ein stor del av korrespondansen er julekort. Eit gjennomgåande tema i breva og korta er antipati overfor USA og norsk utanrikspolitikk, og dessutan ei sterk

tru på den sovjetiske fredspolitikken. Svarbrev fra medarbeiderne i den skandinaviske avdelinga er ofte i same tone, personlege, engasjerte og gjerne med bilete fra delegasjonsreisa. Der det spesielt blir invitert til det, sender noregssekretæren utdrag fra ein fredsresolusjon eller ei opprømsing av kva Sovjetunionen gjer og har gjort for verdsfreden.

Den andre gruppa brevskrivarar er forfattarar som tilfeldigvis har oppdaga at eit sovjetisk forlag eller avis har gitt ut ei bok eller eit eventyr dei har skrive, og gjerne vil ha honorar for dette. Det er òg forfattarar som har basert heile forfattargjerninga si på å skrive og selje bøker i Sovjetunionen og andre austblokkland, og som difor meiner dei bør behandlast godt, og i det minste få honorar for det dei skriv. I 1960 skreiv til dømes Inger Hagerup eit brev til den sovjetiske forfattern og medlemmen i Sambandet SSSR-Norge, Jevgenij Dolmatovskij, for å be han om hjelp til å krevje inn honorar fra eit sovjetisk forlag som hadde gitt ut boka *Utvalde dikt* av Inger Hagerup.³³² Dolmatovskij tok kontakt med leiaren for SSOD sitt presidium, E. Ivanov, som på si side tok kontakt med direktøren for forlaget Goslitizdat, Vladykin, for å informere om Hagerup sine krav.³³³ Kva som vidare skjedde i denne saka, er uvisst. Eg har korkje funne noko svarbrev fra Vladykin og Dolmatovskij eller noko purrebrev fra Inger Hagerup. Dette kan tyde på at det ordna seg for Hagerup sitt honorar, ikkje minst av di ho var ei av dei som hadde besøkt Sovjetunionen som VOKS sin gjest og halde foredrag på møter i Sambandet.

At det ikkje alltid ordna seg med honorar, fekk til dømes Alf Prøysen oppleve noko seinare på sekstitalet. I januar 1967 las Prøysen i Dagbladet at *Musevisa* og *Geitekillingen som kunne telle til ti* var omsett og utgitt på russisk i 600.000 eksemplar. Han hadde dessutan høyrte rykte om at boka *Trost i taklampe* også var utgitt i Sovjetunionen. Prøysen skreiv difor eit brev til noregssekretæren i SSOD, der han spurde om dette var sant, og om han i så tilfelle kunne få honorar for dette.³³⁴ Eit halvt år etterpå fekk Prøysen svar om at eventyret *Geitekillingen som kunne telle til ti*, verkeleg kom ut i Sovjetunionen i 600.000 eksemplar i 1960 og 1965, på forlaget Detskaja Literatura. Når det galdt honoraret, fortalde noregssekretæren at Sovjetunionen ikkje deltok i den internasjonale konvensjonen for utbetaling av honorar til forfattarar, og at Prøysen ikkje kunne vente seg noko pengar. I alle tilfelle var det i Prøysen sitt

tilfelle berre snakk om eit minimalt beløp som berre kunne utbetalast i sovjetisk valuta, og som ikkje utgjorde meir enn om lag 50 rublar. I følgje sekretæren kunne Prøysen få desse pengane om han kom til Sovjetunionen.³³⁵

Øivind Bolstad var ein annan norsk forfattar som aldri gav opp å krevje honorar frå sovjetiske forlag. Bolstad var aktiv i NKP, og lenge leiar i Sambandet Norge-Sovjetunionen si avdeling i Bergen. Bolstad sin forfattarproduksjon vart for det meste gitt ut i kommunistiske land som Sovjetunionen og folkedemokratia i Aust-Europa. I dei mange breva han skreiv til VOKS og SSOD på femti- og sekstitalet, framstilte han seg sjølv som ein forfølgd kommunistisk forfattar som ikkje tente nokon ting i Noreg fordi forlaga ikkje ville gi ut det han skreiv. I brev etter brev gav han dessutan uttrykk for at han kjende seg dårleg handsama av russarane fordi han sjeldan fekk honorar for artiklar og skodespel som vart trykte eller sett opp i Sovjetunionen. Bolstad var ikkje vidare imponert over måten russarane tok vare på sine kommunistiske forfattarar på, og hevda at han ikkje kunne jobbe gratis for Sovjetunionen lenger.³³⁶ På eit tidspunkt var Bolstad redd for å bli huslaus, og argumenterte med at han med skikkeleg honorar frå Sovjetunionen og folkedemokratia kanskje kunne kjøpe seg sitt eige hus. Han hadde dessutan sett seg lei på at dei «erkeborgerlige, reaksjonære forfatterne» fekk honorar frå Sovjetunionen, medan «kommunisten og den forfulgte Øivind Bolstad» ikkje fekk nokon ting. Til dømes var han sikker på at Thor Heyerdahl hadde fått honorar for *Kon-tiki* og *Aku-Aku*.³³⁷

Øivind Bolstad var likevel blant dei svært få norske forfattarar som meir eller mindre jamleg fekk honorar for bøkene og artiklane sine, sjølv om det sjeldan skjedde utan gråtkjøvde purrebrev til VOKS og SSOD, og utan at Bolstad var særleg nøgd med storleiken på utbetalingane. I eit brev frå 1962 spurde til dømes Bolstad kvifor han fekk 30.000 kroner for utgiving av 5.000 bøker i Noreg, men berre 12.500 kroner for 215.000 bøker utgitt i Sovjetunionen.³³⁸ Etter kvart vart dei tilsette ved den skandinaviske avdelinga i SSOD så leie av Bolstad sine brev at noregssekretæren i 1964 ba han om «å skrive direkte til forlagene om de spørsmål som ikke direkte har med Sambandet å gjøre, for det tar jo bare tid å sende brevene gjennom oss».³³⁹

Det var ingen løyndom at Øivind Bolstad baserte arbeidet sitt primært på

utgjeving i austblokklanda. I boka *Vi var i Sovjet*, som inneheldt skildringar av den norske kulturdelegasjonen sine opplevingar i Sovjetunionen i 1950, skreiv journalisten Lise Lindbæk til dømes følgjande om forfattaren og delegaten Øivind Bolstad:

En av Bolstads bøker, «Profitøren», er oversatt til russisk hvor den heter «Spekulant»(!), og han not derfor dels den fordel å ha et temmelig rikelig rubelbeløp til disposisjon som han forøvrig generøst lot sine reisefeller få godt av, og dels var hans navn og hans bok kjent særlig blant de russiske forfattere som vi traff.³⁴⁰

Også Sigurd Evensmo var ein av dei norske forfattarane som forsøkte å få honorar for arbeidet sitt frå russarane. I 1962 fekk han høyre at boka *Englandsfarerne* var gitt ut i Sovjetunionen. I eit brev til Sambandet Sovjetunionen-Norge bad han om å få informasjon om dette stemte, nokre eksemplar av boka samt eit honorar.³⁴¹ Det har ikkje lukkast meg å finne ut korleis det gjekk med Evensmo sine krav.

Den tredje gruppa brevskrivarar var menneska som skreiv til Sovjetunionen for å få hjelp til å lækje ein alvorleg sjukdom som legane i Noreg hadde gitt opp, eller hjelp til å kome til ein varm stad for å lindre smertene. I nokre tilfelle galdt dette brevskrivarane sjølve, i andre tilfelle ektefellen eller eit barn. Bakgrunnen for at ein del nordmenn sette sin lit til sovjetisk medisin i denne perioden, var mellom anna rykte og opplysningar om oppsiktsvekkjande behandlingresultat som enkelte sovjetiske forskarar og legar sende meldingar om. Spesielt på femtitalet låg det eit mystikkens slør over mykje av sovjetisk vitskap, men svært mange i Vesten var overtydde om at framgangane på det medisinske feltet var like imponerande som til dømes industrien og kraftutbygginga. Dersom det var ein reell sjanse for at sovjetiske legar kunne gjere noko med dei sjuke nordmennene, fekk brevskrivarane beskjed om å sende ein kopi av legejournalen sin til SSOD, som deretter sende journalen vidare til ein sovjetisk spesialist. Ved nokre få tilfelle fekk den norske pasienten reise til eit sovjetisk sjukehus, medan flesteparten fekk høflege avslag. Grunnen til dette var ofte at den sjuke leid av kroniske og ulækjelege sjukdomar som heller ikkje

sovjetiske legar hadde noko vidundermedisin mot. I regelen sende iallfall VOKS og SSOD alle liknande førespurnader vidare til endeleg vurdering før det eventuelt vart gitt eit avslag.³⁴² Også NKP opererte i same bransje som Sambandet på dette feltet.³⁴³

Den fjerde gruppa var personar eller institusjonar som bibliotek, skular og forskningsinstitutt som ville opprette kontakt med sovjetiske institusjonar eller motta sovjetiske aviser og tidsskrift som *Kultura i Zjizn* (Kulturen og Livet), *Mezjdunarodnaja Zjensjtsjina* (Den Internasjonale Kvinne) eller *Pravda* (Sanninga). Generelt var dei fleste interesserte i desse blada av di dei var gratis. Sjølv om materialet mitt ikkje fortel noko om menneske i andre land måtte betale for desse avisene, ville det vere rart om dette var eit gode kun for nordmenn med interesse for Sovjetunionen. Denne praksisen må i alle høve ha lagt beslag på store ressursar for VOKS. I denne gruppa kan ein òg plassere breva frå dei vitenskaplege institusjonane som var interesserte i å byte vitenskaplege publikasjonar. Eit døme er professor Finn Roll Hansen ved det norske skogforsøksvesenet sitt brev til SSOD med spørsmål om å kome i kontakt med to sovjetiske kollegaer. Roll Hansen var interessert i å opprette byteordningar, og var spesielt interessert i alle «forstpatologiske» publikasjonar som var gjort i Sovjetunionen.³⁴⁴ Eit anna døme er Povl Simonsen ved Tromsø museum sitt brev til professor Andrej P. Okladnikov der han legg fram eit ønske om å opprette eit sovjetisk-norsk vitenskapleg samarbeid vedrørende arkeologiske undersøkingar i forkant av bygginga av eit kraftverk i Pasvik.³⁴⁵

Den femte og siste gruppa av brevskrivarar utanfor leiarkrinsane i Sambandet Norge-Sovjetunionen er enkelttilfella som til dømes ville ha brevvener frå Sovjetunionen, autografen til den sovjetiske partisekretæren, eit bilete av ein astronaut eller ei sovjetisk skøytstjerne, frø, sovjetiske poteter eller informasjon om sovjetisk fiskeoppdrett. Kort sagt, informasjon eller tenester på ei heil rekkje felt som i utgangspunktet ikkje hadde nokon direkte tilknytning til arbeidet i Sambandet Norge-Sovjetunionen.

Tsjekkoslovakia 1968

Den sovjetiske invasjonen i Tsjekkoslovakia den 20. august 1968 var eit stort sjokk for Sambandet både i Nord-Noreg og i Sør-Noreg. Allereie dagen etter møttest hovudstyret for å drøfte situasjonen. Styremedlemmene innsåg at invasjonen ville føre til eit stort tilbakeslag for alt kontaktarbeid mellom aust og vest, og særskilt mellom folk i Sovjetunionen og Vest-Europa. Styret valde å avlyse alle planlagde besøk til og frå Sovjetunionen, men heldt likevel alle dører opne for å fortsette samarbeidet:

Sambandet Norge-Sovjetunionen har som oppgåve å arbeide for økt forståelse, vennskap og samarbeid mellom våre to land for å fremme freden i verden. Sovjetunionens og dens alliertes militære intervensjon i den tsjekkoslaviske sosialistiske republikk har økt spenningen og frykten i Europa. Hovedstyret i Sambandet Norge-Sovjetunionen uttrykker sin dype skuffelse over det som er skjedd. På tross av denne utvikling vil Sambandet Norge-Sovjetunionen fortsette sitt arbeid ut fra den overbevisning at Sambandets virksomhet nå er mer nødvendig enn noensinne.³⁴⁶

Dei store dagsavisene i Oslo omtalte Sambandet sin reaksjon i dagane etter den sovjetiske invasjonen i Tsjekkoslovakia. *VG* registrerte at Sambandet reagerte skarpt på overfallet, og at russiske kunstnarar ikkje var velkomne i Noreg.³⁴⁷ Både *Morgenbladet*³⁴⁸ og *Aftenposten* konkluderte med at Sambandet Norge-Sovjetunionen no skulle leggjast ned. *Aftenposten* viste til eit intervju med Helge Sivertsen, som meinte det var utenkjeleg at Sambandet kunne fortsette arbeidet sitt:

Ethvert samarbeidsgrunnlag er revet bort med den skjendige okkupasjon av Tsjekkoslovakia, en aksjon som strider mot alt vi i Norge forstår med demokrati og demokratiske spilleregler.³⁴⁹

Hendingane i Tsjekkoslovakia førte ikkje til at Sambandet vart lagt ned, men aktiviteten i organisasjonen stoppa opp, og var på eit absolutt lavnivå hausten

1968 og våren 1969. Både i Nord-Noreg og i Sør-Noreg var kontora stengde i denne perioden.

Russarane var ikkje særleg nøgde med denne utviklinga. Som nemnt reiste SSOD-representant Kurentsov til Tromsø hausten 1968 for å overtale Ole Sundfør til å halde fram som Nord-Norge-sekretær. Kurentsov forsøkte også å påverke enkelte av medlemmene i hovudstyret i Oslo til å opne kontoret hausten 1968. I følge Overvakingspolitiet oppfatta hovudstyremedlemmene dette som utidig mas frå Kurentsov. Formannen i Sambandet, Kjell Grude Kviberg, hevda til dømes at Kurentsov ikkje forstod nokon ting av forholda i Noreg, og at dei aldri hadde vore på bøljelengd. Både Kviberg og enkelte av dei andre medlemmene såg fram til det neste landsmøtet, slik at dei kunne trekkje seg ut av organisasjonen.³⁵⁰

På vårparten 1969 tok arbeidet i Sambandet så smått til igjen. Det var ikkje så mange som hadde meldt seg ut av organisasjonen det siste halve året, men forfatternen Jens Bjørneboe, som var medlem av Sambandets Råd og som dessutan hadde mottatt gratis tidskrift og aviser frå Sambandet, bestemte seg for å bryte fullstendig med Sovjetunionen. I januar 1969 sende difor Bjørneboe følgjande brev til SSOD-representant Bondar:

Kjære herr Bondar. Jeg takker for deres forespørsel om hvorvidt jeg fortsatt ønsker å få tilsendt sovjetiske tidsskrifter og aviser fra Sambandet. Til dette må jeg svare slik som Sovjetunionens politikk har utviklet seg gjennom de senere år: med skinnprosesser mot forfattere, intellektuelle og andre tenkende mennesker, med ødeleggelse av informasjons- og trykkefrihet, med undertrykkelse av arbeiderne, og i tillegg til dette også invasjonen og undertrykkelsen av det tsjekkosllovakiske folk, - med umenneskelige fengselsstraffer, med brudd på den sovjetiske grunnlov, kort sagt: etableringen av et neo-stalinistisk, terror- og undertrykkelsesapparat, med en regjering som bare kan karakteriseres som bysantinsk: alt sammen sammenfattet til ett eneste ord: politistatens undertrykkelse av friheten, samt den fullstendige forhånelse av all rettsikkerhet. DETTE MEDFØRER at jeg vil foretrekke å utsette mine forbindelser med

SSSR inntil denne dypt beklagelige, tragiske fase av sovjet-russisk historie er avsluttet.³⁵¹

I margen på dette brevet frå Jens Bjørneboe skreiv SSOD-representant Bondar ei klar og tydeleg melding:

Til kamerat Sorokin! Gjer vel å ta kontakt med SSP [Sojuz sovetskikh pisatelej - Unionen for sovjetiske forfattarar] og meld frå om at forfattaren Bjørneboe har vorte ein sovjetmotstandar av den mest ondsinna arten, og at det ikkje skal oppretthaldast kontakt med han. Stryk Bjørneboe sine bøker frå utgjevingsplanane til sovjetiske forlag.³⁵²

Konklusjon: Visjonar og realitetar

Innleiing

Ramma for denne oppgåva har vore å gi ei inngåande skildring av aktiviteten og utviklinga av venskapsforeininga Sambandet Norge-Sovjetunionen i perioden 1945 og til slutten av sekstitalet. Sidan praktisk talt ingenting er skrive om denne organisasjonen tidlegare, har eg valt å gå til dels detaljert til verks. Med grunnlag i denne detaljkunnskapen og ein systematisk gjennomgang av organisasjonens utvikling, har eg søkt å trekkje konklusjonar innanfor tre hovudtema.

For det første har eg undersøkt bakgrunnen for danninga av Sambandet sommaren 1945, og dei norske aktørane sine uttrykte målsetjingar. Oppgåva har vist at organisasjonen var resultatet av norske styresmakters og norsk opinions ønske om eit fortsatt godt tilhøve til Sovjetunionen etter den andre verdskrigen. Formålet med organisasjonen var å styrkje venskapen samt den sosiale, økonomiske og kulturelle kontakten mellom Noreg og Sovjetunionen. Den internasjonale utviklinga få år etter den andre verdskrigen førte imidlertid til at desse målsetjingane kom i bakgrunnen. Dette fekk konsekvensar både for aktiviteten i Sambandet og for den vidare utviklinga av organisasjonen.

For det andre har eg fokusert på kva målsetjingar og idéar russarane hadde for Sambandet Norge-Sovjetunionen. Oppgåva viser at Sambandet mot slutten av førtitalet vart eit aktuelt satsingsområde for russarane, og eit instrument for sovjetisk propaganda. Eit av hovudmåla i oppgåva har difor vore å gi eit bilete av korleis denne kontakten mellom Sambandet og russarane utvikla seg. Oppgåva viser at organisasjonen ikkje vart den sterke innverknadskanalen til norsk opinion som russarane ønskte seg. Det fanst klare grenser for den sovjetiske innverknaden i Noreg, og det fanst grenser for Sambandets vilje til å fungere som eit sovjetisk propagandaverkty.

For det tredje har oppgåva gjennomgåande fokusert på norske styresmakters og norsk overvåkingspolitisk oppfatningar av Sambandet Norge-Sovjetunionen. Oppgåva har vist at både styresmaktene og Overvåkingspolitiet såg på Sambandet som eit trugsmål for norsk tryggleik og ei rekrutteringsmakt for sovjetisk etterretningsteneste.

I konklusjonen vil eg først gi ei oversikt over viktige aspekt ved Sambandets aktivitet, målsetjingar og utvikling i perioden 1945-1970. Deretter drøftar eg kva som var årsakene til at Sambandet var eit lite effektivt instrument i sovjetisk noregspolitikk. Avslutningsvis, og med bakgrunn i dei føreliggjande opplysningane, vurderer eg i kva grad Sambandet kan seiast å ha vore eit trugsmål for norsk tryggleik.

Sambandets aktivitet. Målsetjingar og karakter

Samanlikna med dei to norsk-sovjetiske venskapsforeiningane i mellomkrigs-tida, Sovjetunionens Venner (SUV) og Norsk-Russisk Kultursamband (NRKS), stod Norsk-Sovjetrussisk Samband i 1945 tilnæringsvis fram som ein masseorganisasjon. Medan til dømes SUV var ein liten og isolert organisasjon som både organisatorisk, medlemsmessig og aktivitetsmessig var knytt til NKP, hadde Sambandet brei oppslutnad i norske politiske miljø og blant folk flest i 1945. Danninga av organisasjonen var eit uttrykk for norsk sympati overfor Sovjetunionen, norsk takksemnd etter den sovjetiske krigsinnsatsen, og eit ønske om å oppretthalde eit godt tosidig forhold med naboen i aust.

Grovt sett kan ein seie at Sambandet var samansett av fire grupper ved danninga. *Den første* gruppa var sentrale politikarar i DNA, som Einar Gerhardsen og Konrad Nordahl. Også enkelte medlemmer av den utanrikspolitiske opposisjonen i DNA som Jacob Friis og Karl Evang var representerte. *Den andre* gruppa var kommunistane, som Christian Hilt, Just Lippe, Kirsten Hansteen og Aksel Njø. *Den tredje* gruppa var akademikarane, journalistane og redaktørane, som Arne Gallis, Olav Rytter, Gunnar Larsen og Ola Solums-moen. *Den fjerde* gruppa var kunstnarane og kulturarbeidarane, som til dømes Arne Ekeland, Øivind Bolstad, Torborg Nedreaas, Tordis Maurstad og Agnes Mowinckel.

Likevel gjekk det ei klar linje frå Norsk-Sovjetrusisk Samband tilbake til dei to norsk-sovjetiske venskapsorganisasjonane i mellomkrigstida. Fleire av dei sentrale medlemmene i NSRS var også aktive sovjetvener i SUV før krigen. Hovudsakleg galdt dette kommunistar som Christian Hilt, Astrid Langseth og Adam Egede-Nissen. Aktiviteten i Sambandet, iallfall fram til midten av femtitalet, viste også ein klar parallellitet til aktiviteten i SUV og den sovjetiske kulturorganisasjonen VOKS. Sambandets hovudaktivitetar var, som vi har sett, delegasjonar, foredrag, bokutvekslingar, filmframsyning, utstillingsverksemd og publikasjonar. Desse aktivitetane stod i direkte samanheng med, og må karakteriserast som eit spegelbilete av, dei seks VOKS-byråa *sambandsbyrået*, *bokutvekslingsbyrået*, *pressebyrået*, *delegasjonsbyrået*, *fotobyrået* og *utstillingsbyrået*. På sekstitalet skjer det derimot endringar i aktiviteten som til dels går utover metodane både i mellomkrigstida og i tiåret etter krigen.

I perioden 1945-46 var det høvesvis lite russisk satsing på Sambandet, trass i at det fanst ein eigen VOKS-representant ved den sovjetiske ambassaden i Oslo. Årsakene til dette var høgst truleg at russarane hadde eit nært og godt tilhøve til dei norske styresmaktene, og heller ville byggje ut og oppretthalde dette forholdet. Det var difor ikkje noko prioritert russisk mål å knyte nære kontaktar korkje til Sambandet eller NKP i den første perioden etter andre verdskrigen. Etter kvart som den internasjonale spenninga auka på slutten av førtitalet, endra dette seg. Russarane fekk større interesser i Sambandet, og vurderte mellom anna organisasjonen som eit viktig instrument for sovjetisk propaganda i Noreg. I fleire brev, mellom anna frå det sovjetiske utanriksministeriet, vart det argumentert for å bruke Sambandet til å styrkje innverknaden i Noreg og hindre total amerikansk og britisk dominans.

I denne perioden fekk Sambandets aktivitet ein sterk politisk karakter. Organisasjonen uttrykte seg mellom anna negativt om utsiktene til tettare institusjonelt samband med USA og Storbritannia, samstundes som dei talte varmt for den sovjetiske fredspolitikken. Dette førte umiddelbart til konflikt i organisasjonen. Hendingane i Tsjekkoslovakia i februar-mars 1948 sette ekstra varme til bålet, og Sambandet skrumpa inn til ei meir eller mindre isolert sekt. Mange av dei som hadde gitt Sambandet karakter av ein masseorganisasjon, trekte seg systematisk ut av organisasjonen i denne perioden. Dei som sat

igjen etter denne avskalinga, var først og fremst kommunistane, som til dømes Christian Hilt, Kirsten Hansteen, Just Lippe og Aksel Njá. Dessutan var eit par representantar frå den utanrikspolitiske opposisjonen i DNA framleis inne i organisasjonen. Dette gjaldt i første rekkje Jacob Friis.

Aktiviteten i Sambandet utover på femtitalet heldt fram med å vere sterkt påverka av kommunistane og dei venstreradikale si positive oppfatning av sovjetisk politikk generelt og utanrikspolitikk spesielt. Både foredraga, tidskriftet og dei andre publikasjonane viste at Sambandet hadde store problem med å etterleve intensjonen med å vere ein nøytral kulturorganisasjon.

Russarane var likevel ikkje vidare imponerte over Sambandet utover femtitalet. Dei syntest aktiviteten i organisasjonen var svak, og var misnøgde med at Sambandet ikkje nådde ut til den norske opinionen. Russarane var særskilt skuffa over at Sambandet ikkje var betre integrert i den norske fredsforkjemparrørsla. Heller ikkje Sambandet var spesielt nøgd med situasjonen. Dei gav uttrykk for å vere skuffa over mangelen på hjelp og støtte frå VOKS, og hevda britane og amerikanarane satsa fleirfaldige gongar meir på sine kulturorganisasjonar enn russarane gjorde.

Ved nokre høve i denne perioden forsøkte russarane å påverke NKP til å ta tak i Sambandet for å få organisasjonen på beina. NKP var tydeleg skeptisk til å blande seg for mykje inn i Sambandet, men engasjerte seg likevel på visse felt - som til dømes i dei faglege delegasjonane til Sovjetunionen. Materialet i det som no framstår som NKP sitt arkiv, gir eit svært ufullstendig bilete av NKP sitt tilhøve til Sambandet i etterkrigstida. Trass i dette viser både samtale-referata til dei sovjetiske diplomatane i AVPRF og ein stor del av materialet i GARF at kommunistane hadde sterk innverknad i Sambandet. Dette gjaldt særskilt dei lokale avdelingane i Nord-Noreg. Materialet viser dessutan at landssekretæren i Sambandet i perioden 1961-1965, Per Svensson, var sett til å jobbe med Sambandet av partiet. Sjølv om NKP hadde jamn og nær kontakt med både leiinga i Sambandet og landssekretæren, tyder enkelte ting på at NKP sentralt helst ville liggje lavt i terrenget i forhold til organisasjonen. Formannen i NKP, Emil Løvlien, viste til dømes ein slik grad av skepsis til å involvere seg i Sambandet at den sovjetiske ambassadøren Arkadjev la særskilt merke til det.

Stalins død i 1953 innleidde ei internasjonal avspenning. Dette førte til at det

offisielle tilhøvet mellom Noreg og Sovjetunionen vart betre, og den personlege kontakten mellom norske politikarar og sovjetiske diplomatar auka. I denne perioden var Sambandet ikkje lenger så interessant for russarane, og aktiviteten i organisasjonen minka. Den offisielle kulturavtala som vart underskriven etter Gerhardsen sitt besøk i Sovjetunionen i 1955, indikerte dessutan at Sambandet var på veg til å bli overflødig i forholdet mellom Noreg og Sovjetunionen. Hendingane i Ungarn i 1956 endra dette biletet. Den offisielle kontakten mellom Noreg og Sovjet vart mellombels broten, og Sambandet kom inn som ei slags reserveløysing i den norsk-sovjetiske kulturutvekslinga.

Samtidig med denne utviklinga er det viktig å leggje merke til ytterlegare to linjer i utviklinga av Sambandet på femtitalet. *For det første* er det klart at Sambandet ekspanderte kraftig i dei nordlege landsdelane. Spesielt i Finnmark dukka det i denne perioden opp ei rekkje avdelingar som hadde eit sterkt ønske om å etablere nærare kontakt med Nordvest-Russland. Mot slutten av femtitalet organiserte desse avdelingane seg i eit distriktsstyre, mellom anna for å framstå samla overfor dei russiske samarbeidspartnarane. *For det andre* skjedde det ei liknande utvikling på russisk side då den sovjetiske tvillingorganisasjonen Sambandet Sovjetunionen-Norge vart danna, og det dukka opp ei lokalavdeling av denne organisasjonen i Murmansk i 1959. Desse hendingane danna grunnlaget for ei ytterlegare utviding av Sambandets aktivitet i Nord-Noreg på sekstitalet.

På sekstitalet var det eit mål for Sambandet å utvikle organisasjonen i retning av ein masseorganisasjon. Sambandet prøvde å tone ned kommunistane sin innverknad i organisasjonen, og søkte å rekruttere nye medlemmer frå andre parti. I dette høvet arrangerte Sambandet ei «rekrutteringsreise» til Moskva for nye leiarkandidatar, dei samarbeidde med SFs formann Knut Løfsnes, og danna eit råd som skulle fyllast med kjende og framstående personar. Samtidig melde ei rekkje personar i DNA og LO seg inn i organisasjonen, truleg for å påverke aktiviteten innanfrå. Russarane var nøgde med denne utviklinga, og dei såg på deltakinga av nye grupper som svært positiv.

Utover sekstitalet var det likevel klart at samarbeidstilhøva mellom russarane og Sambandet ikkje var dei beste. Sambandet gjekk klarare inn for å framstå som ein regulær kulturorganisasjon, og var mindre interessert i å gi

russarane for mykje innverknad i organisasjonen. Sambandet stod i det heile tatt fram som meir medvite og pågåande enn tidlegare, og fleire av medlemmene viste tydeleg at dei var misnøgde med den sovjetiske kulturorganisasjonen i Moskva. Sambandet klaga mellom anna over at organisasjonen var tungrodd og stivbeint, og at det gjekk for lang tid før russarane svarte på brev og ønske frå Sambandet lokalt og sentralt. I tillegg vart fleire planlagde besøk frå Sovjetunionen avlyste i siste liten, og russarane var uvillige til framleis å sponse Sambandet med billege artistgrupper. Dette skapte tidvis eit dårleg samarbeidsklima. Nordmennene var inderleg lei av rot, sommel og gamaldagse arbeidsmetodar. Dessutan klaga dei over at russarane var meir interesserte i å tene pengar enn å hjelpe ein liten norsk-sovjetisk kulturorganisasjon.

Nokre av medlemmene i Sambandet ønskte å endre arbeidsformene i denne perioden, og prøvde å få gjennomslag for dette hos russarane. Nordmennene var òg svært misnøgde med dei mange hindringane som stod i vegen for ein meir normal kontakt mellom dei to nabolanda. I denne samanhengen avslørte fleire av sambandsmedlemmene at dei hadde til dels naive og urealistiske idéar om kva som var mogleg å gjennomføre i samarbeidet med russarane. I denne perioden opplevde imidlertid Sambandet og russarane enkelte suksessar. Særskilt må besøket av den sovjetiske kosmonauten Jurij Gagarin trekkjast fram som ei positiv hending som skapte blest om Sambandet Norge-Sovjetunionen.

Som studien viser, var det nordmennene som var klart mest aktive i forsøket på å skape eit samarbeid mellom Nord-Noreg og Nordvest-Russland på sekstitalet. Dette gjeld dei fleste framlegg som vart handsama av Sambandet og russarane i denne perioden, og omfatta både opninga av Storskog, kulturhus i Pasvik og båtreiser mellom Murmansk og Nord-Noreg. Russarane var i stor grad skeptiske til Sambandet sine forslag, og gav sjeldan uttrykk for ønske om å gjennomføre planane. Blant russarane sine argument var til dømes at forslaga låg langt utanfor det eigentlege sambandsarbeidet, og at NATO kunne utnytte eit opnare tilhøve til etterretningsverksemd. Dette viser ein interessant parallellitet i trugsmålsbilete på den sovjetiske og den norske sida.

Trass i at russarane såg på dei fleste forslaga som urealistiske og for

vidtgående, vart det gjort framstøytar for å gjennomføre nokre av dei. Årsakene til at russarane gav etter for Sambandet ved enkelte høve, er usikre. Ei årsak kan ha vore eit russisk ønske om å tilfredsstille sambandsavdelingane i Nord-Noreg, som i årevis hadde gitt uttrykk for å opprette eit samarbeid over grensa til Sovjetunionen. Ei anna årsak var kanskje eit sovjetisk ønske om å utnytte interessa for norsk-sovjetisk samarbeid i ein propagandasamanheng. Det er òg mogleg at sovjetisk etterretningsteneste hadde interesser i enkelte av desse prosjekta.

Både Sambandet og russarane møtte imidlertid stor motstand mot prosjekta sine på sekstitalet. Det norske Overvakingspolitiet var særskilt aktivt i fleire forsøk på å diskreditere Sambandet i den norske opinionen. Overvakingspolitiet samarbeidde til dømes gjentatte gongar med avisa *Nordlys*, og dreiv oppsøkjande verksemd for å hindre organisasjonar og personar å engasjere seg i Sambandets aktivitet. Overvakingspolitiets innsats var òg ein vesentleg grunn til at Sambandets Nord-Norge-sekretær, Ole Sundfør, mislukkast i å rekruttere deltakarar til nordkalottstemna i Murmansk i 1965 og i Tromsø i 1968. Den internasjonale utviklinga, og særskilt hendingane i Tsjekkoslovakia i 1968, gjorde dessutan situasjonen vanskeleg for Sambandet. Alt i alt var nok resultatane av Sambandet og russarane sine felles forsøk på å betre det norsk-sovjetiske tilhøvet sjeldan i samsvar med det forventa, og dei fleste framstøytane må nok karakteriserast som mislukka.

Kvifor var Sambandet eit lite effektivt instrument i sovjetisk noregspolitikk?

Trass i tidvist optimistiske russiske vurderingar av Sambandet si moglege påverknadskraft i Noreg i etterkrigstida er det altså klart at resultatet ikkje stod i stil med forventningane. Sambandet kan ikkje seiast å ha vore noko særskilt effektivt verkemiddel mot auka britisk og amerikansk innverknad i Noreg, og lukkast sjeldan å skape sympati for sovjetiske synspunkt. Det er fleire årsaker til dette.

For det første gjorde den internasjonale utviklinga og den indre utviklinga i Sambandet det klart vanskeleg for russarane å bruke Sambandet i kampen mot

den vestlege innverknaden i Noreg. I staden for å vere ein organisasjon med brei oppslutning utvikla Sambandet seg etter kvart til ein liten, politisk isolert klan utan særskilt innverknad på norsk opinion. Den politiske polariseringa i denne perioden førte til at Sambandet frå tidleg på femtitalet vart køyrt fram som ein kommunistisk dekkorganisasjon. Denne utviklinga sette klare grenser for kor langt russarane kunne gå i samarbeidet med Sambandet utan å forsterke dette inntrykket av organisasjonen. Det er imidlertid usikkert om russarane i det heile tatt innsåg denne dynamikken.

For det andre er det mykje som tyder på at Sambandet sjølv sette grenser for kor mykje dei var interessert i å gi frå seg av den direkte kontrollen på organisasjonen. Særskilt på sekstitalet er det klart at russiske ønske om innverknad i Sambandet til dels blei motarbeidde av styret. I denne samanhengen tør det likevel ikkje vere tvil om at Sambandet var avhengig av ei viss materiell og finansiell støtte av russarane for å oppretthalde aktiviteten. Overvakingspolitiet hevda til dømes at Sambandet på sekstitalet fekk om lag 85.000 kroner i året i driftstilskot, som vart fordelt mellom kontora i Nord-Noreg og i Sør-Noreg. Fleire andre kjelder tyder også på at Sambandet fekk ulike typar støtte frå Sovjetunionen, sjølv om det ofte berre dreia seg om suvenirar og grammofonplater som dei selde eller lodda ut. Oppgåva viser likevel at Sambandet neppe sumde i pengar. Også russarane hadde nok eit visst budsjett å halde seg til, noko som gjorde at dei ikkje kunne dele raust ut til Sambandet. Dette viste seg også då russarane gav uttrykk for at dei ikkje lenger kunne sende så mange artistgrupper til Noreg dersom ikkje Sambandet klarte å stille betre økonomiske vilkår.

For det tredje var russarane sitt handlingsrom i Noreg sterkt avgrensa, delvis på grunn av Sambandet sin veikskap, men òg på grunn av byråkratiet i VOKS og SSOD og dei gamalmodige arbeidsformene russarane brukte. Særskilt dei openberre problema med å effektivisere arbeidet i dei sovjetiske kulturorganisasjonane førte til at Sambandet etter kvart fekk store vanskar med å framstå som ein truverdig kontaktfordlar til Sovjetunionen. Dette problemet førte også til slitasje på optimismen og lysta blant dei norske medlemmene til å arbeide vidare med norsk-sovjetisk kontakt. Den sovjetiske sambandsorganisasjonen viste seg altså som ein stiv og tungrodd organisasjon

som hadde vanskar med å handsame det store apparatet sitt og reagere på utspel frå norske avdelingar. For å seie det med kommunisten og sambandsmedlemmen Einar Ravnbø: det gjekk «søkkandes tregt» i det sovjetiske kulturbyråkratiet.³⁵³ Arbeidsmetodane, som ikkje hadde endra seg stort sidan mellomkrigstida, og som i hovudsak omfatta delegasjonsmeldingar og framsyning av sovjetisk dokumentarfilm, talte heller ikkje til russarane sin fordel. Dei sovjetiske artistane som vitja Noreg med jamne mellomrom, klarte kanskje å halde på det norske publikum nokre år etter krigen. Dei klarte derimot sjeldan å interessere norske ungdomar utover femti- og sekstitalet. Dei einaste sovjetiske gjestene som verkeleg skapte interesse og ståhei i denne perioden, var skøyteløparen Oleg Gontsjarenko, fotballaga Spartak og Dynamo samt kosmonauten Jurij Gagarin. I kampen mot britane og amerikanarane er det likevel tydeleg at Sambandet og russarane kjempa mot overmennene. Russisk balalaika hadde lite å stille opp mot swing og amerikansk rock.

Alt i alt er det tydeleg at russarane i utgangspunktet venta seg for mykje av Sambandet. Spesielt var trua hos dei Moskva-baserte diplomatane på kva som var mogleg å gjennomføre, til ei viss grad i konflikt med dei reelle tilhøva som dei sovjetiske diplomatane i Oslo arbeidde under. Generelt sett hadde diplomatane ei dårleg forståing for norske tilhøve, og hadde vanskar med å sjå kor grensene for russisk innverknad eigentleg gjekk. I sekstiåra vart det heile tydelegare: Russarane hang kort sagt hjelpelaust etter, propagandaarbeidet var håplaut gammaldags og kunnskapen om norske tilhøve og norsk mentalitet svak.

Sambandet sitt kulturarbeid var likevel eitt av svært få verkemiddel russarane meinte dei hadde i kampen mot auka britisk og amerikansk innverknad i Noreg. Organisasjonen var sett på som eit potensielt middel til å kome i kontakt med grupper av nordmenn innan kunst, vitskap og politikk. Å etablere slike kontaktnett var ein svært viktig del av arbeidet til dei sovjetiske diplomatane, og eit verkemiddel for å nå ut til den norske opinionen med synspunkta sine. Men Sambandet var i høg grad eit verkemiddel av avgrensa verdi. Organisasjonen hadde i liten grad innverknad i norsk politikk, og då personar med nære kontaktar til dei politiske maktkrinsane i Noreg gjekk inn i Sambandet på sekstitalet, gjorde dei det med eigne mål for auge. Dei var ikkje

ute etter å spele på lag med russarane på russarane sine premisser, men var ute etter å få betre kontroll med Sambandet. Det er òg tydeleg at russarane ikkje hadde dei heilt store ressursane å sette inn i det kulturpolitiske arbeidet i Noreg. Russarane rådde nok berre over ein brøkdel av verkemidla amerikanarane hadde. Sjølv om dei hadde organisasjonen VOKS med si eiga skandinaviske avdeling og ein eigen VOKS-representant ved ambassaden i Oslo, klarte dei i liten grad å utnytte dette til sin eigen fordel.

Kulturambassadør eller politisk reiskap?

Norske styresmakter og det norske Overvakingspolitiet såg på Sambandet som ein av dei fremste dekkorganisasjonane i Noreg. Overvakingspolitiet vurderte mellom anna Sambandets aktivitet som eit trugsmål som la tilhøva til rette for verving av agentar og sovjetisk spionasje. Dessutan eksisterte det ei oppfatning om at Sambandet ved å påverke opinionen kunne bryte ned forsvarsviljen og motviljen til Sovjetunionen i det norske folk. Som nemnt tidlegare har eg ikkje hatt tilgang til sovjetiske etterretningsarkiv. Det ligg difor i sakens natur at denne studien ikkje kan gi noko utfyllande svar på om sovjetisk etterretningsteneste brukte Sambandet for å kome i kontakt med potensielle agentar, eller om sambandsreisene vart utnytta til spionasje. Dersom desse arkiva nokon gong blir opna, vil ein få betre høve til å studere desse spørsmåla. Ut frå opplysningane i oppgåva kan ein derimot diskutere POTs trugsmålsbilete av Sambandets aktivitet. Var det grunnlag for reell frykt, eller kan ein ut frå foreliggende opplysningar konkludere med at POTs trugsmålsbilete var overdrive?

Enkelte ting tyder på at nokre av dei sovjetiske VOKS-representantane hadde oppgåver av etterretningsmessig karakter, anten medan dei tenestegjorde ved ambassaden, eller før dei fekk denne stillinga. Boris Mezjevitinov, som var VOKS-representant i perioden 1950-1953, var til dømes Asbjørn Sunde sin føringsoffiser i åra før Sunde vart arrestert og dømd for spionasje i 1954.³⁵⁴ I 1961 mistenkte dessutan Overvakingspolitiet at Lev Kapitonov, som var SSOD-representant i 1974-1982, hadde etterretningsoppgåver då han besøkte Nord-Noreg som medlem i ein sovjetisk delegasjon. Mistanken vart

underbygd av Kapitonovs interesse for linkstasjonar, tidvasskilnader og flyvåpenanlegg under delegasjonsopphaldet. Overvakingspolitiet registrerte at han noterte avstandar i kilometer og kontrollerte alt med eit dokument han hadde med seg.³⁵⁵

Overvakingspolitiets materiale viser også klart at sovjetisk etterretningspersonell var representert under tilstellingar der norske sambandsmedlemmer var sentrale deltakarar. Etterretningsoffiserane Arthur Øyen, Sven Lokka, Leo Ivansjev og Viktor Sotnikov vart positivt identifiserte av Overvakingspolitiet under fleire nordkalottmøte på sekstitalet. Dessutan forsøkte den tidlegare KGB-residenten i Noreg, Aleksandr Dubenskij, å få visum til Noreg for å delta på eit førebuande møte i den norske nordkalottkomitéen i 1965. Visumsøknaden vart avslått, men Overvakingspolitiet rekna dette for å vere eit prov på at sovjetisk etterretning var interessert i sambandsarbeidet. Dette var også noko av grunnen til at Overvakingspolitiet i ein lang periode avlytta ein sentral person ved Nord-Norge-kontoret. Denne personen vart likevel aldri avslørt som sovjetisk agent.³⁵⁶

Politiet frykta dessutan at dei mange delegasjonsreisene som Sambandet arrangerte og dei sovjetiske delegasjonane som Sambandet underheldt i Noreg, skulle danne grunnlaget for talentspeiding og verving av spionar. Dette er det vanskeleg å ta noko spesielt standpunkt til. Mitt inntrykk er likevel at delegasjonane i større grad var ein del av sovjetisk propaganda enn planlagd etterretningsverksemd. Dette gjeld både dei norske delegasjonane til Sovjetunionen og dei sovjetiske delegasjonane til Noreg. I dei aller fleste sovjetiske delegasjonar og grupper som reiste til utlandet, deltok høgst truleg éin eller fleire etterretningsagentar. Det er klart at dette iallfall delvis var eit kontrolltiltak overfor eigne landsmenn. Ein kan sjølvsagt ikkje utelukke at enkelte av KGB-personellet som var i kontakt med nordmenn, hadde spesielle oppgåver av etterretningsmessig karakter, utførte sonderingar eller forsøkte å verve agentar, men eg har ikkje sett materiale som stadfestar dette.

Likevel er det vanskeleg å sjå at Sambandet var del av ein spionasjeoffensiv retta mot Noreg. Dersom KGB og GRU såg på Sambandet som særskilt viktig for sovjetisk etterretning, må ein konstatere at desse organa ikkje lukkast i å påverke VOKS og SSOD til å betre arbeidet sitt overfor Sambandet Norge-

Sovjetunionen. Sett ut frå Sambandets totale aktivitet, og særskilt det konfliktfylte samarbeidet med russarane, er det dermed vanskeleg å sjå nokon direkte linjer mellom KGB og kulturorganisasjonane VOKS og SSOD. Dei store manglane i samarbeidet mellom nordmennene og russarane og konfliktane som dette skapte, viser også at det neppe eksisterte effektive kommandolinjer frå MID til VOKS og SSOD i perioden 1945-1970.

Overvakingspolitiet var òg av den oppfatninga at Sambandet dreiv med klart subversiv aktivitet blant nordmenn, særskilt i Nord-Noreg. I følgje politiet hadde Sambandet fått nordmenn til å tru at dei åleine stod for alt legalt kulturelt samkvem med Sovjetunionen. Dessutan hadde organisasjonen oppnådd å gi reisene sine eit visst offisielt preg ved å utnytte nemninga delegasjon, og ved å få kommunale og offentlege instansar til å arrangere lunsjar og mottakingar for sovjetrussiske delegatar. Enkelte av dei kommunale og fylkeskommunale toppane i Finnmark støtta dessutan opp om Sambandet ved å delta på reiser og gi positiv omtale.

I denne samanhengen vurderte Overvakingspolitiet fleire strategiar for å nedkjempe Sambandet i Nord-Norge. Dei tre strategiane utkonkurrering, erobring og diskreditering av Sambandet vart med vekslande hell forsøkt gjennomført på sekstitalet, og representerer klare døme på at Overvakingspolitiet aktivt arbeidde for å svekkje oppslutninga om organisasjonen.³⁵⁷ Også denne oppgåva gir døme på at Overvakingspolitiet aktivt intervenerte for å sette Sambandet i eit dårleg lys. Særskilt gjeld dette samarbeidet med enkelte nordnorske aviser på sekstitalet.

Etter mi meining er det imidlertid noko merkeleg at Overvakingspolitiet, i sine analyser av Sambandet som tryggleiksproblem, ikkje la særleg vekt på at tilhøvet mellom Sambandet og russarane i lange periodar var prega av samarbeidskonflikter, kaos og rot. Det er nok mogleg at Overvakingspolitiet ikkje var tilstrekkeleg informert om det interne samarbeidsklimaet mellom Sambandet og russarane. Meir sannsynleg er det likevel at polititene-
mennene i sin iver etter å avsløre irregulær kontakt miste ein del av heilskapen i biletet av syne.

Generelt sett kan ein seie at tenestemennene i Overvakingspolitiet ofte hadde ein tendens til å sjå aktivitetane i Sambandet i lys av ein idé om at det

meste var direkte kontrollert og styrt frå Sovjetunionen, og at det var dei etterretningmessige aspekta som heile tida låg bak aktiviteten i organisasjonen. Denne oppfatninga må sjølvsagt vurderast i lys av kald-krigs-mentaliteten som trass alt eksisterte, men er likevel mogen for å modifiserast. Sjølv om russarane utvilsamt var sterkt involverte i Sambandet, er det all grunn til å slå fast at store delar av aktiviteten var initiert frå norsk side. Dei aller fleste av dei konkrete forslaga, særskilt på sekstitalet, kom høgst truleg frå norske avdelingar. Det rådde dessutan ein eigen vilje i Sambandet som ikkje lét russarane totalt styre organisasjonen i si retning. Ein må rett nok konstatere at Sambandet lét seg bruke i enkelte periodar, spesielt til å tale varmt for sovjetisk fredspolitik, venskap mellom folk og fred mellom Noreg og Sovjetunionen. I denne samanheng har det ikkje vore mogleg å diskutere i kva grad enkeltpersonar i Sambandet lét seg bruke av til dømes sovjetisk etterretningsteneste.

Alt i alt må ein konstatere at Sambandet i størstedelen av perioden 1945-1970 stod fram som ein isolert og diskreditert organisasjon som knapt hadde gjennomslag utanfor etablerte sovjetvenlege miljø. Trass i sin openberre veikskap skapte Sambandet Norge-Sovjetunionen likevel atskilleg oppstyr med sine mangslungne prosjekt, og var stadig i søkjelyset til Overvakingspolitiet og norske styresmakter. I denne oppgåva er det dokumentert at Sovjetunionen såg på Sambandet Norge-Sovjetunionen som ein politisk reiskap. I realiteten var denne reiskapen sørgjeleg veik og ukvass, og ville ikkje alltid liggje lydig i hendene på russarane. I påvente av at ytterlegare arkivopning i Russland kan utfylle biletet, er det difor grunnlag for å konstatere at Sambandets aktivitet neppe truga den norske tryggleiken i særleg grad.

Tillegg 1: Lister

Sovjetiske sendemenn i Noreg³⁵⁸

1930-1934	Fullmektig representant Aleksandr Bekzadjan
1934-1937	Fullmektig representant Ignatij Semjonovitsj Jakubovitsj
1937-1939	Fullmektig representant Vladimir Antonovitsj Nikonov
1939-1940	Fullmektig representant Viktor Andrejevitsj Plotnikov
1940-1941	Generalkonsul Mikhail Trofimovitsj Frolov
1941-1943	Ambassadør Aleksandr Jefremovitsj Bogomolov (i London)
1943-1945	Ambassadør Viktor Sakharovitsj Lebedev (i London)
1945-1947	Ambassadør Nikolaj Dmitrijevitsj Kuznetsov
1947-1954	Ambassadør Sergej Aleksejevitsj Afanasiev
1954-1956	Ambassadør Georgij Petrovitsj Arkadjev
1956-1962	Ambassadør Mikhail Grigorjevitsj Gribanov
1962-1968	Ambassadør Nikolaj Mitrofanovitsj Lunkov
1968-1975	Ambassadør Sergej Kalistratovitsj Romanovskij
1975-1982	Ambassadør Jurij Aleksejevitsj Kiritsjenko

VOKS- og SSOD-representantar i Noreg

1926-1931	Førstesekretær Semjon Mirmyj
1932-1933	Førstesekretær Vladimir Mesjtsjerjakov
1934-1938	Usikkert, men mest sannsynleg sekretær Leon Ananoff
1938-1945	Ikkje opplyst om nokon hadde ansvaret for dei kulturelle kontaktene
1945-1946	Attaché G. I. Suvorov
1946-1950	Attaché Aleksej Rylnikov
1950-1953	Attaché Boris Mezjevitinov
1953-1954	Andresekretær M. A. Kustovskij
1954-1955	Førstesekretær S. E. Nikisjin
1955-1959	Førstesekretær Fjodor Mikhajlovitsj Malgin
1959-1960	Andresekretær I. A. Anderson

1960-1961	Andresekretær og pressetattaché V. Proskurin
1961-1962	Førstesekretær Grigorij Ivanovitsj Solovjov
1962-1966	Førstesekretær Aleksej Karpovitsj Bondar
1966-1970	Førstesekretær Valentin Pavlovitsj Kurentsov
1970-1974	Førstesekretær Aleksej Karpovitsj Bondar
1974-1982	Førstesekretær Lev Kapitonov

Leiarar i Sambandet Norge-Sovjetunionen

1945-1948	Harald Hals
1948-1950	Olav Dalgard
1950-1952	Helga Evang
1952-1957	Henrik Finne
1957-1963	Ivan Theodor Rosenqvist
1963-1966	Knut Eidsvold
1966-1969	Kjell Grude Kviberg
1969-1972	Willard Kristiansen
1972-1973	Oddlaug S. Andersen
1973-1982	Harry Evjen
1982-1985	Oddlaug S. Andersen
1985-1991 ³⁵⁹	Gunnar Løken

Landssekretærer i Sambandet

1945-1950	Christian Hilt
1950-1960	Kaare Stokke
1960-1961	Egil Danielsen
1961-1965	Per Svensson
1965-1969	Per Gøsta Lind
1969-1987	Øivind Frisch
1987-1991	Karl G. Gudmundsen

Ordførarar i Sambandets Råd

1963-1966	Olav Aslaksson Versto
1966-19??	Helge Sivertsen
19??-1976	Odd Højdahl
1976-19??	Tor Halvorsen

Leiarar i VOKS og SSOD

1925-1929	Olga Davidovna Kameneva
1929-1933	Fjodor Nikolajevitsj Petrov?
1933-1940	Usikkert
1940-1948	Vladimir Semjonovitsj Kemenov
1948-1958	Sergej Prokofievitsj Denisov
1958-1975	Nina Popova
1975-1987	Zinaida Mikhailovna Kruglova
1987-1991	Valentina Teresjkova

Leiarar i Sambandet Sovjetunionen-Norge

1958-19??	Vsevolod Stoletov
19??-1964	Igor Trapitsin
1964-1968	Jurij Savinov
1968-1972	Valentin Gerasimov
1972-19??	Fjodor Panjatsjin

Tillegg 2: Forkortingar

AVPRF	Arkhiv Vnesnej Politiki Rossijskoj Federatsii
GARF	Gosudarstvennyj Arkhiv Rossijskoj Federatsii
TsKhSD	Tsentr Khranenija Sovremennoj Dokumentatsii
RTsKhIDNI	Rossijskij Tsentr Khranenija i Izutsjenija Dokumentov Novejszej Istorii
AAB	Arbeiderbevegelsens Arkiv og Bibliotek
OVS	Overvåkningssentralen
POT	Politiets overvåkningstjeneste
ØKN	Øvstkommanderende i Nord-Noreg
SUV	Sovjetunionens Venner
NRKS	Norsk-Russisk Kultursamband
NSRS	Norsk Sovjetrussisk Samband
VOKS	Vsesojuznoje obsjtsjestvo kulturnoj svjazi s zagranitsej
SSOD	Sojuz sovetskikh obsjtsjestv druzjby i kulturnoj svjazi s zarubezjnymi stranami
f.	fond
o.	opis
p.	papka
d.	delo
l. (ll.)	list
NKID	Narodnyj komissariat inostrannykh del
MID	Ministerstvo inostrannykh del
Sovnarkom	Sovet Narodnykh Komissarov
Komintern	Kommunistitsjeskij Internatsional
KPSS	Kommunistitsjeskaja Partija Sovetskogo Sojuza
KGB	Komitet gosudarstvennoj bezopasnosti
VTsSPS	Vsesojuznyj tsentralnyj sovet professionalnykh sojuzov
GRU	Glavnoje razvedyvatelnoje upravlenije
KMO	Komitet molodjozhnykh organizatsij

Tillegg 3: Kjelder

Arkiv

AAB	Astrid Langseths arkiv, NKPs arkiv, 384.5 Sovjet
AVPRF	f. 0116, f. 0140, f. 07, f. 116
GARF	f. 5283, f. 9576
OVS, P-35	Sambandet Norge-Sovjetunionen
RTsKhIDNI	f. 495
TsKhSD	f. 5

Samtaler og brev

Paul Engstad, samtale, 12. desember 1996.
Harry Evjen, samtale, 24. september 1996.
Øivind Frisch, samtale, 27. september 1996.
Martin Gauslaa, samtale, 13. januar 1997.
Karl G. Gudmundsen, samtale, 25. januar 1997.
Arne Roll, brev av 1. februar 1997.

Tidsskrift og aviser

Aftenposten	Nordlys
Arbeiderbladet	Norges Handels og Sjøfarts Tidende
Bergens Tidende	Nytt Land
Dagbladet	Poljarnaja Pravda
Dagbladet Tromsø	Pravda
Daily Telegraph	Rana Blad
Farmand	Russland Idag
Finnmarken	Sør-Varanger Avis
Fri Fagbevegelse	Sovjetnytt
Friheten	Tidsskriftet Samband
Morgenbladet	VG
Nationen	Weekly News Bulletin
New Times	

Trykte kjelder

Bolsjaja Sovetskaja Entsiklopedija, Izdatelstvo Sovetskaja Entsiklopedija, Moskva 1971.

Dokument nr 15 (1995-1996). Rapport til Stortinget fra kommisjonen som ble nedsatt av Stortinget for å granske påstander om ulovlig overvåking av norske borgere (Lund-rapporten).

Friis, Jakob og Hegna, Trond (red), *Arbeidernes Leksikon*, Arbeidermagasinets forlag, Oslo 1932-1936.

Holtmark, Sven G. (red.), *Norge og Sovjetunionen 1917-1955. En utenrikspolitisk dokumentasjon*, J.W. Cappelens Forlag a.s, Oslo 1995.

Hvem er Hvem, 1930-1968.

Stortingstidende.

Litteratur

Bergh, Trond og Knut Einar Eriksen, *Storhetstid og stormkast 1955-1997*, bd. 2 i *Den hemmelige krigen. Overvåkning i Norge 1914 -1997*, Cappelen Akademisk Forlag, Oslo 1998.

Brusletto, Hanne, *Forhandlinger mellom Norge og Sovjetunionen om kraftutbygging i Pasvikelven 1945-1963. Norsk-sovjetisk brubygging under den kalde krigen*, hovedoppgave i historie, Universitetet i Oslo 1994.

Carr, E. H., *The Bolshevik Revolution 1917-1923*, bd. 1-3, London 1950, 1952, 1953.

Caute, David, *The Fellow-Travelers. Intellectual Friends of Communism*, Yale University Press, New Haven and London, 1988.

Davies, Joseph, *Missison to Moscow*, New York 1938.

Eriksen, Knut Einar og Helge Øystein Pharo, *Kald krig og internasjonalisering 1945-1965*, bd. 5 i *Norsk utenrikspolitikks historie*, Universitetsforlaget, Oslo 1997.

Evensmo, Sigurd, *Im i din tid*, Gyldendal Norsk Forlag, Oslo 1976.

Gedde-Dahl, Rasmus, *Norge og Sovjetunionen 1949-55*, hovedfagsoppgave i historie, Universitetet i Oslo, våren 1997.

Grieg, Nordahl, *Ung må verden emu være*, Gyldendal, Oslo 1938.

Grusjko, Viktor med Isak Rogde, *Mitt liv i KGB*, Gyldendal, Oslo 1995.

- Halvorsen, Martin, *Østpolitikken. Norske avspenningsbestrebelse 1962-1972*, hovedfagsoppgave i historie, Universitetet i Oslo, våren 1998.
- Halvorsen, Terje, *Mellom Moskva og Berlin. Norges Kommunistiske Parti under ikke-angrepspakten mellom Sovjet-Unionen og Tyskland 1939-1941*, Falken Forlag, Oslo 1996.
- Hollander, Paul, *Political Pilgrims. Western Intellectuals in Search of the Good Society*, Transaction, New Brunswick N.J., 1998.
- Holtmark, Sven G., *Gullet fra Moskva. Sovjetisk pengestøtte til norske kommunister 1917-1990*, IFS Info 2/1999.
- Holtmark, Sven G., "Mellom "russerfrykt" og "brobygging". Sovjetunionen i norsk utenrikspolitikk, 1940-1945", hovedoppgave i historie, Universitetet i Oslo 1988.
- Høeg, Carsten, *Indtryk og Tanker fra en Ruslandsreise*, Munksgaard, København 1949.
- Haarstad, Gunnar, *I hemmelig tjeneste. Etterretning og overvåkning i krig og fred*, Aschehoug, Oslo 1988.
- Jensen, Bent, *Stalinismens fascination og danske venstreintellektuelle*, Gyldendal, København 1984.
- Krogvik, Bård, Olav Dalgard og Just Lippe (red.), «Hva vet vi om Sovjet litteraturen?», i *Kontakt med Sovjetunionen*, Drammen 1948.
- Lie, Haakon, *De kommunistiske dekkorganisasjonene. Dagbladet og kaderpartiet*, Fram forlag, Oslo 1954.
- Lie, Haakon, *Kaderpartiet. Kommunistisk strategi og taktikk*, Fram forlag, Oslo 1954.
- Lindbæk, Lise (red.), *Vi var i Sovjet*, Falken Forlag, Oslo 1951.
- Lorenz, Einar, *Det er ingen sak å få partiet lite, NKP 1923-1931*, Pax Forlag AS, Oslo 1983.
- Lyng, John, *Mellom øst og vest. Erindringer 1965-1968*, Cappelen, Oslo 1976.
- Mastny, Wojtech, *The Cold War and Soviet Insecurity*, Oxford University Press, New York 1996.
- Nilsen, Rudolf, *Hverdagen*, Gyldendal, Oslo 1929.
- Norsk-Sovjetrussisk Samband, *Fra Leningrad til Armenia*, Falken Forlag, Oslo 1947.

- Norsk-Sovjetrussisk Samband, *Kontakt med Sovjet-Samveldet*, Oslo 1948.
- Norsk-Sovjetrussisk Samband, *Sovjet-Samveldet sett med norske øyne*, Oslo 1949.
- O'Connor, Timothy Edward, *Diplomacy and Revolution. G. V. Chicherin and Soviet Foreign Affairs, 1918-1930*, Iowa State University Press, Ames 1988.
- Pryser, Tore, *Klassen og Nasjonen (1935-1946)*, bd. 4 i *Arbeiderbevegelsens historie i Norge*, Tiden, Oslo 1988.
- Riste, Olav, "London-regjeringa". *Norge i krigsalliansen 1940-1945*, utgitt av Forsvarets krigshistoriske avdeling, Oslo 1973-1979.
- Rotihaug, Ingunn, "Sambandet Norge-Sovjetunionen 1945-1970. Kulturambassadør eller politisk reiskap?", hovedfagsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 1998.
- Rowe, Lars Erik, "Forsvaret av freden og kampen mot krigsbrannstifterne". Fred som politisk våpen i den kalde krigen 1949-1956.", hovedfagsoppgave i historie, Universitetet i Oslo, 1999.
- Russia With Our Own Eyes*, beretning fra britisk fagforeningsdelegasjon til Moskva, London 1950.
- Selznick, Philip, *The Organizational Weapon: a study of Bolshevik strategy and tactics*, McGraw-Hill, New York 1952.
- Skodvin, Magne, *Norden eller NATO? Utenriksdepartementet og allianse-spørsmålet 1947-1949*, Universitetsforlaget, Oslo 1971.
- Sommerfeldt, W. P., *Hans Majestet Kong Haakon VII. Taler 1905-1946. Et utvalg og en bibliografi*, Oslo 1947.
- Tammes, Rolf, *Oljealder 1965-1995*, bd. 6 i *Norsk utenrikspolitikk historie*, Universitetsforlaget, Oslo 1997.
- Uldricks, Teddy J., *Diplomacy and Ideology. The Origins of Soviet Foreign Relations 1917-1930*, Sage Studies in 20th Century History, Volume 9, Sage Publications, London and Beverly Hills, 1979.
- Vogt, Hans, *Stalin*, Tiden Norsk Forlag, Oslo 1946.
- Vor Rejse i Arbejder- og Bondestaten. Beretning fra den danske Fagdelegations Besøg i Sovjetunionen under revolutionens 10-Aars Jubilæum*, Arbejderforlaget 1928.
- Vronskaja, Jeanne og Vladimir Tsjugnev, *A bibliographical dictionary of the Soviet Union 1917-1988*, Saur, London 1989.

Zubok, Vladislav og Constantine Pleshakov, *Inside the Kremlin's Cold War*, Harvard University Press, Cambridge, Massachusetts 1996.

Notar

¹Då organisasjonen vart danna i 1945, vart han døypt Norsk-Sovjetrussisk Samband. På landsmotet i november 1963 vart namnet endra til Sambandet Norge-Sovjetunionen. I denne studien har eg forsøkt å oppretthalde dette skiljet. I perioden før 1963 brukar eg dessutan forkortinga NSRS ved enkelte høve. I tillegg brukar eg namnet Sambandet om organisasjonen i heile perioden 1945-1970.

²Haakon Lie, Kaderpartiet. Kommunistisk strategi og taktikk, Oslo 1954; Haakon Lie, De kommunistiske dekkorganisasjonene. Dagbladet og kaderpartiet, Oslo 1954. Kaderpartiet var bygt på boka *The Organizational Weapon av den amerikanske sosiologen Philip Selznick*, medan De kommunistiske dekkorganisasjonene var eit svar på Dagbladet sin kraftige kritikk av Kaderpartiet.

³Dokument nr. 15. Rapport til Stortinget fra kommisjonen som ble nedsatt av Stortinget for å granske påstander om ulovlig overvåking av norske borgere (*Lund-rapporten*). Avgitt til Stortingets presidentskap 28. mars 1996, s. 184.

⁴OVS, P-35: 0b, PM, 13. desember 1966, "Front og dekkorganisasjoner – utnyttelse av disse til fremme av etterretningsmessige formål." Refererer til brev frå Østkommanderande i Nord-Noreg (ØKN) til Forsvarssjefen av 2. juli 1964.

⁵Mi tilføyning.

⁶Lund-rapporten, s. 103.

⁷OVS, P-35: 0b, PM, 13. desember 1966, "Front og dekkorganisasjoner – utnyttelse av disse til fremme av etterretningsmessige formål". Refererer til brev frå ØKN til Forsvarssjefen av 2. juli 1964.

⁸Dette arkivet er også ofte omtala som MID-arkivet eller det russiske utanriksministeriets arkiv.

⁹Sven G Holtmark (red.), *Norge og Sovjetunionen 1917-1955. En utenrikspolitisk dokumentasjon*, Oslo 1995.

¹⁰I åra 1947-1949 og 1960-1970 vart Tidsskriftet Samband ikkje gitt ut.

¹¹Desse opplysningane kom fram i ei samtale med landssekretæren i Sambandet Norge-Sovjetunionen i perioden 1969-1987, Øvind Frisch, den 7. september 1996.

¹²Terje Halvorsen, *Mellom Moskva og Berlin*, Oslo 1996, s. 92; AAB, 304 LA, Astrid Langseths arkiv; "Erindringer av Sovjetunionens venners første 5 år", stensilert opptrykk.

¹³E. H. Carr, *The Bolshevik Revolution 1917-1923, bd. 1-3, London 1950, 1952, 1953.*

¹⁴Teddy Uldricks, *The Origins of Soviet Foreign Relations 1917-1930, London, ss. 47-59; Timothy Edward O'Connor, Diplomacy and Revolution. G. V. Chicherin and Soviet Foreign Affairs 1918-1930, Ames 1988.*

¹⁵Weekly News Bulletin, 1927, nr. 1, s. 4, "The history and work of VOKS"; Jeanne Vronskaja og Vladimir Tsjugnev, *A bibliographical dictionary of the Soviet Union 1917-1988, Oxford 1989. Kameneva var fodd Olga Bronstein, og var sosteren til Lev Trotskij. Etter at ektemannen Lev Kamenev vart avretta i 1936, vart også kona Olga fengsla. Ho forsvann under terroren.*

¹⁶I perioden 1921-1922 heitte denne kommisjonen Tsentralnaja komissija pomosjtsji golodajusjtsjim (TsK POMGOL) pri VTsIK. I 1922 skifta kommisjonen namn til Tsentralnaja komissija po borbe s posledstvijami goloda (TsK posledgol) pri VTsIK, for den i 1923 fekk namnet Komissija zagranitsnoej pomosjtsji pri prezidiume TsIK.

¹⁷GARF, f. 5283, op. 1, d. 67, ll. 293-301, "Kommisjonen for hjelp frå utlandet sin aktivitet år 1925".

¹⁸Sst; Weekly News Bulletin, 1927, nr. 1, s. 4, "The history and work of VOKS".

19 I 1958 vart VOKS lagt ned, og organisasjonen Sojuz sovjetskikh obsjtsjetv druzjby i kulturnoj svjazi s zarubezjnymi stranami, forkorta SSOD, dannet. Oversett til norsk er namnet på organisasjonen "Unionen av sovjetiske venskaps- og kultursamband med framande land".

²⁰Bolsjaja Sovjetskaja Entsiklopedija, bd. 5, Moskva 1971, s. 464.

²¹Weekly News Bulletin, 1927, nr. 1, ss. 3-6, "The history and works of VOKS".

²²Weekly News Bulletin, 1929, nr. 33-34, s. 1.

²³Det sovjetiske kommunistpartiet har hatt fleire namn. I perioden 1918-1925 var namnet Rossiskaja kommunistitsjeskaja partija (bolsjevikov), forkorta RKP(b). I 1925-1952 var namnet Vsesojuznaja kommunistitsjeskaja partija (bolsjevikov), forkorta VKP(b), og i perioden etter 1952 var namnet Kommunistitsjeskaja partija sovetskogo sojuza, forkorta KPSS.

²⁴Weekly News Bulletin, 1927, nr. 1, ss. 3-6, "The history and works of VOKS".

²⁵Weekly News Bulletin, 1929, nr. 33-34, s. 1.

²⁶Weekly News Bulletin, 1926, nr. 45-46, ss. 18-19.

²⁷Weekly News Bulletin, 1929, nr. 33-34, s. 4.

²⁸Nordahl Grieg, *Ung må verden ennu være, Oslo 1938.*

²⁹Paul Hollander, *Political Pilgrims, New Brunswick 1998.*

³⁰Bolsjaja Sovjetskaja Entsiklopedija, bd. 5, Moskva 1971, s. 464.

³¹Russland Idag, 1930, nr. 1, s. 1.

³²Rudolf Nilsen, *Hverdagen, Oslo 1929.*

³³AAB, 304. La, *Astrid Langseths arkiv, "Erindringer..."*

- ³⁴Russland Idag, 1930, nr. 1, s. 1.
- ³⁵Intervju med Martin Gauslaa, medlem av Sovjetunionens Venner og Sambandet Norge-Sovjetunionen, fange i Sachsenhausen under andre verdenskrigen, bror av Arne Gauslaa, 13. januar 1997.
